HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Fellesnemnd for nye Volda kommune** |
| **Møtestad:** | **Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia** |
| **Dato:** | **19.04.2018** |
| **Tid:** | **13:00** |

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

HORNINDAL

VOLDA KOMMUNE

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 12/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 13/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 14/18 | **Rapportering Nye Volda - Mars 2018** |
| PS 15/18 | **Nytt kommunevåpen for nye Volda** |
| PS 16/18 | **Oppnemning av medlem til kyrkjeleg fellesnemnd** |
| PS 17/18 | **Endringar av domstolgrenser i samband med kommunereform** |
| PS 18/18 | **Endringar av politidistriktsgrenser i samband med kommunereform** |
| PS 19/18 | **Interkommunale samarbeid om Nav og landbruk – mandat til prosess i samband med kommunesamanslåing** |
| PS 20/18 | **Kriteriar for endring av vegnamn ved kommunesamanslåing mellom Hornindal og Volda kommunar** |
| PS 21/18 | **Orienteringssaker** |
| OS 19/18 | **Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal - rev. 01.03.2018** |
| OS 20/18 | **Administrativ hovudstruktur nye Volda – endeleg handsaming** |
| OS 21/18 | **Tannhelseteneste** |
| OS 22/18 | **Haustfest** |
| OS 23/18 | **Orientering frå kontrollutvala i Hornindal og Volda** |
| OS 24/18 | **Mandat for analyse av helse og omsorgstenestetilbodet** |

**PS 12/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 13/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Kari Mette Sundgot | Arkivsak nr.: | 2018/210 |
| | | Arkivkode: | 151 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 14/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 19.04.2018 |

## RAPPORTERING NYE VOLDA - MARS 2018

**Administrasjonen si tilråding:**
Fellesnemnda tek økonomirapport pr. mars 2018 for Nye Volda til vitande

**Vedleggsliste:**

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Dette er første økonomirapport for nye Volda i 2018 som vert lagt fram for Fellesnemnda. Vi tek sikte på å legge fram ein statusrapport i møta framover.

**Saksopplysningar/fakta:**
Rapport vert lagt fram til og med mars månad. Budsjettet er periodisert der dei fleste av kostnadane er fordelt jamt pr. månad:

| Nye Volda | | | |
|---|---|---|---|
| **RAPPORTERING PR MARS 2018** | | | |
| | **Rekneskap mars 2018** | **Budsjett mars 2018** | **Åsbudsjett 2018** |
| **Inntekter** | **0** | **0** | **-1 000 000** |
| ***Lønnsutgifter*** | ***612 081*** | ***1 034 151*** | ***3 865 000*** |
| ***Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod*** | ***132 833*** | ***762 500*** | ***1 550 000*** |
| ***Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod/Overføringar*** | ***0*** | ***50 000*** | ***1 700 000*** |
| **Utgifter** | **744 914** | **1 846 651** | **7 115 000** |
| **Netto avsetjing fond** | **0** | **0** | **-6 115 000** |
| **Meirforbruk /Mindreforbruk** | **744 914** | **1 846 651** | **0** |

Som det går fram av tabellen er forbruket mindre enn forventa i budsjettet. Dette kjem mellom anna av at fleire av aktivitetane ikkje er sett i gang dei tre første månadane. Dette gjeld mellom anna kostnadar som er sett av til informasjon, datakommunikasjon, kompetanseheving og arkivkostnadar. Mindreforbruk lønn kjem av at prosessansvarleg ikkje begynte i stillinga si før mars, møtegodtgjersle ikkje er utbetalt og frikjøp HTV er heller ikkje belasta prosjektet.

Årsbudsjettet til utgifter som lønn, informasjon, datakommunikasjon, opplæring/kompetanseheving, arkiv, kjøp av tenester utgjer 7,1 mill kroner. I tillegg ligg 2 mill kroner i investeringsbudsjettet til infrastruktur.

**Vurdering og konklusjon:**
Årsbudsjettet til utgifter som lønn, informasjon, datakommunikasjon, opplæring/kompetanseheving, arkiv, kjøp av tenester utgjer 7,1 mill kroner. I tillegg ligg 2 mill kroner i investeringsbudsjettet til infrastruktur. Midlar som ikkje vert nytta i 2018 vert overført til 2019. Økonomirapporten vert lagt fram utan tilråding om å hente inn meir midlar.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ingen konsekvens

**Økonomiske konsekvensar:**
Sjå over

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen konsekvens

**Utskrift av endeleg vedtak:**

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Joakim Rødven | Arkivsak nr.: | 2017/516 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 033 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 15/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 19.04.2018 |

## NYTT KOMMUNEVÅPEN FOR NYE VOLDA

**Administrasjonen si tilråding:**
***Fellesnemnda vedtek kommunevåpen for Nye Volda kommune jamfør innstillinga frå Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk.***

***Innsendarar av vinnarforslaga til nytt kommunevåpen vert såleis premiert for si deltaking i konkurransen:***

1. ***Forslagsstillar til nummer 28 og forslagsstillar til nummer 26 vert høvesvis kåra til nummer 1 og nummer 2 i den utlyste konkurransen.***
2. ***Den fastsette vinnarpremien i konkurransen på 25 000 kroner vert å dele på vinnaren (nr. 28) og forslagsstillar nr 26 slik at nr. 28 får kr 15 000 og nr. 26 kr 10 000.***

**Vedleggsliste:**
1. Innstilling til nytt kommunevåpen frå Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk
2. Møtereferat frå Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk datert 12.03.2018

**Samandrag av saka:**
Under møtet i Fellesnemnda 16.11.2017 la temakomiteen fram sitt forslag til kva det nye kommunevåpenet skulle ta utgangspunkt i den eksisterande pennesplitten i Volda kommune og dei eksisterande ljåblada i Hornindal kommune. Ein samrøystes komité gjekk inn for forslag

med eit kombinert symbol med pennesplitten omrissa av to ljåblad. Intensjonen vidare var å vidareutvikle dette forslaget, slik at profilen var i samsvar med gode heraldiske retningslinjer.

I justeringa av det føreslegne alternativet (forslag nummer 28) har temakomiteen innhenta rådgjeving frå heraldikarane Hans Cappelen og Arvid Sveen, som begge har tilknyting til Norsk Heraldisk Foreining. Med faglege tilpassingar frå Sveen har temakomiteen landa på eit endeleg forslag til nytt kommunevåpen, som ligg vedlagt i denne saka.

**Saksopplysningar/fakta:**
Stortinget gjorde 11. desember 2017 eit vedtak om å endre prosedyrane for handsaming av nye kommunevåpen og -flagg, slik nye våpenskjold og kommuneflagg ikkje lenger krev godkjenning frå kongen i statsråd. No er det det kommunane sjølve som har høve til å vedta nye kommunevåpen.

**Vurdering og konklusjon:**
I si grunngjeving for val av motiv, var det ei samla vurdering av Temakomité for nytt kommunenamn og heraldikk om at forslaget med nummer 28 er det beste av dei aktuelle innkomne forslaga.

Forslag nr 28 peika ifølgje temakomiteen seg ut både ved ein god og lett attkjennande symbolikk og med ei vellukka utforming. Vidare argumenterer komiteen for at dette alternativet også er det forslaget, av dei aktuelle innsende forslaga, som på beste måte sidestiller og likestiller dei to kommunane ved at dei to symbola er sette saman som ein heilskap.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Prosjektleiar for Nye Volda
Kommunikasjonsrådgjevar
Forslagsstillarar
Temakomité for nytt kommunenamn og heraldikk v. leiar Jon Tvinnereim
Riksarkivet


A

**Møtereferat 17**

# Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Volda rådhus
Tid: måndag 12.03. kl 19.00 – 21.30

Til stades:
Kari Hasle
Siv Madeleine Kristensen
Rolf Taraldset
Odd A. Folkestad
Jon Tvinnereim

a. Innkalling til møtet vart samrøystes godkjent.
b. Utkast til referat frå førre møtet, 12.02.18, vart godkjent med retting av pkt.6c der det står: «Før møtet i Fellesnemnda 6. september 2018 leverer Heraldikknemnda ferdig forslag til ordførarkjede for Nye Volda».
   Det rette er at ferdig forslag frå Heraldikknemnda til ordførarkjede for Nye Volda kan leverast til Fellesnemnda før møtet **1.11. 2018**.

1. **Vurdering av justeringsforslaga til kommunevåpen for Nye Volda frå Arvid Sveen Nye Volda**.
   På oppmoding av leiaren hadde Odd A. Folkestad fått laga vektoriserte teikningar av dei to forslaga til justeringar frå Arvid Sveen (kalla A og B).

   Medlemmane Siv Kristensen og Rolf Taraldset påpeika at ljåane i vinnarforslaget ikkje er så attkjennande for Hornindal når dei står loddrett. Taraldset la fram eit utkast der dei loddrette ljåane i vinnarforslaget vart reduserte i storleik og flytta noko ned i høve til pennesplitten. I tillegg vart det plassert ein ekstra ljå vassrett over, slik som i eksisterande kommunevåpen for Hornindal.
   Det vart i drøftinga hevda at skissa frå Rolf Taraldset var ein ny figur og ikkje ei «justering» i vinnarforslaget, og at det ikkje etter tilrådinga frå Heraldikknemnda som vart overlevert Fellesnemnda 16.11.2017, var høve til å kome med nye forslag.

   Det vart halde prøverøysting over dei to justeringsforslaga frå Arvid Sveen, A og B:
   Utfallet vart slik:
   Alternativ A: 3 røyster for, 2 blanke røyster
   Alternativ B: Ingen røyster

   Ved endeleg røysting vart resultatet det same: 3 røysta for alternativ A, 2 røysta blankt. Ingen røysta for alternativ B.

Medlemmane Siv Kristensen og Rolf Taraldset hadde denne protokolltilførselen:
*Det er ynskjeleg at ljåmotivet vert gjort meir gjenkjnneleg for Hornindal. Same motivet men med ein ekstra ljå over.*

***Dermed tilrår fleirtalet i Heraldikknemnda å bruke alternativ A, som er vinnarforslaget i konkurransen justert av Arvid Sveen, som kommunevåpen for Nye Volda.***
Merk: Teikningar av alternativ A i full storleik og i «brevformat» vert sende i eigen mail.

2. **Forslag til motiv på medaljongane i den nye ordførarkjeda.**

Det var semje i nemnda om å bruke liljekonvallmotivet som gjennomgåande bindelekkar mellom medaljongane, slik det er i ordførarkjeda for Hornindal.

Moglege motiv på j vart nemnde, og kvar medlem kom med forslag, dels eigne forslag, og dels innhenta forslag frå andre. Det var semje om at det er viktig å få med motiv som kan vere felles for dei to kommunane.
Her er dei nemnde forslaga utan nærare prioritering:

Ambolt
Bok
Båt
Dei to noverande kommunevåpena
Fele
Fjellet Honndalsrokken
Fjellet Toren eller Torane
Fyrtårn
Høvel
Klinkbygd båt
Kvivsbrua
Idrettsmotiv (hopp/fotball)
Svor-museet
Vevstol

Desse forslaga blir drøfta på komande møte i Heraldikknemnda. Det same gjeld utteikning av motiva og framdrifta av arbeidet vidare.

Randabygda 14.03.2018

Referent

Jon Tvinnereim

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Joakim Rødven | Arkivsak nr.: | 2018/597 |
| | | Arkivkode: | 001 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 16/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 19.04.2018 |

**OPPNEMNING AV MEDLEM TIL KYRKJELEG FELLESNEMND**

**Administrasjonen si tilråding:**
**Syner til møteprotokoll i den kyrkjelege fellesnemnda for Nye Volda frå 26. februar 2018 at den kommunale fellesnemnda oppnemner éin representant til å sitje i den kyrkjelege fellesnemnda.**

**Vedleggsliste:**
1. Protokoll frå møte i Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda måndag 26. februar 2018
2. Framlegg til Mandat for kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda

**Samandrag av saka:**

**Saksopplysningar/fakta:**

**Vurdering og konklusjon:**

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Den kyrkjelege fellesnemnda for Nye Volda
Fellesnemnda for Nye Volda kommune

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Kyrkjelege fellesnemnd**
**for Nye Volda**

**Besøksadresse:**
Volda kyrkjekontor
Rådhusgata 6a
**Postadresse:**
Postboks 17, 6101 Volda
**Tlf:** 70 07 40 90   48894147 (prosjektleiar)
**E-post:** kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

# Protokoll frå møte i Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda måndag 26. februar 2018 kl. 17:00 -19:00 på Smia, Grodås

**Til stades:**

| | | |
|---|---|---|
| Elsa Aslaug Ommedal | Anne Lødemel | Ingunn Johanne Løset |
| Brynhild Lund Notøy | Honningsvåg | Ella Vasskog |
| | Jørgen Holte | Ingeborg Matre |

**Sakliste:**

## KFNV 01/2018: Konstituering, val av leiar og nestleiar

Framlegg til vedtak:

1. Ved kontitueringa av Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda gjorde fellesenmda følgjande val:
    - Leiar:
    - Nestleiar:

2. Fellesnemnda oppmoder den kommunale fellesnemda om å oppneme ein represenatant til kyrkjeleg fellesnemnd

3. Fellesnemnda bed fellesråda oppnemne to vararepresentar til fellesnemnda

Møtehandsaming:
Det kom framlegg om Jørgen Holte som leiar og Brynhild Lund Notøy som nestleiar.

Det viste seg at Hornindal fellesråd har valt tre av sine medlemmer som representantar til fellesnemndna. Kristine Helsesen Haugen møte som Hornindal sin tredje representant i fellesnemnda. Kyrkjeverja vil framleis møte med tale og forslagsrett.

**Vedtak, samrøystes:**

1. **Ved kontitueringa av Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda gjorde fellesenmda følgjande val:**
    - **Leiar: Jørgen Holte**
    - **Nestleiar: Brynhild Lund Notøy**

2. **Fellesnemnda oppmoder den kommunale fellesnemda om å oppneme ein represenatant til kyrkjeleg fellesnemnd**

3. **Fellesnemnda bed fellesråda oppnemne ein vararepresentar kvar til fellesnemnda.**

4. **Fellesnemnda tek til vitande at Kristine Helgesen Haugen er tredje representant frå Hornindal fellesråd**

## KFNV 02/2018 Mandat for fellesnemenda

Kyrkjeverja i Volda presenterte framlegg til Mandat for fellesnemnda i møtet

**Vedtak, samrøystes:**

1. **Fellesnemnda gjev si tilslutting til framlegget**

2. **Framlegget vert sendt over til fellesråda for godkjenning**

## KFNV 03/2018 Prosjektleiar

Framlegg til vedtak:

1. Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda ber om at kyerkjeverja i Volda vert frikjøpt i 20% stilling for å fungere som prosjektleiar for det kyrkjeleg omstillingsarbeidet i perioden 01.03.2018 – 31.12.2019

2. Midlar til frikjøp vert innarbeidd i kyrkjeleg fellesnemnd sitt budsjett for 2018 og 2019 som ei overføring til Volda kyrkjeleg fellesråd

**Vedtak, samrøystes:**

1. **Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda ber om at kyerkjeverja i Volda vert frikjøpt i 20% stilling for å fungere som prosjektleiar for det kyrkjeleg omstillingsarbeidet i perioden 01.03.2018 – 31.12.2019**

2. **Midlar til frikjøp vert innarbeidd i kyrkjeleg fellesnemnd sitt budsjett for 2018 og 2019 som ei overføring til Volda kyrkjeleg fellesråd**

## KFNV 04/2018 Deltaking på KA sine samlingar for prosjektleiarar

Framlegg til vedtak:

1. Kyrkjeleg fellesnemd går inn for at prosjektleiar tek del på KA sine samlingar: «Prosjektledersamlinger - Nye kommuner, nye fellesråd»

2. Deltakaravgift og reiseutgifter vert innarbeidd i budsjettet for 2018 og 2019

**Vedtak, samrøystes:**

1. **Kyrkjeleg fellesnemd går inn for at prosjektleiar tek del på KA sine samlingar: «Prosjektledersamlinger - Nye kommuner, nye fellesråd»**

2. **Deltakaravgift og reiseutgifter vert innarbeidd i budsjettet for 2018 og 2019**

## KFNV 05/2018 Budsjett 2018

Framlegg til vedtak:

Framlegget til budsjett for kyrkjeleg fellesnemnd 2018-2019, datert 24.02.2018, vert godkjend

**Vedtak, samrøystes:**

**Framlegg til budsjett for kyrkjeleg fellesnemnd 2018-2019, datert 24.02.2018, vert godkjend**

## KFNV 06/2018 Søknad om prosjektmidlar for utvikling av IKT

Framlegg til vedtak:

1. Fellesnemnda ber om at det vert førebudd søknad til kommunal fellesnemnd om prosjektmidlar for utvikling av IKT i kyrkja i Nye Volda.

2. Søknaden vert å handsame i kyrkjeleg fellesnemnd før han vert sendt over til kommunal fellesnemnd.

**Framlegg til vedtak:**

1. **Fellesnemnda ber om at det vert førebudd søknad til kommunal fellesnemnd om prosjektmidlar for utvikling av IKT i kyrkja i Nye Volda.**

2. **Søknaden vert å handsame i kyrkjeleg fellesnemnd før han vert sendt over til kommunal fellesnemnd.**

## KFNV 07/2018 Møteplan

Sak KFNV 07/2018 kom som eventueltsak i møtet på bakgrunn av behovet for å fastsette ein møteplan for fellesnemnda

**Vedtak, samrøystes:**

**Kyrkjeleg fellesnemnd har fastsett følgjande møteplan:**

**Onsdag 25. april kl 14:00 - 16:00 på Volda kyrkjekontor**
**Måndag 18. juni kl. 14:00 – 16:00 på Smia, Grodås**
**Onsdag 22. august kl. 14:00 – 16:00 på Volda kyrkjekontor**

**DEN NORSKE KYRKJA**
**Kyrkjeleg fellesnemnd**
**for Nye Volda**

# Framlegg til
# Mandat for kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda

Hornindal og Volda kyrkjelege fellesråd gjev Kyrkjeleg fellesnemnd for Nye Volda (Fellesnemnda) i oppdrag å førebu eitt nytt samanslått kyrkjeleg fellesråd for Volda kommune som skal vere operativt frå 01.01.2020.

Fellesnemnda si funksjonstid går frå dette mandatet er vedteke i begge fellesråda til 1. desember 2019.

I arbeidet sitt skal Fellesnemnda legggje vekt på å:
- ivareta rammevilkåra for kyrkjeleg verksemd i alle dei fem involverte sokna på ein best mogleg måte
- etablere ein så tenleg og effektiv organisasjon som mogleg
- ta vare på dei kyrkjeleg tilsette i omorganiseringsprosessen
- gjennomføre ein open omorganiseringsprosess
- ha gode relasjonar til sokneråda, kommunane, prestetenesta og dei tilsette

For å kunne gjennomføre dette får Fellesnemnda følgjande fullmakter:

**1. Tilsetjingar**
- Fellesnemnda har fullmakt til å tilsette/engasjere prosjektleiar
- Fellesnemnda har fullmakt til å tilsette kyrkjeverje for det nye fellesrådet frå 01.12.2019

Ved behov for nytilsetjingar og endringar i stillingsstrukturen i dei to fellesråda i prosjektperioden skal Fellesnemnda gje si fråsegn før vedtak vert fatta. Dette for å sikre ein tenleg stillingsstruktur og bemanning inn i ny organisasjon.

**2. Prosjektperioden**
- Fellesnemnda fastset prosjektplan og framdriftsplan for arbeidet fram til 2020
- Fellesnemnda fastset budsjett for bruken av midlane kommunal fellesnemnd har tildelt det kyrkjelege omorganiseringsarbeidet
- Fellesnemnda kan etablere arbeidsgrupper ved behov

**3. Økonomi/eigedom**
- Fellesnemnda har fullmakt til å samordne og organisere det nye fellesrådet sin økonomi inkludert betalingssatsar og avgifter
- Fellesnemnda vel økonomisystem og revisor for det nye fellesrådet
- I prosjektperioden ligg økonomiforvaltning, arbeidsgjevaransvar og arkivansvar for Fellesnemnda til Volda kyrkjelege fellesråd
- Fellesnemnda fastset budsjett for 2020 og framlegg til økonimiplan 2020-2024
- Fellesnemnda har fullmakt til å inngå nye tenesteytingsavtalar med Kommunal fellesnemnd for Nye Volda
- Fellesnmenda har fullmakt til å reforhandle, seie opp og evt. inngå nye avtalar med tenesteleverandørar på område som IKT, reinhald, renovasjon, kraft, forsikring o.a.
- Fellesnemnda har fullmakt til å seie opp og inngå leigeavtalar som er tenlege for det nye fellesrådet
- Fellesnemnda utarbeider ein plan for endringar i grunnbøkene

4. **Gravferdsforvaltning**
    - Fellesnemnda skal gå gjennom og samordne organiseringa av gravferdsforvaltninga
    - Fellesnemnda skal avklare ressursbehov for drifta av gravplassane som eit grunnlag for å inngå ny tenestetyringsavtale med Nye Volda kommune på dette området

5. **Personal**
    - Fellesnemnda har fullmakt til å fastsette bemanningsplan for det nye fellesrådet frå 01.01.2020
    - Fellesnemnda gjennomfører verksemdsoverdraging jf. Arbeidsmiljøloven kap. 16 og inngår nye arbeidsavtalar med dei tilsette.
    - Fellesnemnda etablerer ordningar for medbestemmelse knytt til omorganiseringsarbeidet i prosjektperioden jf. reglane i Hovudavtalen.
    - Fellesnemnda avtaler tillitsvaltordning og struktur for vernetenesta/HMS-rutiner for det nye fellesrådet, inkludert avtale med bispedømerådet om samordning av vernetenesta.

6. **Organisasjon**
    Fellesnemnda har fullmakt til å fastsette det nye fellesrådet sin organisasjonsplan, som:
    - Administrative einingar og delegasjon til desse
    - Intern saksgang for administrative saker
    - Lokalisering av kyrkjekontor
    - Avklaring av forholdet mellom fellesrådet og soknepåda sine oppgåver og ansvar
    - Tenestestad for tilsette pr. 01.01.2020
    - Reglement og vedtekter

7. **Samarbeid, kultur og kommunikasjon**
    - Fellesnemnda skal arbeide for å etablere ein felles organisasjonskultur mellom alle rådsmedlemmer og tilsette
    - Fellesnemnda skal i heile prosjektperioden syte for god informasjon til fellesråd, sokneråd og tilsette
    - Kopi av innkallinger og saksdokument til fellesnemnda sine møte og protokollar frå desse møta vert å sende medlemmer av dei involverte fellesråda og sokneråda, tilsette, prestane, revisorar, prosjektleiar for Nye Volda kommune, rådmenn og ordførarar til orientering
    - Fellesnemnda skal vere merksam på prestetenesten i det nye fellesrådsområdet og bidra til godt samarbeid med prosten og bispedømekontoret
    - Fellesnemnda skal arbeide for eit godt samarbeid med Nye Volda kommune og etablere rutiner for drøfting av og informasjon om aktuelle tema undervegs i omorganiseringsarbeidet.

Avgjersler knytt til omorganiseringsprosessen som ikkje fellesnemnda har fått fullmakt til å ta må bli avgjort av Hornindal og Volda kyrkjelege fellesråd gjennom likelydande vedtak. Dette gjeld òg eventuelle justeringar av mandatet.

**26.02.18 - JS**

*Framlegget vart handsama av KFNV i møtet 26.02.2018 og sendt over til fellesråda i Hornindal og Volda for godkjenning.*

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Joakim Rødven | Arkivsak nr.: | 2018/582 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 023 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 17/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 19.04.2018 |

## ENDRINGAR AV DOMSTOLGRENSER I SAMBAND MED KOMMUNEREFORM

**Administrasjonen si tilråding:**
**Fellesnemnda tilrår sterkt at den nye Volda kommune skal høyre til Søre Sunnmøre tingrett med sete i Volda, og sender førespurnad om dette til Domstolsadministrasjonen.**

**Vedleggsliste:**

1. Uttale frå Fylkesmannen om handtering av ulik domstolstilhøyring ved kommunesamanslåing

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Tilbakemeldingane frå Justis- og beredskapsdepartementet har vore at i dei tilfella det oppstår spørsmål om kva for ein tingrett den nye samanslegne kommunen skal sokne til når kommunane som vert slått saman høyrer inn under ulike tingrettar, vil departementet endeleg avklare dette i samråd med Domstoladministrasjonen når samanslåingstidspunktet nærmar seg.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal føreslår derfor overfor nye Volda kommune at det vert sendt ein førespurnad til Domstoladministrasjonen med eit ønske om kva for ein av dei to tingrettane som er føretrekt.

**Saksopplysningar/fakta:**
Etter forskrift om domssogn- og lagdømmeinndeling §§ 7 og 8 høyrer Hornindal og Volda til ulike domssogn: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-03-04-213

Jamfør § 7, punkt d, høyrer Volda kommune til Søre Sunnmøre tingrett, med sete i Volda.
Jamfør § 8 høyrer Hornindal til Sogn og Fjordane tingrett.

**Vurdering og konklusjon:**

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Domstoladministrasjonen
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no] Sendt: 05.03.2018 12:22:19 Til: Joakim Rødven Tittel: VS: Domssogn og kommunesammenslåing

Ber om at e-posten frå Fylkesmannen vert sendt ut som orienteringssak til fellesnemnda til møte 19. april.


***Rune Sjurgard***
*Rådmann*

*Mobil 90053752*
*www.volda.kommune.no*


---

**Fra:** Brevik, Frida Farstad [mailto:fmmrfrje@fylkesmannen.no]
**Sendt:** onsdag 28. februar 2018 14:45
**Til:** Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>
**Emne:** Domssogn og kommunesammenslåing

Hei Rune,
Oversender denne informasjonen.

Etter forskrift om domssogn- og lagdømmeinndeling §§ 7 og 8 tilhører Hornindal og Volda ulike domssogn.

https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-03-04-213

§ 7.*Møre og Romsdal fylke* har domssognene
a) *Nordmøre tingrett*, med sete i Kristiansund og som dekker kommunene
Kristiansund, Averøy, Tingvoll, Sunndal, Surnadal, Rindal, Aure, Halsa, Smøla, Gjemnes og Eide.
b) *Romsdal tingrett*, med sete i Molde og som dekker kommunene
Molde, Rauma, Nesset, Midsund, Sandøy, Aukra, Fræna og Vestnes.
c) *Sunnmøre tingrett*, med sete i Ålesund og som dekker kommunene
Ålesund, Ulstein, Hareid, Ørskog, Norddal, Stranda, Stordal, Sykkylven, Skodje, Sula, Giske og Haram.
d) *Søre Sunnmøre tingrett*, med sete i Volda og som dekker kommunene
Volda, Vanylven, Sande, Herøy og Ørsta.

§ 8.*Sogn og Fjordane fylke* har domssognet
*Sogn og Fjordane tingrett*, med sete i Førde og Sogndal og som dekker kommunene
Førde, Flora, Askvoll, Fjaler, Gaular, Jølster, Naustdal, Bremanger, Solund, Hyllestad, Høyanger, Hornindal, Gloppen, Stryn, Selje, Vågsøy, Eid, Sogndal, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Vik, Balestrand og Leikanger.

Til din orientering så har departementet svart dette på vårt spørsmål om hvordan man løser at to kommuner tilhører ulike domssogn ved kommunesammenslåing:

*Justis- og beredskapsdepartementet følger fortløpende opp at de kommende kommunesammenslåingene gjenspeiles i forskrift 4. mars 2016 om domssogn og lagdømmeinndeling (domssognsforskriften).*

*For det tilfelle at det oppstår spørsmål om hvilken tingrett den nye sammenslåtte kommunen skal sogne til når de sammenslåtte kommunene hører inn under ulike tingretter, vil departementet endelig avklare dette i samråd med Domstoladministrasjonen når sammenslåingstidspunktet nærmer seg. Jeg foreslår at de aktuelle kommunene retter en henvendelse til Domstoladministrasjonen med sitt ønske om hvilken av de to tingrettene de foretrekker og så tar vi det derfra.*

Med vennlig hilsen


**Frida Farstad Brevik**
Seniorrådgiver

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**
Postboks 2025, 6404 Molde

Tlf. 712 58 451, mobil: 976 47 729
E-post: frida.farstad.brevik@fylkesmannen.no
Web: www.fylkesmannen.no/mr

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Joakim Rødven | Arkivsak nr.: | 2015/2122 |
| | | Arkivkode: | 023 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 18/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 19.04.2018 |

## ENDRINGAR AV POLITIDISTRIKTSGRENSER I SAMBAND MED KOMMUNEREFORM

**Administrasjonen si tilråding:**
**Fellesnemnda sluttar seg til førebels konklusjon frå Politidirektoratet om at den nye kommunen vert lagt til Møre og Romsdal politidistrikt.**

**Vedleggsliste:**
1. Høyringsbrev – Endringar av politidistriktsgrenser
2. Polititenesta i nye Volda kommune

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Som ei følgje av endringar i kommunestrukturen, skal politidirektoratet gjere endringar av politidistriktsgrensene. Jamfør politilova §§ 16 og 17 skal politidistrikta dekke heile kommunar, og sidan Hornindal-delen og Volda-delen per i dag høyrer til to ulike distrikt, må grensa justerast frå og med 01.01.2020.

Av dei kommunesamanslåingane som trer i kraft frå og med 2020 er det fire samanslåingar som per i dag har kommunar i to ulike politidistrikt, der Hornindal og Volda er eitt av tilfella.

Forslaget som politidistriktet har ute på høyring føreslår at den nye kommunen høyrer til Møre og Romsdal politidistrikt, ettersom kommunen vil liggje i Møre og Romsdal fylke etter samanslåinga.

**Saksopplysningar/fakta:**

**Vurdering og konklusjon:**
Ifølgje politidirektoratets utgreiing er det av omsyn til praktisk tilgang og leveranse av polititenester mest høveleg å leggje den nye kommunen til Møre og Romsdal distrikt. Dette på grunn av at majoriteten av befolkinga har kortast reiseavstand til Volda og Ørsta lensmannskontor, samt at ved tyngre saker er det best kapasitet ved, og kortast reiseveg frå, Ålesund politistasjonsdistrikt.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Politidirektoratet
Møre og Romsdal politidistrikt
Vest politidistrikt

POLITIET
POLITIDIREKTORATET

**Se adresseliste**

**NATIONAL POLICE DIRECTORATE**

| Deres referanse: | Vår referanse: | Sted, Dato |
| --- | --- | --- |
| | 201705106-3 | Oslo, 30.1.2018 |

## HØRINGSBREV - ENDRINGER AV POLITIDISTRIKTSGRENSER

Politidirektoratet sender med dette på høring forslag til endringer av politidistriktsgrenser som følge av endringer i kommunestrukturen.

### 1. Bakgrunn

Politiet etablerte 1.1.2016 12 nye politidistrikter etter Stortingets behandling av nærpolitireformen, Innst. 306S (2014-2015), jf. Prop. 61 LS (2014-2015).

Gjennom Stortingets behandling av Innst. 386 S (2016-2017), jf. Prop. 96 S (2016-2017) om endringer i kommunestrukturen, ble det vedtatt flere kommunesammenslåinger som krever justering av politidistriktsgrensene.

Som følge av politiloven §§16 og 17 skal politidistriktene dekke hele kommuner. Fire av de nye kommunene etableres 1.1.2020 på tvers av eksisterende politidistriktsgrenser:
- Nye Tjeldsund kommune, ved sammenslåing av Skånland og Tjeldsund kommuner
- Nye Asker kommune, ved sammenslåing av Asker, Røyken og Hurum kommuner
- Nye Volda kommune, ved sammenslåing av Volda og Hornindal kommuner
- Nye Heim kommune, ved sammenslåing av Hemne, deler av Snillfjord og Halsa kommuner

Det vises videre til Innst. 385 S (2016-2017), jf. Prop. 84 S (2016-2017) for nye fylkesgrenser gjennom regionreformen.

Politidirektoratet har fått i oppdrag av Justis- og beredskapsdepartementet å anbefale hvilke politidistrikter de nye kommunene skal tilhøre. Endelig beslutning om justering av politidistriktsgrensene vil fastsettes ved kgl.res, jf. politiloven § 16, første ledd, femte punktum.

Politidirektoratet sender med dette forslag til distriktstilhørighet for de aktuelle nye kommunene på høring.

**Politidirektoratet**

Tlf. 23 36 41 00 Org.nr.: 982 531 950
Post: Postboks 8051 Dep., 0031 Oslo Faks: 23 36 42 96 Giro: 7694.05.02388
Besøk: Fridtjof Nansens vei 14/16 E-post: politidirektoratet@politiet.no www.politi.no

Når yttergrensene for politidistriktene er fastsatt vil det bli behov for en ny gjennomgang og tilpasning av politidistriktenes indre organisering i namsmannsdistrikter og/eller politistasjons- og lensmannsdistrikter. Dette arbeidet vil innebære beslutning om hvilke lensmanns- og politistasjonsdistrikter som skal dekke de fire overnevnte kommunene, men også hvordan politiet skal tilpasse sin organisasjon til øvrige kommunesammenslåinger som går over grenser for lensmanns- og politistasjonsdistrikter. Kommunene vil bli involvert i dette arbeidet gjennom det enkelte politidistrikt. Tjenestemannsorganisasjonene i politiet vil bli involvert i medhold av Hovedavtalen.

Denne gjennomgangen vil ikke berøre de 225 tjenestestedene som ble vedtatt av Politidirektoratet og Justis- og beredskapsdepartementet i 2017. De mål, oppgaver og kvalitetskrav som har ligget til grunn for utviklingen av politiets lokale struktur ligger fast, jf. Innst. 306S (2014-2015), jf. Prop. 61 LS (2014-2015), kapittel 11.4.

## 2. Forslag til politidistriktstilhørighet for nye kommuner

Politidirektoratet inviterer til høringsinnspill til følgende forslag til distriktstilhørighet for de aktuelle nye kommunene:

| Kommune | Politidistrikt |
|---|---|
| Tjeldsund | Troms politidistrikt |
| Asker | Oslo politidistrikt |
| Volda | Møre og Romsdal politidistrikt |
| Heim | Trøndelag politidistrikt |

## 3. Politidirektoratets vurdering

### Grunnlag

Politidirektoratet forslag bygger på en overordnet vurdering av følgende kriterier:

Kommunens nye fylkestilhørighet
Politidirektoratet mener det bør være et prinsipp at politidistriktene i størst mulig grad bør følge fylkesgrensene. Dette ble også lagt til grunn av Justis- og beredskapsdepartementet i Prop. 61 LS (2014-2015). Likhet i yttergrenser vil forenkle samarbeid mellom fylkeskommunene/fylkesmennene og politiet, spesielt innenfor beredskapsområdet.
Stortingets vedtak knyttet til kommune- og regionreformen ga beslutning om endringer på kort sikt, frem mot 1.1.2020. Politidirektoratet registrerer muligheten for flere kommunesammenslåinger som kan føre til ytterligere justeringer av fylkesgrenser på lengre sikt, men har ikke sett å kunne legge slike muligheter til grunn for vurderingene i denne omgang.

Praktisk tilgang og leveranse av polititjenester
Alternative distriktstilhørigheter for nye kommuner vil kunne ha betydning for hvordan politiet i praksis kan levere sine tjenester. I denne sammenheng vil det foretrekkes løsninger der kommunene legges til det distriktet hvor det er kortest reisevei mellom kommunen og tyngdepunkter for politiets

tilstedeværelse. Dette er typisk byer og større tettsteder hvor politiet også normalt har god kapasitet og kompetanse.

Endrings- og omstillingsbehov
Alternativene for kommunenes distriktstilhørighet vil kunne innebære ulikt endrings- og omstillingsbehov for politiet, og derigjennom ulike kostnadskonsekvenser og gjennomføringstid for å tilpasse politiets organisasjon. Det er derfor ønskelig med løsninger der kommunene legges til politidistrikter der endringen i minst mulig grad krever større omorganiseringer, ny innplassering av personell, endring av IKT-systemer og eventuelle bygningstiltak.

**Nye Tjeldsund kommune, ved sammenslåing av Skånland og Tjeldsund kommuner**
Skånland kommune har om lag 3050 innbyggere, tilhører i dag Troms politidistrikt og inngår i Harstad politistasjonsdistrikt med Harstad politistasjon som administrasjonssted. Tjenestestedet på Evenskjer ble vedtatt avviklet ved beslutning 13. januar 2017.
Tjeldsund kommune har om lag 1250 innbyggere, tilhører i dag Nordland politidistrikt og inngår i Ofoten politistasjonsdistrikt med Narvik som administrasjonssted. Det er ikke eget tjenestested i Tjeldsund kommune.

Alternative distriktstilhørigheter er Troms politidistrikt og Nordland politidistrikt.

Fylkestilhørighet
Den nye kommunen skal tilhøre Troms fylke.

Praktisk tilgang og leveranse av polititjenester
Den nye kommunen vil ikke ha faste politilokasjoner. Harstad politistasjon og Narvik politistasjon er nærmeste større tjenestesteder, og vil kunne dekke polititjenestene i den nye kommunen. Avstanden fra kommunen til Narvik er imidlertid betydelig lengre enn avstanden til Harstad. Politidirektoratet vurderer derfor at polititjenestene i kommunen best kan leveres ved tilknytning til Troms politidistrikt.

Endrings- og omstillingsbehov
Både Tjeldsund og Skånland er forholdsvis små kommuner og ingen av disse vil ha eget tjenestested. De ligger i ytterkant av sine nåværende politistasjonsdistrikter og anses begge å kunne skilles ut fra disse uten vesentlige ringvirkninger for øvrig organisering av politistasjonsdistriktene. Politidirektoratet anser derfor at den nye kommunen vil medføre begrenset endrings- og omstillingsbehov for politiet uavhengig av hvilket politidistrikt som skal ha ansvar for polititjenestene.

Politidirektoratets foreløpige konklusjon
Politidirektoratet vurderer foreløpig at den nye kommunen, ved sammenslåing av Skånland og Tjeldsund kommuner bør legges under Troms politidistrikt. Politidistriktsgrensen vil i så fall følge fylkesgrensen i området og kommunen anses best å kunne understøttes fra politiressursene i Harstad.

**Nye Asker kommune, ved sammenslåing av Asker, Røyken og Hurum kommuner**
Asker kommune har om lag 61000 innbyggere, tilhører i dag Oslo politidistrikt og inngår i Asker politistasjonsdistrikt med Asker politistasjon som tjenestested.
Røyken kommune har om lag 22300 innbyggere. Hurum har om lag 9450 innbyggere.

Røyken og Hurum kommuner inngår i Drammen politistasjonsdistrikt med Drammen politistasjon som administrasjonssted. Røyken og Hurum lensmannskontor ligger i Røyken kommune.

Alternative distriktstilhørigheter for nye Asker kommune er Sør-Øst politidistrikt eller Oslo politidistrikt.

Den nye regioninndelingen, der Buskerud fylkeskommune, Akershus fylkeskommune og Østfold fylkeskommune blir slått sammen fra 1. januar 2020, gir en ganske annerledes inndeling enn politidistriktene i området. Akershus fylke er i dag delt mellom Oslo politidistrikt og Øst politidistrikt, der Asker og Bærum kommune tilhører Oslo politidistrikt, og de øvrige kommunene inngår i Øst politidistrikt sammen med Østfold fylke. Buskerud fylke tilhører Sør-Øst politidistrikt sammen med Vestfold og Telemark fylker.

Politidirektoratet finner ikke tiden moden for en omfattende revurdering av politidistriktsinndelingen på Østlandet i denne omgang. Direktoratet mener likevel at når spørsmålet om nye Asker kommunes distriktstilhørighet skal behandles, bør dette ses i sammenheng med Bærum kommune. Asker og Bærum utgjorde et eget politidistrikt frem til 31.12.2015 og inngår i dag i samme geografiske driftsenhet.

Et ytterligere alternativ blir derfor å innlemme både nye Asker kommune og Bærum kommune i Sør-Øst politidistrikt.

<u>Fylkestilhørighet</u>
Den nye kommunen skal tilhøre region Viken, bestående av dagens Akershus, Østfold og Buskerud fylker.

Det synes ikke å være aktuelt å la politidistriktsgrensene fullt ut følge fylkesgrenser på Østlandsområdet i overskuelig fremtid. Alternativer der nye Asker kommune legges til enten Sør-Øst politidistrikt eller til Oslo politidistrikt, vil begge medføre at region Viken dekkes av tre forskjellige politidistrikter; Oslo, Sør-Øst og Øst politidistrikter. Et alternativ der både nye Asker kommune og Bærum kommune legges til Sør-Øst politidistrikt, vil forenkle bildet noe, ved at region Viken i så tilfelle dekkes av to forskjellige politidistrikter; Sør-Øst og Øst politidistrikter.

Regjeringen foreslo i Prop. 61 LS (2014-2015) å legge Asker og Bærum kommuner til Sør-Øst politidistrikt. Stortinget besluttet imidlertid å legge kommunene til Oslo politidistrikt.

<u>Praktisk tilgang og leveranse av polititjenester</u>
Den nye kommunen vil ha to faste politilokasjoner; Asker politistasjon, og Røyken og Hurum lensmannskontor.

Dette innebærer at nye Asker kommune vil ha relativt god tilgang til polititjenester lokalt. Det lokale politiet kan i tillegg understøttes både fra Drammen (Sør-Øst politidistrikt) og fra politiet i Oslo og Bærum (Oslo politidistrikt), begge innenfor relativt korte reiseavstander. Politiet i Oslo politidistrikt har imidlertid større kapasitet enn politiet i Drammen, som i tillegg må være forberedt på å understøtte polititjenesten i flere andre kommuner tillegg.

Oslo politidistrikt har størst mulighet for å understøtte den nye kommunen operativt. Samtidig vil løsninger der den nye kommunen knyttes til Sør-Øst politidistrikt, også gi tilgang til god understøttelse, spesielt dersom Bærum kommune også inngår i det samme distriktet. Politidirektoratets vurdering er imidlertid at polititjenestene i kommunen best kan leveres ved tilknytning til Oslo politidistrikt.

Endrings- og omstillingsbehov
Røyken og Hurum kommuner ligger i ytterkant av sitt nåværende politidistrikt, og anses ved etablering av nye Asker kommune å kunne overføres til Oslo politidistrikt uten vesentlige ringvirkninger for øvrig organisering av politidistriktet. Kommunene er allikevel av en utstrekning og med en befolkning som gjør at en slik overføring kan innebære behov for å revurdere inndelingen i politistasjonsdistrikter og geografiske driftsenheter.

En overføring av dagens Asker kommune til Sør-Øst politidistrikt vil innebære en større endring for begge politidistriktene, som forsterkes dersom Bærum kommune også overføres. Sør-Øst politidistrikt er, som del av nærpolitireformen, satt sammen av fire tidligere politidistrikter. Endringsarbeidet her er, og har vært, mer omfattende enn i øvrige politidistrikter. Dersom distriktet i tillegg skal dekke store kommuner som dagens Asker og eventuelt Bærum vil kompleksiteten øke ytterligere. Det vil bli behov for et nytt omfattende organisasjons- og personalløp og kan bli behov for en større dimensjonering av den nye operasjonssentralen som er planlagt ferdigstilt i april 2018.

Politidirektoratets foreløpige konklusjon
Politidirektoratet vurderer foreløpig at den nye kommunen, ved sammenslåing av Røyken og Hurum kommuner bør legges under Oslo politidistrikt. Dette alternativet anses å gi den nye kommunen best tilgang på polititjenester og vil innebære minst endrings- og omstillingsbehov. Alternativet innebærer at det vil være relativt store forskjeller i grensedragning mellom fylker og politidistrikter i området, men ingen andre alternativer synes å være vesentlig bedre. Alternativer der nye Asker kommune og eventuelt Bærum kommune legges til Sør-Øst politidistrikt vil begge gi god tilgang til polititjenester for kommunen(e), men vil innebære betydelig større endrings- og omstillingsbehov for politidistriktene. Alternativet der både Asker og Bærum legges til Sør-Øst politidistrikt vil gi minst forskjeller mellom fylkesgrenser og politidistriktsgrenser, men vil også være det alternativet som påfører størst omstillingsbehov. Det er usikkert om dette alternativet kan realiseres innen 1.1.2020.

**Nye Volda kommune, ved sammenslåing av Volda og Hornindal kommuner**
Volda kommune har om lag 9100 innbyggere, tilhører i dag Møre og Romsdal politidistrikt og inngår i Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt med Volda og Ørsta lensmannskontor som administrasjonssted. Dette er også nærmeste tjenestested for kommunen, like over grensen mot Ørsta kommune. Hornindal kommune har om lag 1200 innbyggere, tilhører i dag Vest politidistrikt og inngår i Nordfjord lensmannsdistrikt, med Nordfjordeid lensmannskontor som administrasjonssted. Stryn lensmannskontor er nærmeste tjenestested.

Alternative distriktstilhørigheter for nye Volda kommune er Møre og Romsdal politidistrikt og Vest politidistrikt.

Fylkestilhørighet
Den nye kommunen skal tilhøre Møre og Romsdal fylke.

Praktisk tilgang og leveranse av polititjenester
Den nye kommunen vil ikke ha faste politilokasjoner. Det er forholdsvis kort avstand både til Stryn lensmannskontor og Volda og Ørsta lensmannskontor. Sistnevnte har kortest reisetid til majoriteten av befolkningen i den nye kommunen og har samtidig større kapasitet enn lensmannskontoret i Stryn. Ved behov for støtte i tyngre saker er det best kapasitet ved, og kortest reisevei fra, Ålesund politistasjonsdistrikt i Møre og Romsdal kommune.

Politidirektoratet anser med dette at den nye kommunen best kan understøttes ved å legges til Møre og Romsdal politidistrikt.

Endrings- og omstillingsbehov
Hornindal kommune har relativt liten befolkning og har ikke eget tjenestested. Det er forholdsvis kort avstand til nærmeste tjenestested med tilfredsstillende kapasitet i Møre og Romsdal. Å innlemme Hornindal som del av ny kommune under Møre og Romsdal politidistrikt anses å medføre begrenset endrings- og omstillingsbehov for politiet.

Volda kommune er større, med sine i overkant av 9000 innbyggere. Volda og Ørsta lensmannskontor er i dag dimensjonert for å ivareta to jevnstore kommuner, i tillegg til det nye ansvaret som administrasjonssted for Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt. Dersom Volda, som del av den nye kommunen, overføres til Vest politidistrikt, følger ca. en tredel av befolkningsgrunnlaget i Indre Sunnmøre lensmannsdistrikt med. Dette vil kunne skape behov for ytterligere endringer i organiseringen av Møre og Romsdal politidistrikt.

Politidirektoratets foreløpige konklusjon
Politidirektoratet vurderer foreløpig at den nye kommunen, ved sammenslåing av Volda og Hornindal kommuner bør legges under Møre og Romsdal politidistrikt. Politidistriktsgrensen vil i så fall følge fylkesgrensen i området, kommunen anses best å kunne understøttes fra politiressursene i Møre og Romsdal og alternativet medfører minst endrings- og omstillingsbehov for politiet.

**Nye Heim kommune, ved sammenslåing av Hemne, deler av Snillfjord, og Halsa kommuner**

Hemne kommune har om lag 4200 innbyggere, tilhører i dag Trøndelag politidistrikt og inngår i Orkdal lensmannsdistrikt med Orkdal lensmannskontor som administrasjonssted. Lensmannsdistriktet har tre tjenestesteder, hvorav ett i Kyrksæterøra i Hemne kommune.
Halsa kommune har om lag 1600 innbyggere, tilhører i dag Møre og Romsdal politidistrikt og inngår i Halsa og Surnadal lensmannsdistrikt med Surnadal lensmannskontor som administrasjonssted.
Halsa lensmannskontor ble besluttet avviklet 13.1.2017.
Det er bare en mindre del av Snillfjord kommune som skal inngå i Heim kommune. Snillfjord kommune har totalt om lag 980 innbyggere og har ikke tjenestested.

Alternative distriktstilhørigheter for nye Heim kommune er Trøndelag politidistrikt og Møre og Romsdal politidistrikt.

Fylkestilhørighet
Den nye kommunen skal tilhøre Trøndelag fylke.

Praktisk tilgang og leveranse av polititjenester
Den nye kommunen vil ha én fast politilokasjon i Kyrksæterøra. Orkdal lensmannskontor i Trøndelag politidistrikt er nærmeste større tjenestested, og har relativt god kapasitet til å støtte polititjenestene i den nye kommunen. Surnadal lensmannskontor er nærmeste tjenestested i Møre og Romsdal politidistrikt. Kapasiteten her er imidlertid lavere enn ved Orkdal. I tyngre saker kan det lokale politiet støttes både fra Trondheim i Trøndelag politidistrikt og Kristiansund i Møre og Romsdal politidistrikt. Av disse er kapasiteten høyest ved, og reiseavstanden kortest til Trondheim. Politidirektoratet vurderer derfor at polititjenestene i kommunen best kan leveres ved tilknytning til Trøndelag politidistrikt.

Endrings- og omstillingsbehov
Hemne, Snillfjord og Halsa er relativt små kommuner. Dersom den nye kommunen legges til Trøndelag politidistrikt vil det trolig ikke innebære behov for større endringer eller omstillinger i Trøndelag. På Møre og Romsdals side er dagens Halsa og Surnadal lensmannsdistrikt av de minste lensmannsdistriktene og det kan ved dette alternativet være aktuelt å vurdere ytterligere justeringer av grensene for politistasjons- og lensmannsdistrikter.

Dersom den nye kommunen legges til Møre og Romsdal vil det innebære at en større befolkning og et tjenestested bytter politidistrikt. Dette utgjør isolert sett en større endring enn å overføre dagens Halsa kommune til Trøndelag, men Politidirektoratet vurderer at ringvirkningene på begge sider av grensen blir moderate.
Politidirektoratet anser derfor at den nye kommunen vil medføre begrenset endrings- og omstillingsbehov for politiet uavhengig av hvilket politidistrikt som skal ha ansvar for polititjenestene.

Politidirektoratets foreløpige konklusjon
Politidirektoratet vurderer foreløpig at den nye kommunen, ved sammenslåing av Hemne, deler av Snillfjord og Halsa kommune bør legges under Trøndelag politidistrikt. Politidistriktsgrensen vil i så fall følge fylkesgrensen i området og kommunen anses best å kunne understøttes fra politiressursene i Trøndelag politidistrikt.

## 4. Høringsprosess og frist for tilsvar

Politidirektoratet inviterer berørte høringsinstanser til å gi innspill og synspunkter til foreliggende forslag til politidistriktstilhørighet for kommunene Tjeldsund, Asker, Volda og Heim etter 1.1.2020.

Inviterte høringsinstanser er:

- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
- Berørte Fylkesmenn
- Fellesnemdene i de aktuelle nye kommunene
- Øvrige kommuner i de berørte lensmanns- og politistasjonsdistriktene
- Berørte helseforetak
- Berørte politidistrikter
- Tjenestemannsorganisasjonene i politiet.

Høringsinstansene bes om å vurdere om det er behov for å forelegge høringsnotatet for andre etater og organer enn dem som er særskilt nevnt.

Frist for høringsuttalelse settes til 1. mai 2018.

Vi ber om at innspill til høringen sendes til politidirektoratet@politiet.no, merket saksnummer 2017/05106.
Direktoratet vil på bakgrunn av innkomne innspill utarbeide en samlet tilrådning til Justis- og beredskapsdepartementet.

*Med hilsen*

*Håkon Skulstad*
*Assisterende politidirektør*

*Hans Bakke*
*Seksjonssjef*

*Dokumentet er elektronisk godkjent uten signatur.*

*Saksbehandler: Christopher Carlsen (Telefon 468 42 682)*

**Høringsinstanser**
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Fylkesmannen i Troms
Fylkesmannen i Nordland
Fylkesmannen i Trøndelag
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Buskerud
Fylkesmannen i Akershus
Fylkesmannen i Oslo
Fellesnemda for nye Tjeldsund kommune
Fellesnemda for nye Heim kommune
Fellesnemda for nye Volda
Fellesnemda for nye Asker kommune
Harstad kommune
Kvæfjord kommune
Skånland kommune
Narvik kommune
Ballangen kommune
Tysfjord kommune
Evenes kommune
Tjeldsund kommune
Gratangen kommune
Orkdal kommune
Agdenes kommune
Hitra kommune
Hemne kommune
Snillfjord kommune
Skaun kommune
Meldal kommune
Frøya kommune
Surnadal kommune
Rindal kommune
Halsa kommune
Stranda kommune
Sykkylven kommune
Volda kommune
Ørsta kommune
Vågsøy kommune
Selje kommune
Eid kommune
Stryn kommune
Hornindal kommune
Drammen kommune
Svelvik kommune
Lier kommune
Røyken kommune
Hurum kommune
Nedre Eiker kommune
Øvre Eiker kommune
Oslo kommune
Asker kommune

Bærum kommune
Helse Vest
Helse Midt
Helse Nord
Helse Sør Øst
Troms politidistrikt
Nordland politidistrikt
Trøndelag politidistrikt
Møre og Romsdal politidistrikt
Vest politidistrikt
Sør-Øst politidistrikt
Oslo politidistrikt
Politiets Fellesforbund
Norsk Tjenestemannslag – Politiet
Parat Politiet
Politijuristene

**POLITIET**

**Hornindal kommune**
**Volda kommune**

**MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT**

| Deres referanse: | Vår referanse: 201801544 | Sted, Dato Ålesund, 21.03.2018 |
|---|---|---|

## POLITITENESTA I NYE VOLDA KOMMUNE

Ein viser til høyringsbrev frå Politidirektoratet om endring av politidistriktsgrenser datert 30. 01.2018.
Fristen for å kome med innspel til høyringa er sett til 01.05.2018.

Politilovas §§ 16 og 17 fastset at politidistrikta skal dekke heile kommunar. Dette inneber at etableringa av nye Volda kommune frå 01.01.2020 går på tvers av grensa mellom distrikta og må føre til endring av grensa mellom Møre og Romsdal og Vest politidistrikt.

I høyringsbrevet konkluderer Politidirektoratet førebels med at heile nye Volda kommune vert lagt til Møre og Romsdal politidistrikt.

Det heiter slik i høyringsbrevet:

> **Politidirektoratets foreløpige konklusjon**
> Politidirektoratet vurderer foreløpig at den nye kommunen, ved sammenslåing av Volda og Hornindal kommuner bør legges under Møre og Romsdal politidistrikt. Politidistriktsgrensen vil i så fall følge fylkesgrensen i området, kommunen anses best å kunne understøttes fra politiressursene i Møre og Romsdal og alternativet medfører minst endrings- og omstillingsbehov for politiet.

Møre og Romsdal politidistrikt vil tilby Hornindal kommune og Volda kommune eit møte med representantar for politiet. Dersom det er ynskjeleg med eit slikt møte vil vi sørge for at også Vest politidistrikt vert med.
Dersom kommunane skulle finne det interessant med eit møte som tilbode, høyrer vi gjerne frå Dykk. Ettersom høyringsfristen går ut 1. mai 2018, er det ynskjeleg med ei snarleg avklaring på korleis dei to kommunane ser på dette tilbodet.

Med helsing

**Olav Sindre Rise**
*Kommunikasjonssjef*


**Møre og Romsdal Politidistrikt**

Ålesund
Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Besøk: Nedre Strandgate 50

Tlf: 70 11 87 00
Faks: 70 11 87 02
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Rune Sjurgard | Arkivsak nr.: | 2018/686 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 026 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 19/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 19.04.2018 |

## INTERKOMMUNALE SAMARBEID OM NAV OG LANDBRUK – MANDAT TIL PROSESS I SAMBAND MED KOMMUNESAMANSLÅING

**Administrasjonen si tilråding:**

**Leiar for fellesnemnda får fullmakt til å inngå avtale med Ørsta kommune som regulerer organisering og samarbeid mellom nye Volda og Ørsta kommune i prosessen for etablering av felles tenester for Nav og landbruk for desse to kommunane.**

**Økonomiske ressursar til prosessen vert å kome attende til i budsjettkorrigering.**

**Intensjonen bør vere at Ørsta kan halde fram som vertskommune for desse tenestene. Nye Volda sine vilkår og krav til tenestene vert å regulere i ny samarbeidsavtale med Ørsta kommune som skal godkjennast av fellesnemnda før 2020.**

**Vedleggsliste:**

1. Vertskommuneavtale for felles landbrukskontor for Volda og Ørsta, vedteken i K-sak 67/14.
2. Vertskommuneavtale for felles Nav-kontor for Volda og Ørsta, vedteken i K-sak 42/14.

**Uprenta saksvedlegg:**

Sak 10/18 i fellesnemnda**:** Interkommunale samarbeid – retningsval for nye Volda for det som gjeld tenestesamarbeid/produksjon

**Samandrag av saka:**

Ørsta kommune er vertskommune for Nav og landbruk for Volda kommune i dag. Ei kommunesamanslåing bør halde fast ved større faglege miljø som ein ved tidlegare prosessar har funne fornuftig å slå saman. For å ha framdrift i planlegging og gjennomføring av prosessane for Nav-tenestene og landbrukstenestene for nye Volda er det behov for å gi Ørsta kommune mandat i prosessen.

**Saksopplysningar/fakta:**

Kommunane Volda og Ørsta etablerte felles landbrukskontor i 2014 med Ørsta som vertskommune. Dette er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28. Kontoret har 4,2 årsverk. Volda hadde før samanslåinga 1,5 årsverk. Kommunane hadde også i forkant av etableringa felles samarbeid om skogbrukssjef.

Nav-samarbeidet vart også etablert i 2014 med Ørsta som vertskommune. Dette er også administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28. Kontoret har 8,75 kommunale og 17,8 statlege årsverk. Før etableringa av felles Nav-kontor hadde Volda kommune 3 kommunale og 6,8 statlege årsverk.

Begge samarbeida kom i stand etter grundige utgreiingsprosessar som konkluderte med behov for større faglege miljø.

**Vurdering og konklusjon:**

Volda kommune har ikkje sosialfagleg eller landbruksfagleg kompetanse eller kapasitet i organisasjonen ettersom desse tenestene vert drifta av Ørsta kommune som vertskommune. Det er nødvendig å ha tilgang på denne kompetansen og kapasiteten i kommune-samanslåingsprosjektet. Det er vesentleg å spele på kompetansen som Hornindal har på desse områda i prosessen. Prosjektleiaren ser det om lite tenleg å løyse opp samarbeida som er inngått med Ørsta kommune for å byggje sterkare fagmiljø på desse tenesteområda. Prosjektleiaren vil rå til at nye Volda inngår samarbeid med Ørsta kommune om å leie prosessane for å etablere desse tenestene i den nye kommunen i eit framtidig samarbeid med Ørsta kommune. Det er viktig å sikre gode prosessar med god involvering, og dette vert å ivareta gjennom eit samarbeid etablert mellom prosjektleiar, rådmann i Hornindal og rådmann i Ørsta. Nye Volda sine vilkår og krav til tenestene vert å ivareta gjennom ny vertskommuneavtale mellom kommunane. Intensjonen bør vere at Ørsta kommune kan halde fram som vertskommune. Dette vil handle om innhald og tilgang til tenester mv. Framtidig avtale om samarbeid om tenestene skal godkjennast av fellesnemnda før 2020.

Det er rimeleg at Ørsta kommune får ein kompensasjon for den tidsbruken som leiarane av desse kontora må bruke i prosjektet. Volda kommune betaler allereie ein andel av løna til desse leiarane, slik at andelen som skal kompenserast er den prosentdelen som fell på Ørsta kommune etter dagens avtale.

Prosjektleiaren rår til at leiaren for fellesnemnda får fullmakt til å inngå avtale med Ørsta kommune som regulerer organisering og samarbeid mellom nye Volda og Ørsta kommune i prosessen for etablering av felles tenester for Nav og landbruk for desse to kommunane.

Økonomiske ressursar til prosessen vert å kome attende til ved budsjettkorrigering når avtalen er inngått.

Prosjektleiar har drøfta denne modellen med rådmannen i Hornindal. Det var også orientert om dette i felles møte med alle hovudtillitsvalte i kommunane Hornindal og Volda 5. april.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
**Prosjektleiaren for vidare oppfølging**
**Økonomisjefen i Volda kommune**
**Personalsjefen i Volda kommune**
**Utviklingssjefen i Volda kommune**
**Rådmannen i Hornindal**

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Ørsta kommune

Dalevegen 6
6150 ØRSTA

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2014/506 | 5093/2014 | 026 | SVK/ US | 03.06.2014 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - FELLES LANDBRUKSKONTOR FOR KOMMUNANE VOLDA OG ØRSTA**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 22.05.14, hadde føre ovannemnde som sak PS 67/14, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Det vert inngått vertskommuneavtale mellom Volda og Ørsta kommuner om felles landbrukskontor for Volda og Ørsta kommuner i samsvar med kommunelova § 28-1b. Ørsta vert vertskommune og Volda samarbeids-kommune, jfr. vedlegg 3 i denne saka.***

2. ***Kommunestyret ber rådmannen delegere oppgåver og mynde regulert i avtalen til rådmannen i vertskommunen.***

3. ***Landbruk Nordvest SA sin leigeavtale om kontor i Volda rådhus vert overført til Ørsta kommune, i det kommune har sagt seg viljuge til å leige ut kontor til selskapet i samsvar med arbeidsgruppa sin rapport punkt 2.1.***

4. ***Rådmannen vert beden om å gjennomføre organiseringa så raskt som mogeleg.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Landbruk Nordvest AS v/Morten Feiring
Ørsta Bondelag v/Geir Hole
Follestaddal Bondelag v/Svein Gunnar Myklebust
Hjørundfjord Bondelag v/Knut Hustad
Volda og Dalsfjord Bondelag v/Erlend Koppen
Austefjord og Bjørke Bondelag v/Tor Våde


| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | | www.volda.kommune.no | |
|---|---|---|---|---|
| Stormyra 2 | Telefon: | Telefaks: | Org. nr: | Bankgiro: |
| 6100 Volda | 70058886 | 7005870170058701 | 939 760 946 | 3991.07.81727 |

Volda og Ørsta bonde- og småbrukarlag v/Cecilie Thorbjørnsen
Volda og Ørsta Skogeigarlag v/Ragnar Aarflot
Bjørkedal skogeigarlag v/Ottar Bjørkedal
Per Ernst Lundberg
Utviklingssjef Jørgen Vestgarden

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Ernst Lundberg | Arkivsak nr.: | 2014/506 |
| | | Arkivkode: | 026 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 97/14 | Formannskapet | 13.05.2014 |
| 67/14 | Kommunestyret | 22.05.2014 |

**FELLES LANDBRUKSKONTOR FOR KOMMUNANE VOLDA OG ØRSTA**

## *Handsaming i kommunestyret:*

Roger Nedreklepp reiste spørsmål om han var ugild, då han er tilsett i Ørsta kommune og er ein del av landbrukskontoret. Kl § 40, jf Fvl § 6, 2. ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om ugildskap.

**Røysting vedk. ugildskap:**
Roger Nedreklepp vart samrøystes kjend gild.

Han tok sete.

**Røysting**:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

## *Vedtak i Kommunestyret - 22.05.2014*

1. ***Det vert inngått vertskommuneavtale mellom Volda og Ørsta kommuner om felles landbrukskontor for Volda og Ørsta kommuner i samsvar med kommunelova § 28-1b. Ørsta vert vertskommune og Volda samarbeids-kommune, jfr. vedlegg 3 i denne saka.***

2. ***Kommunestyret ber rådmannen delegere oppgåver og mynde regulert i avtalen til rådmannen i vertskommunen.***

3. ***Landbruk Nordvest SA sin leigeavtale om kontor i Volda rådhus vert overført til Ørsta kommune, i det kommune har sagt seg viljuge til å leige ut kontor til selskapet i samsvar med arbeidsgruppa sin rapport punkt 2.1.***

4. ***Rådmannen vert beden om å gjennomføre organiseringa så raskt som mogeleg.***

## *Handsaming:*

**Røysting**:
Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## *Tilråding i Formannskapet - 13.05.2014 til Kommunestyret:*

1. *Det vert inngått vertskommuneavtale mellom Volda og Ørsta kommuner om felles landbrukskontor for Volda og Ørsta kommuner i samsvar med kommunelova § 28-1b. Ørsta vert vertskommune og Volda samarbeids-kommune, jfr. vedlegg 3 i denne saka.*

2. *Kommunestyret ber rådmannen delegere oppgåver og mynde regulert i avtalen til rådmannen i vertskommunen.*

3. *Landbruk Nordvest SA sin leigeavtale om kontor i Volda rådhus vert overført til Ørsta kommune, i det kommune har sagt seg viljuge til å leige ut kontor til selskapet i samsvar med arbeidsgruppa sin rapport punkt 2.1.*

4. *Rådmannen vert beden om å gjennomføre organiseringa så raskt som mogeleg.*

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Det vert inngått vertskommuneavtale mellom Volda og Ørsta kommuner om felles landbrukskontor for Volda og Ørsta kommuner i samsvar med kommunelova § 28-1b. Ørsta vert vertskommune og Volda samarbeids- kommune, jfr. vedlegg 3 i denne saka.*

2. *Kommunestyret ber rådmannen delegere oppgåver og mynde regulert i avtalen til rådmannen i vertskommunen.*

3. *Landbruk Nordvest AS sin leigeavtale om kontor i Volda rådhus vert overført til Ørsta kommune, i det kommune har sagt seg viljuge til å leige ut kontor til selskapet i samsvar med arbeidsgruppa sin rapport punkt 2.1.*

4. *Rådmannen vert beden om å gjennomføre organiseringa så raskt som mogeleg.*

**Vedleggsliste:**

1. Rapport frå arbeidsgruppa
2. Høyringsfråsegner

3. Framlegg til vertskommuneavtale om felles landbrukskontor

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Det vert gjort framlegg om at kommunestyret godkjenner vertskommuneavtale med Ørsta om felles landbrukskontor

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn**
Det har i lengre tid vore i gong eit arbeid med samordning av tenester som kommunene Volda og Ørsta gjev til innbyggjarane sine. Eit av dei fagområda det har vore sett på er landbrukstenestene.

Styringsgruppa for prosjektet, beståande av ordførarane i Volda og Ørsta, rådmennene og dei hovudtillitsvalde for dei to største fagorganisasjonane i kommunene oppnemnde ei arbeidsgruppe til å utgreie samarbeid.

Arbeidsgruppa la fram ein rapport for styringsgruppa i april 2013, jfr. *vedlegg 1.*

**Høyring**
Etter nøye vurdering vart det bestemt at sak om eventuell samanslåing etter vertskommuneprinsippet skulle sendast på høyring. Saka har vore på høyring fram til 17. mars 2014.

Innan høyringsfristen er desse uttalene kome inn til kommunene, jfr. *vedlegg 2* :

1. Fagorganisasjonen Delta:

Delta er positive til å opprette ei felles landbruksforvaltning for kommunene. Det vert synt til at dette kan styrke og oppretthalde eit godt fagmiljø og ei forsvarleg bemanning. Organisasjonen ser det som at vertskommunemodellen er den beste for arbeidstakarane. Delta meiner dei tillitsvalde burde vore tatt tatt med i prosessen på eit tidleg tidspunkt. Det vert synt til at Fagforbundet har vore representert i arbeidsgruppe, men at Delta ikkje har vore ein del av prosessen.

Det vert vidare synt til at det er behov for eit vegkart som syner den vidare prosessen etter eit eventuelt vedtak om samanslåing, samt oversikt over fordeling av oppgåver, og eventuell endring av kva stillingar/titlar som vil utgjere bemanninga.

Til sist vert det etterlyst korleis val av og utnemning/tilsetjing av leiar er tenkt gjennomført. Det vert synt til at det ikkje er drøfta korleis ein skal sikre alminneleg konkurranse.
Til sist vert det stilt spørsmål om det vert same organisatoriske plassering i organisasjonen som i dag, eller om den vert endra.

2. Austefjord og Bjørke Bondelag:

Laget er positive til at det vert eit godt fagmiljø med samanslåing. Det vert og lagt vekt på at fleire landbruksrelaterte næringar vert samla på same stad som landbrukskontoret. Det er vidare ynskje om at det kan vere rom for eit møterom eller ein samlingsplass for personar som arbeider innan landbruksnæringa.

3. Ørsta Bondelag:

Laget er positivt til at dei to landbrukskontora vert slegne saman. Det vert synt til at det vil gi betre ressursar og at det vil gi eit betre kvalitativt tilbod. Det vert føresett at ressursane som landbrukskontora har i dag ikkje vert reduserte. Det vert vidare føresett at kontoret vert liggjande der dei fleste brukarane er.

4. Volda og Dalsfjord Bondelag:

Laget har ikkje sterke meiningar, dei er godt nøgde med ordninga som den er i dag. Føresett at det vert eit felles kontor, set laget ein føresetnad om at kompetansen og sakshandsaminga innan HMS, landbruk og skogbruk vert samla på same stad.

5. Fagforbundet i Volda:

Fagforbundet ber om at det vert gjort ein grundig gjennomgang av fordelar og ulemper med eit felles kontor. Vert det oppretta eit felles kontor, vert det sett på som viktig å få eit større og meir robust arbeids- og fagmiljø. Det må leggjast vekt på å ha eit tilfredstillande tenestenivå.

Fagforbundet meiner vidare at om det vert oppretta eit felles kontor, må ein og trekke med dei andre aktørane i næringane i nærområdet. Dette gjeld Landbruk Nordvest (1 stilling Volda), Norsk Landbruksrådgjeving Sunnmøre (1/2 stilling), Allskog (1 ledig stilling Ørsta) og Landbrukets HMS-teneste (1/2 stilling Ørsta), totalt 3 stillingar.

Fagforbundet peiker på at det må lagast gode rutiner for samarbeid i arealforvaltningssaker, både i Volda og Ørsta kommuner.

6. Landbruksnemnda i Ørsta:

Landbruksnemnda tilrådde at det vert oppretta eit felles landbrukskontor med plassering i Ørsta, og at det vert inngått ei vertskommuneavtale.

**Oversikt landbrukskontora**
Saka gjeld konkret overflytting av ein tilsett frå landbrukskontoret i Volda til eit felles landbrukskontor med plassering på rådhuset i Ørsta. I dag er det 340 % stilling på landbrukskontoret i Ørsta. Av desse er 50 % brukt i Volda (skogbruk)I Volda er det 100 % stilling.

**Plassering**
Det er meininga å lokalisere eit felles kontor til Ørsta. Grunngjevinga er at dette er den største landbrukskommunen. Det er og Ørsta som i dag har det største fagmiljøet. Plassering i Ørsta er tenkt på rådhuset i Ørsta. Det står klart ledig kontor der landbrukskontoret i Ørsta er plassert i dag. I tillegg vil Ørsta stille kontor til disposisjon for Landbruk Nordvest AS,

som leiger lokale hjå Volda kommune i dag, jfr. intensjonen i arbeidsgruppa sin rapport punkt 2.1. Leigeavtalen selskapet har med Volda vert dermed overteken av Ørsta.

**Arbeidsoppgåver**
Jordbruk og skogbruk vert hovudoppgåvene for eit felles kontor. Det går fram av rapporten kva som er oppgåvene som vert utført av kontora i Volda og Ørsta kommune i dag.

Endeleg avklaring av arbeidsoppgåver vert gjort i samband med gjennomføringsprosessen.

**Økonomi**
Etter budsjettet for 2014 er det løyvd desse summane til landbrukstenestene i Volda og Ørsta kommuner:

| Kommuner: | Volda | Ørsta |
|---|---|---|
| Sum løyvd i 2014: | Kr 1.283.110 | Kr 1.983.000 |

Ut frå ein fordelingsnøkkel der Volda kommune betaler 40 % av kostnader og Ørsta kommune betaler 60 %, må samarbeidskommunen (Volda) betale inn eit beløp kvart år til vertskommunen (Ørsta). For framtidige år vert det sett opp budsjett for landbrukskontoret der Volda kommune skal bidra med 40 % av kostnadar. Det er høve til å drøfte budsjettet mellom vertskommunen og samarbeidskommunen før det vert gjort endeleg budsjettvedtak av Ørsta kommunestyre.

Fordelingsnøkkelen det vert gjort framlegg om er den same som Volda og Ørsta kommuner har for veterinærtenestene. Her betaler Volda kommune eit beløp på kr. 137.000 til Ørsta kommune, indeksregulert kvart år. Dette er ei avtale dei to kommunene har om ekstra driftstilskot til veterinærar. Det er Ørsta som administrerer denne ordninga.

Veterinæravtalen er ikkje ein del av denne vertskommuneavtalen, men er ei separat avtale som vert lyst ut på anbod i samsvar med reglane i lov om offentlege anskaffelsar.
For 2014 er det trekt ut delar av stilling i Ørsta som ikkje skal yte tenester direkte til landbrukskontoret.

Vidare er Volda redusert med anslag på innsparingar ved at fellestenester vil bli rimelegare ved at landbrukskontoret ikkje er med på kostnader her. Dette gjeld områder som datatenester, telefon, porto m.v. For Ørsta er det auka ut frå berekna kostnader.

Samla er vurderinga at det ikkje er behov for at Volda kommune skyt inn meir pengar til eit felles kontor enn det som alt er løyvd av Volda kommunestyre ved budsjetthandsaminga for 2014. For 2015 og for 2016 vil ein ha erfaringstal å byggje på ved budsjetteringa. Målet vil heile vegen vere å drive kontoret på ein kostnadseffektiv måte.

Etter dette vert det slik fordeling mellom Volda og Ørsta kommuner i 2014:

| Kommuner | Volda | Ørsta |
|---|---|---|
| Sum kvar kommune skal betale for 2014: | 1.283.000 | 1.804.000 |

Eit spørsmål som det vert rådd til at ein tek stilling til gjennom separat avtale er AFP. Både i Ørsta og i Volda er det arbeidstakarar som kan ta ut pensjon etter AFP-ordninga. Det vert sett på som mest ryddig at dette vert avklart gjennom separate avtaler mellom kommunene korleis ein løyser dei økonomiske tilhøva om ein tilsett vel å ta ut pensjon etter ordninga.

**Vertskommuneavtale**
Det vert gjort framlegg om å inngå vertskommuneavtale etter kommunelova sine reglar. Ørsta vert vertskommune og Volda samarbeidskommune. Dette vert eit administrativt samarbeid. Det får ikkje konsekvensar for den politiske organiseringa av tenestene. Volda og Ørsta kommuner vil framleis ha eigne folkevalde organ som handsamar saker som skal avgjerast politisk.

**Praktisk gjennomføring**
Gjennomføringa krev at det er ein del tilhøve som må vere på plass.

Det må tilsetjast leiar av kontoret.

Kontor må gjerast klart.

Datakommunikasjon og tilgong på aktuell programvare må vere på plass.

Dei punkta som er nemnde, og andre tilhøve som kan dukke opp, kan ein avklare etter at prinsippet om vertskommunesamarbeid er avklart.

**Tid for gjennomføring**
Det vert gjort framlegg om at vertskommuneavtalen vert gjort gjeldande frå 1. juli 2014. Det vert ein stram tidsfrist å ha dette på plass til denne dato. Ut frå at det i praksis gjeld ei stilling, bør det likevel vere mogeleg å få dette til.

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner framlagt forslag til vertskommuneavtalen, og at rådmannen vert beden om å gjennomføre omorganiseringa som raskt som mogleg.

**Økonomiske konsekvensar:**
Er omtalt i saksutgreiinga.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Beredskapen vert betra ved eit styrka landbrukskontor.

Rune Sjurgard
rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Ørsta kommune
Dalevegen
6150 Ørsta

Utviklingsavdelinga, her

Landbruk Nordvest AS
v/Morten Feiring

Høyringsinstansane

**VOLDA KOMMUNE**
**Servicekontoret**

Ørsta kommune

Dalevegen 6
6150 ØRSTA

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2012/2275 | 3262/2014 | 030 | SVK/ US | 04.04.2014 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - FELLES NAV-KONTOR VOLDA OG ØRSTA KOMMUNE – GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 27.03.14, hadde føre ovannemnde som sak PS 42/14, der det vart gjort slikt vedtak:

***Vertskommuneavtale om felles Nav-kontor mellom Ørsta og Volda kommuner vert godkjent som den ligg føre og med verknad frå 1. mai 2014.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
NAV-kontoret for Ørsta/Volda v/Eli Grøtta Helset
Rådmann Rune Sjurgard

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | | www.volda.kommune.no | |
| Stormyra 2 | Telefon: | Telefaks: | Org. nr: | Bankgiro: |
| 6100 Volda | 70058886 | 7005870170058701 | 939 760 946 | 3991.07.81727 |

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Rune Sjurgard | Arkivsak nr.: | 2012/2275 |
| | | Arkivkode: | 030 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 65/14 | Formannskapet | 18.03.2014 |
| 42/14 | Kommunestyret | 27.03.2014 |

**FELLES NAV-KONTOR VOLDA OG ØRSTA KOMMUNE – GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE**

## *Handsaming i kommunestyret:*

**Røysting**:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

## *Vedtak i Kommunestyret - 27.03.2014*

***Vertskommuneavtale om felles Nav-kontor mellom Ørsta og Volda kommuner vert godkjent som den ligg føre og med verknad frå 1. mai 2014.***

## *Handsaming i formannskapet:*

**Røysting**:
Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøstes vedteken.

## *Tilråding i Formannskapet - 18.03.2014 til Kommunestyret:*

*Vertskommuneavtale om felles Nav-kontor mellom Ørsta og Volda kommuner vert godkjent som den ligg føre og med verknad frå 1. mai 2014.*

**Administrasjonen si tilråding:**
*Vertskommuneavtale om felles Nav-kontor mellom Ørsta og Volda kommuner vert godkjent som den ligg føre og med verknad frå 1. mai 2014.*

**Vedleggsliste:**
Vertskommuneavtale
Sak Volda kommunestyre om felles Navkontor for Volda og Ørsta (K-sak 158/13)

## Samandrag av saka:

### Bakgrunn

Volda kommunestyre slutta seg 28. november 2013 til at det vert etablert felles Nav-kontor for Volda og Ørsta (K-sak 158/13). Det vart gjort vedtak om at samarbeidet vert organisert som vertskommunesamarbeid med Ørsta som vertskommune. Samarbeidet følgjer kommunelova sine reglar om vertskommunesamarbeid.

Ørsta kommunestyre gjorde tilsvarande vedtak 28. november 2013.

Føresetnadane for vertskommunesamarbeidet er at:

- Nav Møre og Romsdal dekkjer etableringskostnadene med ombygging/tilpassing av lokale og ev utbygging av fleire parkeringsplassar.
- Nav Møre og Romsdal betaler husleige til Volda rådhus fram til 21. november 2017 så framt ikkje dagens nav-lokale vert teke i bruk av Volda kommune eller leigd ut.
- Volda kommune betaler ikkje andel av husleige før det interkommunale nav-kontoret er etablert i nye lokale frå 21. november 2017.
- Fellesutgifter (som reinhald, straum, data mv) vert fordelt mellom partane etter kostnadsnøkkel basert på tal tilsette.

Kommunestyret har vedteke at levering av post, tilgang til PC/datamaskin med Nav.no og informasjon om Nav-kontoret i Ørsta kan ytast frå servicekontoret i Volda kommune.

Innan 1. mars d.å. skal det leggast fram vertskommuneavtale basert på føresetnadane for handsaming i kommunestyret.

Innan 1. april d.å. skal det leggast fram driftsavtale mellom partane til godkjenning i formannskapet.

Innan 1. mai d.å. skal partnerskapsavtalen med Nav Møre og Romsdal vere underteikna av partane.

Rådmannen i Volda delegerer innan same tidspunkt mynde i samsvar med avtalen til rådmannen i Ørsta kommune.

### Vertskommuneavtalen

Det er utarbeidd vertskommuneavtale i samsvar med reglane i kommunelova § 28- 1b, administrativt vertskommunesamarbeid.

Avtaleutkastet er utarbeidd i fellesskap av Volda og Ørsta kommuner, og gjennomgått av rådmennene i kommunen.

Avtalen ligg ved. Dei vesentlege punkta i avtalen er:

- Kva oppgåver som skal utførast
- Kva mynde som vert delegert frå Volda kommune
- Korleis mynde skal brukast
- Ansvar for sakshandsaminga
- Rapportering- og informasjonsrutiner
- Personalforvaltninga
- Økonomi og rekneskap
- Samarbeidsorgan
- Tid for iverksetjing av avtalen
- Endring av avtalen og eventuell oppløysing av samarbeidet.

Det er meininga å gjennomføre avtalen med verknad frå 1. mai 2014. I praksis vil eit felles Nav-kontor vere i vanleg drift 5. mai.

Lokala vert i 1. og 3. høgda i Strandgata, same lokala som Nav Ørsta har i dag. Arealet vert utvida med 120 m². Det er opplyst at huseigar har varsla ein symbolsk auke av husleiga. Dette er ei forhandlingssak mellom Nav Møre og Romsdal og utleigar. Det har vore dialog mellom desse partane også under utgreiinga av felles Nav-kontor, og for kommunane er det ein føresetnad at det ikkje oppstår noko overrasking rundt dette. Dersom Nav Møre og Romsdal aksepterer auka husleige, så er det i samsvar med føresetnadene for felles kontor at dette skal betalast av Nav Møre og Romsdal. Dei betaler husleige til Volda kommune for lokala i Volda rådhus fram til Volda kommune sjølv tek i bruk lokala eller leiger dei ut til andre. Volda kommune er etter avtaleframlegget fri for å betale del av husleige fram til 21. november 2017.

Det er halde formelt drøftingsmøte med dei tilsette sine representantar. Det er tre tilsette i Volda kommune som skal over som kommunalt tilsette i Ørsta. Dei får same arbeidsvilkår som tilsette i Ørsta. Det er ei målsetjing at det skal vere mest mogeleg likskap mellom dei kommunalt tilsette og dei statlege når det gjeld arbeidsvilkåra. Det vert inngått eigen lokal særavtale med arbeidstakarorganisasjonane om arbeidsvilkår. Det er avklart at dette kan gjerast etter at vertskommuneavtalen trer i kraft.

Når det gjeld fellesutgifter er innstillinga at dei vert fordelt mellom kommunene etter folketal. Grunnen til at det ikkje vert gjort framlegg om å fordele etter tal tilsette er at det etter kvart ikkje vil vere tilsette som kom frå stillingar som kommunalt tilsette i Nav Ørsta og Nav Volda, men personar som vert tilsett direkte i Nav Ørsta og Volda. Det er då lite formålsteneleg å fordele kostnader på dei to kommunene etter tal tilsette. Det ligg føringar på nivået på dette i K-sak 158/13 som vert å regulere i eiga sak om godkjenning av driftsavtale.

Dei andre punkta i avtalen skal og vere samsvar med tidlegare vedtak i Ørsta og Volda kommunestyre. Det vert ikkje gått nærare inn på dei einskilde punkta, då det skal gå klart fram av avtalen kva som vert regulert i den.

Tilrådinga er at avtalen vert godkjend.

Rune Sjurgard
rådmann

Utskrift med vedlegg til:
Ørsta kommune

Kopi:
NAV Ørsta/Volda v/Eli Grøtta Helset
Rådmannen i Volda

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Ann Kristin Langeland | Arkivsak nr.: | 2017/2138 |
| | | Arkivkode: | L32 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 20/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 19.04.2018 |

## KRITERIAR FOR ENDRING AV VEGNAMN VED KOMMUNESAMANSLÅING MELLOM HORNINDAL OG VOLDA KOMMUNAR

**Administrasjonen si tilråding:**
**Fellesnemnda sluttar seg til konklusjonen om kriteria for endring av vegnamn:**

1. **Den vegen med flest eksisterande adressatar av dei to kommunane, beheld vegnamnet.**
2. **Om fordelinga mellom dei to kommunane vert veldig skeiv med omsyn til antal omadresseringar, må den kommuna med færrast omadresseringar sjå på alternative vegnamn, td. om vegparsellar kan vere ei naturleg forlenging av ein annan vegparsell, eller om det er vegparsellar ein kan finne andre alternative vegnamn til.**
3. **Om ein kan finne gode alternative vegnamn til vegar som har like eller nesten like vegnamn med nabokommunane, bør Hornindal og Volda kommunar vedta nye vegnamn og omadressere.**

**Vedleggsliste:**
1. Vegnamn-matrise for Hornindal
2. Saksutgreiing for UFU i Hornindal
3. Notat for orientering i Fellesnemnda 22.02.18

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**
Matrikkelen er Noreg sitt digitale register som inneheld opplysningar om alle eigedomar, bygningar og adresser i landet vårt. Den er sterkt knytta til Grunnboka som inneheld opplysningar om tinglyste rettar. For adresser gjeld at kvar kommune må ha unike vegkoder for kvar vegparsell, og kvar vegkode må ha eit unikt vegnamn. Med andre ord skal kvar kommune ha eintydige adresser. Dette står nedfelt i Matrikkellova.

Unike vegnamn i Matrikkelen kan vi kalle ein teknisk grunn til at vi ikkje kan ha like vegnamn etter kommunesamanslåinga. Kanskje like viktig er dei praktiske grunnane til at ein må ha unike og eintydige vegnamn. Eintydige adresser er naudsynt for at ambulansar og andre utrykkingskøyretøy skal finne raskt fram. Vi veit at tid er verdifull ved dramatiske hendingar, og i verste fall kan liv gå tapt dersom det er tvil om ei adresse.

Ved kommunesamanslåing, må ein difor sikre at ein har unike vegkodar og vegnamn i den nye kommunen. Hornindal og Volda kommunar har ingen like vegkodar, men vi har 6 heilt like vegnamn (sjå vedlagt vegliste). Desse vegparsellane må vere eintydige i nye Volda kommune med ulike vegnamn.

Dessutan er det viktig at ein ikkje har namn som uttalast på nært likt. Vi har 5 ganske like vegnamn i Hornindal og Volda kommunar. Desse bør behandlast på same måte som dei vegnamna som er heilt like.

Vi ser også at vi har fleire vegnamn som er like eller ganske like med nabokommunane våre. Når vi fyrst er i gong med eit så grundig arbeid, burde vi rydde opp i desse vegnamna også, slik at vi ikkje får problem i forhold til like eller nesten like vegnamn med nabokommunane til nye Volda.

**Vurdering og konklusjon:**
Ved val av nye vegnamn må ein verte einige om kva for vegnamn som skal bestå og kva for vegnamn som må endrast. For å velje ut kva for kommune som får behalde vegnamna, ynskjer vi å gå etter nokre kriteriar, men kva for nokon?

- Den vegen med flest adressatar beheld vegnamnet?
- Den lengste vegen beheld vegnamnet?
- Den eldste vegen beheld vegnamnet?
- Den vegen med eldst adresse beheld vegnamnet?
- Den vegen med mest lokal forankring beheld vegnamnet?
- Lik fordeling mellom kommunane av adresser som må omadresserast?
- Nytte naturleg forlenging av ein annan vegparsell der det er mogleg?

Hornindal og Volda kommunar må gå gjennom like eller nesten like vegnamn både seg imellom og i forhold til nabokommunane. Den vegen med flest eksisterande adressatar av dei to kommunane, beheld vegnamnet.

Om fordelinga mellom dei to kommunane vert veldig skeiv med omsyn til antal omadresseringar, må den kommuna med færrast omadresseringar sjå på alternative vegnamn, td. om vegparsellar kan vere ei naturleg forlenging av ein annan vegparsell, eller om det er vegparsellar ein kan finne andre alternative vegnamn til.

Om ein kan finne gode alternative vegnamn til vegar som har like eller nesten like vegnamn med nabokommunane, bør Hornindal og Volda kommunar vedta nye vegnamn og omadressere.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Utviklingsetaten i Hornindal kommune, v. Anita Brenna Muldsvor
Prosjektleiar, Nye Volda
Volda kommunestyre
Hornindal kommunestyre

# HORNINDAL KOMMUNE - VEGNAMN

| Vegnamn | Antall bueiningar/næring (adressatar) til veien | Industri / næring (inkl. gardsbruk) Ja/nei | Stadsnamn-tilknytning. Ja/nei | Sterk posisjon for fleire enn bebuarane. Ja/nei | Felles vegnamn med kommune | Likskap med anna vegnamn. Namn på veg. | Bør ikkje endrast | Kan endrast | Tilstøytande vegnamn kan brukast. Namn på veg. | Forslag til endring |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Grendavegen | 57 | Ja | Nei | Ja | Volda | | X | | | Lødemelgrenda |
| Kvivsvegen | 10 | Ja | Nei | Ja | Volda | | X | | | |
| Lidavegen | 22 | Ja | Ja | Ja | Volda | | | X | | Åresvora, Nylandsvegen, Liskogvegen |
| Nygardsvegen | 5 | Ja | Ja | Nei | Volda | | | X | Knutsdalsvegen | Knutsdalsvegen, Seljesetvegen |
| Ospelida | 6 | Nei | Nei | Nei | Volda | | | X | | Hogden |
| Sanden | 19 | Ja | Ja | Ja | Volda | | X | | Kvivsvegen | Sanden |
| | | | | | | | | | | |
| Dalavegen | 98 | Ja | Nei | Nei | Volda, Ørsta, Stranda | Dalevegen | | X | | Hornindalsvegen |
| Haugen | 16 | Ja | Ja | Ja | Volda, Ørsta, Stranda | Haugevegen, Haugemyrvegen, Haugen | | X | | Hogageilane |
| Hjellbakkevegen | 19 | Ja | Ja | Ja | Volda | Hjellbakkane | X | | | Gausemelbakkane |
| Lønnsvegen | 18 | Ja | Ja | Ja | Volda | Lønnevegen | | X | | Furdansvegen |
| Raudemelvegen | 4 | Ja | Ja | Ja | Volda | Raudemyrvegen | | X | | Raudemel, Tomasgardsmarka |
| | | | | | | | | | | |
| Grendadalsvegen | 11 | Ja | Nei | Ja | Hornindal | Grendadalen | | X | | Holebakkane, Katuglehaugen |

# Hornindal kommune

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | FA-L32 |
| **Arkivsaksid:** | 18/202-1 |
| **Saksbehandlar:** | Anita Brenna Muldsvor |
| **Dato:** | 19.03.2018 |

# Saksframlegg

## Like eller nesten like vegnamn i Hornindal og Volda kommunar

**Sakstilfang/Lover/Plandokument**

- Matrikkellova og Matrikkelforskrifta
- Stadnamnlova

**Bakgrunn for saka**

Nye Volda kommune må rydde opp i vegnamn som er like, eller nesten like på grunn av samanslåingsprosessen. Denne saksutgreiinga er felles for kommunane Hornindal og Volda.

**Saksopplysningar**

I samband med at Hornindal og Volda kommunar skal slå seg saman frå 01.01.2020, kan vi ikkje ha vegnamn som er like. Reint teknisk kan ein ikkje ha heilt like vegnamn eller vegkodar i Matrikkelen innad i ei kommune. Ifølgje Kartverket sin rettleiar for samanslåingsprosessane, bør ein også sjå på namn som er nesten like, for å unngå mistydingar. Det kan t.d. vere katastrofalt om ein brannbil eller sjukebil vert sendt til feil adresse. I same prosessen bør ein sjå på vegparsellar som burde vore gjennomgåande eller forlenga.

Fyrste innføringa av offisielle vegadresser i Hornindal kommune vart gjennomført på byrjinga av 2000-talet. Vedtak om vegnamn vart gjort i kommunestyret 21.12.2000. Den gongen tok ein føre seg adressene i bustadfelta. 10.04.2014 gjorde Hornindal kommunestyre vedtak om å innføre offisielle vegadresser for heile kommunen. Dei fleste vegnamna vart vedtekne i kommunestyret 18.06.2015. Hornindal kommune har etter beste evne nytta adresserettleiaren som Kartverket har utarbeida. Ein har nytta avstandsprinsippet for adressering utanfor bustadfelt, samt oddetal på høgre side og partal på venstre side. I tillegg har ein nytta områdeadressering på setrane, der ein har prøvd å adressere etter ei rekkjefølgje utan at det er nokon definert veg å følgje.

For Volda kommune sin del vart det gjort vedtak i formannskapet den 02.11.2009 om oppstart av adresseringsprosjekt som omfattar heile kommunen med unnatak av sentrumsområda, Heltne/Bratteberg og Mork/Ekset. I dei sistnemnde områda var vegadresser på bygg innført frå før. Som utgangspunkt for adresseringsprosjektet i Volda vedtok forvaltningsutvalet den 23.03.2010 – godkjenning av 102 veg- og områdenamn som seinare har vore nytta som namn på adresseparsellane. Til grunn for vidare arbeid med adressering vedtok også kommunestyret den 29.04.2010 ei eiga lokal *forskrift for namnsetting, adressering og adresseforvaltning*.
Tildeling av adresser i heile kommunen er gjennomført etter reglane i matrikkellova og tilhøyrande forskrift, rettleiar og elles etter same metode som i Hornindal, men ein har i Volda hatt praksis for adressenummer med oddetal på venstre side av vegen og partal på høgre.

Då vi er usikre på kva for kriteriar vi skal legge til grunn for fordeling av arbeidet med omadressering mellom Hornindal og Volda, har vi laga ei sak til Fellesnemnda som skal gjere vedtak 19.04.18. Med atterhald om korleis vedtaket vert i den saka, tenkjer vi i utgongspunktet at den kommunen som har flest adressatar langs dei aktuelle vegane, får behalde vegnamnet. Til slutt må ein også gjere opp eit totalrekneskap, slik at antal omadresseringar vert nokon lunde likt fordelt mellom kommunane.

**Drøfting av like vegnamn**
Hornindal og Volda kommunar har 6 vegnamn som er heilt like; Grendavegen, Kvivsvegen, Lidavegen, Nygardsvegen, Ospelida og Sanden.

Grendavegen er ein etablert veg i Volda, mens i Hornindal er ikkje adressatane tilskrevne endå. I Hornindal har vegen vorte kalla «vegen rundt grenda» eller «Grendavegen» på folkemunne i lang tid. Det er klart flest adressatar langs vegen i Hornindal med 57, mot 20 av 29 registrerte adressatar i Volda.

Kvivsvegen er planlagt lik, så der har vi felles startpunkt for nummerering på strekninga langs E39 frå Fyrde til Grodås. Volda har nummerert etter avstandsprinsippet med partal på høgre side, mens Hornindal har nummerert etter avstandsprinsippet med partal på venstre side. Adresserettleiaren var ikkje utarbeida då Volda adresserte. Hornindal har fylgt adresserettleiaren. Om ein ser på kva den naturlege parsellen for vegnamnet er, burde E39 frå rundkøyringa i Volda til Kjøs bru i Hornindal vore ein og same parsell med vegnamnet Kvivsvegen. Dette vil påverke 54 adressatar i Hornindal og 25 adressatar i Volda, som då må omadresserast.

Lidavegen er ein etablert veg i Volda der ein har 20 registrerte adresser av 38. I Hornindal har Lidavegen vore nytta som vegnamn gjennom bustadfeltet for 12 adressatar. Dei 10 nye adressatane utanfor bustadfeltet er tilskrevne, men adressene er ikkje lagt inn i Matrikkelen endå. I Hornindal går vegen til Lida, og «Lidavegen» har vore nytta på folkemunne i lang tid. Det er klart flest adressatar langs vegen i Volda.

Nygardsvegen er ein etablert veg i bustadfelt i Volda, mens i Hornindal går vegen mellom gardane på Nygård . Her er ikkje adressatane tilskrevne endå. Volda kommune har 8 adressatar langs Nygardsvegen, mens Hornindal har 5 nye adressatar tiltenkt dette vegnamnet.

Ospelida er ein etablert veg i bustadfelt i både Volda og Hornindal. Begge har få adressatar, 4 i Volda og 6 i Hornindal.

Sanden er eit nytt adresseområde med nokre få registrerte adresser på setra Sanden i Volda, mens i Hornindal er det hovudgata på Grodås der adressatane er tilskrevne og adressene matrikkelført. Det er klart flest adressatar i Hornindal med 19, mot 5 eksisterande adressatar i Volda. Volda kommune har allereie omadressert sine områdeadresser ved å nytte vegnamnet på tilførselsvegen, Dalsbygdvegen.

Så vidt vi kan sjå, har ingen av nabokommunane våre nokre av desse vegnamna.

**Drøfting av nesten like vegnamn**
Hornindal og Volda kommunar har 5 vegnamn som er ganske like.

Dalavegen er eit vedteke vegnamn i Hornindal, men ingen av dei 98 adressatane er tilskrevne. Volda har vegnamnet Dalevegen med 15 adressatar. Vegnamna har berre ein bokstav i forskjell på namnet. «Vegen innover dalen» og «Innidalen» er mykje brukte om vegen innover Hornindal. Skulebussen har vorte kalla Dalabussen i lange tider. For Hornindal vil Dalavegen vere eit godt vegnamn på ein vegstrekning som går forbi ulike gardsnamn. Men vi ser at både Volda, Ørsta og Stranda har

vegnamnet Dalevegen, så skal vi ha eit unikt vegnamn ulikt nabokommunane, bør vi nok unngå å bruke både Dalevegen i Volda og Dalavegen i Hornindal.

Haugen er eit område i Hornindal, og på folkemunne seier vi «oppi Håjen». Vegnamnet Haugen er vedteke, men dei 16 adressatane er ikkje tilskrevne. Volda har vegnamnet Haugevegen med 23 adressatar, som har mange av dei same bokstavane i seg som Haugen. Stranda har også vegnamnet Haugen, mens Ørsta har vegnamnet Haugemyrvegen. Skal vi ha eit unikt vegnamn ulikt nabo-kommunane, bør nok Hornindal unngå å bruke vegnamnet Haugen.

Hjellbakkevegen i Hornindal er ganske lik Hjellbakkane i Volda. Sidan vegen i Hornindal er ein samleveg med 19 adressatar mot 2 adressatar i Volda, bør Hornindal få behalde vegnamnet. Dessutan er Hjellbakkane i Volda starten på ein veg inn i eit byggefelt, men i ein sving endrar vegnamnet seg til Bjørnevegen. Det hadde vore mest naturleg at denne parsellen får same vegnamnet langs heile si lengde.

Lønnsvegen med 18 adressatar i Hornindal er ganske lik Lønnevegen med 49 adressatar i Volda. Sidan Volda har klart flest adressatar, bør Hornindal vurdere eit nytt vegnamn.

Raudemelvegen går i eit industriområde i Hornindal, men skrivemåten er ganske lik Raudemyrvegen i eit bustadfelt i Volda. Sidan Raudemyrvegen i Volda har 20 adressatar, mot 4 adressatar langs Raudemelvegen i Hornindal, bør Hornindal vurdere nytt vegnamn.

**Drøfting av forslag til nye vegnamn i Hornindal**
Administrasjonen i Hornindal kommune vil kome med nokre forslag til nye vegnamn på dei vegane vi meiner ein bør endre namn på.

Dalavegen bør endrast då 3 av nabokommunane har vegnamnet Dalevegen. Etter rett burde det vore denne vegen som skulle heitt Hornindalsvegen, og ikkje den nye FV60. Om ein byter vegnamn frå Dalavegen til Hornindalsvegen, vil ein få ein veg med mange adressatar og namnet Hornindal vil verte teke i vare. Administrasjonen kjem med forslag om å endre vegnamnet til Hornindalsvegen. Nye FV60 som ikkje er bygd endå må då få eit nytt vegnamn, men det treng ein ikkje ta stilling til i denne omgong.

Grendavegen vonar vi å få behalde som vegnamn, sidan Hornindal har klart flest adressatar.

Grendadalsvegen liknar mykje på Grendavegen, begge i Hornindal. Ingen av adressatane langs Grendadalsvegen er tilskrevne, og adressene er heller ikkje ført i Matrikkelen. Det er no mogleg å ordne dette slik at vegnamna ikkje vert for like. Vi foreslår av vegparsellen frå krysset med Hjellbakkevegen til p-plassen ved Hornindal skisenter kan heite Holebakkane. Alternativt kan ein kalla vegen for Katuglehaugen.

Haugen er også brukt av Stranda, og både Volda og Ørsta har vegnamn som byrjar med Hauge-. Vi har høyrt at Øvrevegen har vore bruk på folkemunne. Dessutan har vi ein veg som heng saman med Haugen, som er kalla Beitevegen og som har 1 adressat pr. i dag. Det hadde vore ein fordel om vi fekk felles vegnamn for begge vegstrekningane som møtast på Ytre Haugen. Administrasjonen kjem med forslag om at Haugen og Beitevegen slåast saman til ein parsell og får nytt vegnamn Hogageilane. Vegnamnet må godkjennast av namnekonsulentane, då det ikkje har godkjent skrivemåte.

Hjellbakkevegen vonar vi å få behalde som vegnamn, då Hornindal har klart flest adressatar.

Kvivsvegen beheld både Hornindal og Volda som i dag. Det vi bør vurdere, er om heile E39 gjennom Nye Volda kommune burde heite Kvivsvegen. Det var det opprinnelege forslaget frå administrasjonen i Hornindal før den politiske nemnda tok over og delte opp parsellen i 4 delar.

Lidavegen er eit godt etablert vegnamn i Hornindal, men sidan Volda har flest adressatar, bør dei behalde vegnamnet. Administrasjonen kjem med Åresvora som forslag til nytt vegnamn. Det mest innlysande var kanskje å kalle vegen for Nylandsvegen. Då vi allereie har ein veg med 4 adressatar som heiter Nyland, må ein i så fall endre det vegnamnet også. Alternativt kan ein kalle dagens Lidavegen for Liskogvegen.

Lønnsvegen har vore brukt på folkemunne i alle år, og adressatane er tilskrevne og adressene registrert i Matrikkelen. For å unngå mistydingar med nesten likt namn i Volda, foreslår vi å endre vegnamnet i Hornindal til Furdansvegen. Vegnamnet må godkjennast av namnekonsulentane, då det ikkje har godkjent skrivemåte. Alternativ kan ein nytte vegnamnet Lødøen.

Nygardsvegen har ikkje tilskreve eller matrikkelførte adresser i Hornindal pr. i dag, men det er 5 adressatar langs denne vegparsellen. Administrasjonen kjem med forslag om å forlenge Knutsdalsvegen slik at den startar ved Seljesetbrua. Då vil gardane på Nygard få adresse Knutsdalsvegen, og ein vil få ein meir naturleg vegparsell som tek til ved Seljeset bru og heilt inn til Strynesetra. Alternativt kunne ein forlenga Seljesetvegen til å omfatte også Nygard.

Då Raudemyrvegen i Volda og Raudemelvegen i Hornindal har veldig lik ordlyd, gjer vi framlegg om å endre vegnamnet Raudemelvegen til berre Raudemel, då vi syns skilnaden på vegnamna då vert stor nok.

Ospelida er eit godt etablert vegnamn i begge kommunane. Om Hornindal må endre vegnamnet, kjem administrasjonen med forslag om Hogden.

Sanden har Volda allereie omadressert ,så Hornindal får behalde det vegnamnet. Alternativt vil ein kunne nytte Kvivsvegen om ein vedtek å forlenge denne vegparsellen både i Volda og Hornindal.

**Økonomiske konsekvensar**
Alle adressatar som må endre vegadresse, må tilskrivast. Adressatane er sjølve ansvarlege for å informere sine private kontaktar. Kommunane må endre adressene i Matrikkelen, men ein kan behalde nummereringa i dei fleste tilfelle. Dermed vert det berre vegnamnskilta som må bytast ut der ein har det. Omadresseringa skapar ikkje dei store kostnadane for kommunen, men personar eller firma som har reklameartiklar eller profilering med adresse, må endre dette for eiga rekning.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Ein tek atterhald om vedtak i Fellesnemnda 19.04.18, om kriteriar for korleis vi skal fordele arbeidet med omadressering mellom kommunane Hornindal og Volda.

Ein legg forslag til nye vegnamn i Hornindal ut på høyring i perioden f.o.m. 23.04.18 t.o.m. 23.05.18.

Administrasjonen i Hornindal kommune kjem med forslag om nye vegnamn på følgjande vegar:
I dag: Dalavegen – Forslag: Hornindalsvegen
I dag: Grendadalsvegen – Forslag: Holebakkane
I dag: Haugen + Beitevegen – Forslag: Hogageilane
I dag: Lidavegen – Forslag: Åresvora
I dag: Lønnsvegen – Forslag: Furdansvegen
I dag: Nygardsvegen – Forslag: Knutsdalsvegen
I dag: Ospelida – Forslag: Hogden
I dag: Raudemelvegen – Forslag: Raudemel

NOTAT TIL FELLESNEMNDA – LIKE VEGNAMN I HORNINDAL OG VOLDA KOMMUNAR

Vi vil med dette notatet informere Fellesnemnda for Nye Volda kommune om stoda, og om vidare saksgong. Prosjektleiaren i Nye Volda ynskjer at dette notatet vert lagt fram som ei orienteringssak for Fellesnemda, slik at de er informert om prosessen vidare framover.

Administrasjonen i Hornindal og Volda kommunar har i utgongspunktet ikkje visst at vi hadde så mange vegnamn som var såpass like. Etter å ha fått ein rapport frå Kartverket Molde, har vi hatt eit felles arbeidsmøte i administrasjonen som avdekka fleire likskapar.

Konklusjonen til administrasjonen er at desse vegnamna må vi fordele, men det er vanskeleg å finne ein felles utvelgingsfaktor. Nokre vegar har klart fleire adressatar. Nokre vegar har eksistert lenge og er veletablerte. Vi har difor kome til at vi må ta ca. halvparten av jobben med omadressering kvar.

Under er lista opp vegar med «like» vegnamn i dei to kommunane:

| Volda | Hornindal | Merknad |
|---|---|---|
| Dalevegen (15) | **Dalavegen** (98) | Hornindal klart flest adressatar |
| *Grendavegen (29)* | ***Grendavegen*** *(59)* | *Hornindal klart flest adressatar* |
| Haugevegen (23) | Haugen (16) | Kven må omadressere? |
| Hjellbakkane (2) | **Hjellbakkevegen** (19) | Hornindal klart flest adressatar |
| *Kvivsvegen (5)* | *Kvivsvegen (10)* | *Planlagt, ingen like husnr. men ulik nr.tildeling* |
| ***Lidavegen*** *(38)* | *Lidavegen (22)* | *Volda klart flest adressatar* |
| Lønnevegen (49) | Lønnsvegen (18) | Kven må omadressere? |
| ***Nygardsvegen*** *(8)* | *Nygardsvegen (5)* | *Volda, etablert omr. gml. adr.* |
| *Ospelida (4)* | *Ospelida (6)* | *Kven må omadressere?* |
| **Raudemyrvegen** (20) | Raudemelvegen (4) | Volda klart flest adressatar |
| *Sanden (5)* | ***Sanden*** *(19)* | *Hornindal klart flest adressatar* |

Vegnamn i kursiv har heilt lik skrivemåte.
Vegnamn i fet skrift er namna vi føresler skal eksistere.
Tal i parantes bak vegnamn er tal adressatar langs vegparsellen.

Etter vår oppfatning må Volda skifte namn på minst 3 vegar (Dalevegen, Grendavegen, Hjellbakkane), og det same gjeld for Hornindal (Lidavegen, Nygardsvegen, Raudemelvegen).

Når det gjeld vidare saksgong, har vi eit forslag:
- Kommuneadministrasjonen kjem opp med forslag til nye vegnamn
- Nytte vegnamn som er har godkjent skrivemåte for å unngå namnesaker
- Sak til utvala i dei respektive kommunane om å legge vegnamna ut på høyring
- Etter høyringsfristen, ta stilling til evt. innkomne merknadar eller nye forslag
- Sak til utval og kommunestyre om vedtak av nye vegnamn (før sommarferien?)

15.02.2018, Anita Brenna Muldsvor, Utviklingsetaten, Hornindal kommune

**PS 21/18 Orienteringssaker**

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

**Rev 01.03.2018**



# PROSJEKTET - VOLDA - HORNINDAL VI BYGGJER EIN NY KOMMUNE

Prosjektbeskrivinga er eit samla styringsdokument for gjennomføring av samanslåing av Hornindal og Volda kommunar. Den ligg til grunn for alle aktivitetane frå starten av prosjektet til gjennomføringa er fullført 01.01.2020. Prosjektbeskriving vil bli revidert etterkvart som prosjektet skrid framover.

Vedlegg:

1. Intensjonsavtale Hornindal og Volda kommunar
2. Kommunikasjonsplan 2017-2020
3. Reglement for møtegodtgjersle Nye Volda kommune
4. Omstillingsavtale Samanslåing Hornindal og Volda kommune

Innhald:


| | Side |
|---|---|
| 1 Føremål | 3 |
| 2 Mål, grunnlag og mandat | 3 |
| 2.1 Mål for samanslåinga | 3 |
| 2.2 Grunnlaget for samanslåinga | 3 |
| 2.3 Prosjektmandat (Kriterier for samansetjing og funksjonar til fellesnemnda etter Inndelingslova §26) | 4 |
| 2.4 Strategiske satsingar nye Volda | 4 |
| 2.5 Interkommunale samarbeid –Retningsval for det som gjeld tenestesamarbeid/ Produksjon | 4 |
| 2.6 Fellesnemnda | 4 |
| 2.7 Partssamansett utval | 5 |
| 3 Prosjektorganisasjon | 6 |
| 3.1 Organisasjonskart | 6 |
| 3.2 Delegering frå Fellesnemnda | 6 |
| 3.3 Prosjektleiing og administrativ styringsgruppe | 7 |
| 3.4 Aktivitetar | 8 |
| 3.4.1 Politisk | 8 |
| 3.4.1.1 Temakomite for nytt kommunenamn og heraldisk profil | 8 |
| 3.4.1.2 Organisasjonsutval | 9 |
| 3.4.1.3 Temakomite for kulturbygging | 9 |
| 3.4.1.4 Andre aktuelle tema for politisk aktivitet | 11 |
| 3.4.2 Administrativ | 11 |
| 3.4.3 Prioritering og planlegging (fase II) | 12 |
| 3.4.4 Gjennomføring (fase III) | 12 |
| 3.4.5 Informasjon og kommunikasjon i prosessen | 12 |
| 4 Tidsline/Framdriftsplan | 12 |
| 5 Budsjett for prosjektet | 12 |

# 1 Føremål

Føremålet med reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og utfordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggjast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.
Viktige strategiske satsingsområde i kommunesamanslåingsprosjektet vil vere jfr. PS sak 11/17:

- Sysselsetting
- Digitalisering
- Kompetanseutvikling)

# 2 Mål, grunnlag og mandat

## 2.1 Mål for samanslåinga

Måla er fastsett i intensjonsplanen som vart vedteken av kommunestyra i Hornindal og Volda i juni 2016:

### Hovudmål:

- Saman med nabokommunar ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad
- Folkehelse skal ha eit overordna og førande fokus og kommunen vil støtte opp under dei fritidsaktivitetane og anlegga som ligg i kommunane i dag.
- Vere ein utviklingsaktør

### Delmål:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Byggje på dagens kommunar sine identitetar og styrkar innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng
- Løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnarskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, NAV-direktoratet, frivilligsentral, frivillige organisasjonar og næringslivet.

## 2.2 Grunnlaget for samanslåinga

Kommunestyrevedtak i Volda 28.06.2016 PS. sak 91/16
Kommunestyrevedtak i Hornindal 30.06.2016 K. sak 48/16
Intensjonsavtalen inneheld målsetjingane som er nemnt i pkt 2.1.
Intensjonsavtale Hornindal og Volda kommunar.pdf (jfr, vedlegg nr. 1)

## 2.3 Prosjektmandat (Kriterier for samansetjing og funksjonar til fellesnemnda etter Inndelingslova §26)

Vedtak om mandat til Fellesnemnda er gjort i kommunestyret i Hornindal, 1. juni2017 og kommunestyret i Volda, 1.juni -2017.

## 2.4 Strategiske satsingar nye Volda

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 16.11.2017
Fellesnemnda vedtek sysselsetting, digitalisering og kompetanseutvikling som strategiske satsingsområde som sentrale i kommunesamanslåingsprosjektet

## 2.5 Interkommunale samarbeid –Retningsval for det som gjeld tenestesamarbeid/produksjon

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 22.02.2018

Fellesnemnda vedtek at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre. Prosjektadministrasjonen vert beden om å førebu oppseiingar og reforhandlingar av avtaler for endeleg vedtak i fellesnemnda.
Fellesnemnda kjem attende til nærare avklaring av interkommunale interessesamarbeid og utviklings-/næringssamarbeid.

## 2.6 Fellesnemnda

### 1. Samansetjing

Fellesnemnda skal vere samansett av*10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyre og 5 frå Volda kommunestyre.*

**Medlemmer:** Jørgen Amdam, Fride Schjølberg Sortehaug, Odd Harald Sundal, Margrete Bjerkvik, Odd Arne Folkestad (alle Volda), Stig Olav Lødemel, Randi Langlo, Eldar Engelund, Bente Tryggestad, Brynhild Lund Notøy (alle Hornindal).

**Leiar:** Stig Olav Lødemel (Hornindal)

### 2. Fellesnemnda sine fullmakter

Fellesnemnda skal i opne møter planlegge og førebu samanslåing fram til konstituering av nytt kommunestyre i den nye kommunen. Vedtak i Fellesnemnda bør så langt råd er fattast etter "konsensusprinsippet."Det ligg ikkje til fellesnemnda å ha styring av den daglige drifta i dei to kommunane fram til tidspunktet for samanslåing.
Fellesnemnda skal ha som oppgåve å:

a) Inngå avtalar på vegne av den nye kommunen.
b) Gjere vedtak om kommunevåpen for den nye kommunen.
c) Gjere vedtak om val av hovudmodell for den politiske organiseringa av den nye kommunen. I det ligg det også reglement for dei nye politiske organa og reglement for arbeidsvilkåra for politikarane i kommunen.
d) Kome med uttale/innspel om val av hovudmodell for administrativ organisering av den nye kommunen.
e) Godkjenne framdriftsplan i samanslåingsprosessen.
f) Vedta budsjett for samanslåingsprosessen..
g) Har ansvaret for det førebuande arbeidet med budsjettet for første driftsår etter at samanslåinga er sett i verk (2020).
h) Gje fråsegn til Fylkesmannen i dei to fylka om budsjett og økonomi- og handlingsplan for dei to kommunane.

i) Gjere vedtak om spørsmål som gjeld lokalisering av dei ulike administrative og tenesteproduserande einingar i den nye kommunen.
j) Tilsette rådmann og revisor i den nye kommunen.
k) Har fullmakt til å overføre og tilsette personell til den nye kommunen.
l) Kan vedta mindre justeringar i organiseringa og beskrivinga av prosjektet.
m) Gjere vedtak om andre spørsmål som er knytt til samanslåingsprosessen og tilhøve som gjeld ny kommune.
n) Ta ansvar for informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane for det som gjeld bygging av den nye kommunen.

## 3. Innstillingsrett til kommunestyra

Dersom det kjem opp saker som vedkjem samanslåingsprosessen, og som er av ein slik art at dei må handsamast i eit eller begge kommunestyra, må Fellesnemnda be rådmennene om å leggje fram dei aktuelle sakene for dei to kommunestyra.

## 4. Delegering

Fellesnemnda kan gje leiar i Fellesnemnda og/eller prosjektleiar fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Dersom det er tvil om saka er av prinsipiell karakter skal saka avgjerast av Leiar i Fellesnemnda og prosjektleiar i fellesskap. Om det framleis er usemje skal saka avklarast i fellesnemnda.

## 5. Saksførebuing

a) Administrativ styringsgruppe førebur saker som prosjektleiar legg fram for Fellesnemnda med tilråding.
c) Rådmennene har møte- og talerett i Fellesnemnda.

## 6. Funksjonsperiode

Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.
a) Fellesnemnda si funksjonsperiode gjeld fram til konstituering av kommunestyret i den nye kommunen.
b) Leiar i Fellesnemnda kallar saman det nyvalde kommunestyret til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad i 2019.
c) Leiar av Fellesnemnda leier møtet fram til ny ordførar er vald.

## 2.7 Partssamansett utval

Det skal opprettast eit partssamansett utval under Fellesnemnda. Utvalet skal samansetjast av 3 politikarar inkludert leiar og nestleiar i Fellesnemnda og 2 tillitsvalde frå kvar kommune.

**Medlemmer:** Stig Olav Lødemel, Lars Alv Haugen, Nina Lødøen Øen (frå Hornindal) og Hild Våge, Erlend Krumsvik (frå Volda).

**Tillitsvalde i utvalet:** Idar Holen og Norunn Helene Holmøy-Wang (begge Hornindal), Sirikit Vågen og Oddbjørg Yksnøy Rangsæter (begge Volda)

**Oppgåver:** Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld forhold mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
Døme på dette er omstillingsavtale. Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.
All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjettrammene som er vedtekne av Fellesnemnda.

# 3 Prosjektorganisasjon

## 3.1 Organisasjonskart




## 3.2 Delegering frå Fellesnemnda

**A. Delegering til Leiaren i Fellesnemnda**

A1. Leiaren av Fellesnemnda er rettsleg representant for den nye kommunen og leiar og nestleiar signerer på vegne av kommunen i alle høve der myndet ikkje er tildelt andre.
A2. Leiaren av Fellesnemnda kan gje andre mynde til å delta og representere den nye kommunen.
A3. Leiaren av Fellesnemnda kan innvilge offentlige gåver og merksemd knytt til den nye kommunen for inntil kr 1.000 i kvart høve.

**B. Delegering til partssamansett utval**

B1. Det partssamansette utvalet er Fellesnemnda sitt utval for handsaming av prinsipielle saker som gjeld tilhøve mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Døme på dette er omstillingsavtale.
B2. Det partssamansette utvalet gjev fråsegn i saker som omhandlar overordna personalpolitiske spørsmål, retningsliner og planar i samband med kommunesamanslåinga.

**C. Delegering til prosjektleiar**

C1. Prosjektleiar skal gje tilråding i alle saker til Fellesnemnda. Prosjektleiar har ansvar for at saker som vert lagt fram, er forsvarleg utgreidde, og har ansvar for at vedtak vert sett i verk.
C2. Prosjektleiar har ansvaret for koordinering av politiske og administrative prosessar og syter for at det vert gjort vedtak som sikrar naudsynt framdrift for etablering av den nye kommunen.
C3. Prosjektleiar for kommunesamanslåinga vert gitt mynde til å gjere vedtak/ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell karakter og der slikt mynde ikkje er gjeve til andre.
C4. Prosjektleiar har mynde til innkjøp- og tilvising innanfor Fellesnemnda sitt budsjett i samsvar med vedtekne prioriteringar. Vidare har han/ho mynde til å godkjenne tilbod/anbod dersom ikkje myndet er lagt til andre nemnder eller organ. Likeeins har han/ho mynde til å inngå kontraktar for arbeid og leveransar.
C5. Prosjektleiar har mynde til å overføre personell til den nye kommunen. Overføringane skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og i samsvar med gjeldande lov og regelverk for verksemdsoverdraging.
C6. Prosjektleiar har tilsettingsmynde til stillingar i den nye kommunen. Unntaket frå dette er tilsetting av rådmann og revisor.
C7. Prosjektleiar kan delegere eige mynde vidare internt.

**D. Retningslinjer for bruk av delegert mynde**

All mynde som er delegert skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer som er gitt av overordna organ, og i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk. Delegert mynde skal elles utøvast innanfor dei plan- og budsjettrammene som er vedtekne av Fellesnemnda.

**E. Iverksetjing og gyldigheit**

Dette reglementet er vedteke av Fellesnemnda og trer i kraft frå det tidspunktet reglementet er godkjent i begge kommunestyra.

Endringar av reglementet kan berre gjerast og vedtakast av Fellesnemnda der det ikkje går fram av reglementet at andre kan delegere myndet vidare.

## 3.3 Prosjektleiing og administrativ styringsgruppe

Fellesnemnda tilsette i møte 20. juni 2017 rådmannen i Volda kommune, Rune Sjurgard, som prosjektleiar for kommunesamanslåinga frå vedtak om samanslåing er gjort og fram til ny kommune er etablert.

I same møtet gjorde Fellesnemnda vedtak om at prosjektleiar vert rådmann i den nye kommunen og rådmannen i Hornindal kommune går inn i funksjonen som assisterande rådmann i den nye kommunen.

Prosjektleiar skal ha det administrative ansvaret for gjennomføringa av prosjektet.

**Administrativ styringsgruppe er øvste administrative organ og har slik samansetning og mandat:**

### Samansetjing

Prosjektleiar/rådmann Rune Sjurgard, leiar
Rådmann Ann Kristin Langeland, nestleiar
Ass. rådmann i Volda, Asbjørn Moltudal
Hovedtillitsvald Hornindal, Norunn Helene Holmøy-Wang
Hovedtillitsvald Volda Oddbjørg Yksnøy Rangsæter
Prosjektkoordinator/kommunikasjonsrådgjevar er sekretær

### Møter

Administrativ styringsgruppe skal ha møter etter fastsett møteplan.

### Oppgåver

- I Forprosjektfasen (Fram til endeleg vedtak frå Stortinget og oppretting av Fellesnemnd etter § 26 i Inndelingslova) skal det gjennomførast eit kartleggingsarbeid, som tek for seg område for område og finne ut korleis ulike tenester og arbeidsoperasjonar er organisert, IKT-programvare/infrastruktur, ressursinnsats og standard på tenester, behov for endringar, eigarskapsinteresser, inngåtte avtalar, interkommunale samarbeid, personalpolitiske retningsliner m.v.
- Det vert sett ned arbeidsgrupper ut frå ulike tema og problemstillingar. Desse vert samansett av tilsette frå begge kommunane. Styringsgruppa set ned slike grupper etter behov og prioriterar kva tema som det hastar å kome i gang med.

Etter endeleg vedtak frå Stortinget og oppretting av Fellesnemnd etter § 26 i Inndelingslova) våren 2017 skal styringsgruppa;

- Utarbeide bemanningsplan for den nye kommunen
- Utarbeide framlegg til lokalisering av funksjonar/stillingar med utgangspunkt i den vedtekne intensjonsavtalen mellom dei to kommunane.
- Administrativt hovudansvar for arbeidet med omstilling og samanslåing av Volda og Hornindal.
- Hovudansvar for utforming av prosjektplan, utarbeiding av tidsplan for arbeidet og syte for at prosjektet med samanslåing blir gjennomført.
- Utarbeide prosjektbudsjett og søkje eksterne midlar til samanslåingsprosjektet.
- Førebu møter og utgreie saker til Fellesnemnda og partssamansett utval.
- Syte for at aktuelle tema blir utgreidde og "fasa" inn i prosjektet.
- Opprette arbeidsgrupper / ad-hoc utval etter behov innanfor sektorar/einingar/teneste der dette er ynskjeleg. Det skal være medlemer frå begge kommunane i kvar gruppe.
- Overføre personale til den nye kommunen. Overføringane skal gjennomførast i samarbeid med tillitsvalde og i samsvar med gjeldande lov og regelverk for verksemdsoverdraging.

## Vedtak og referat

Vedtak som er gjort av prosjektleiar/rådmann i ny kommune skal saksførebuast og arkiverast som administrative vedtak. Dei skal leggjast fram for politisk organ i første møtet som referat/orienteringssak. Det skal førast referat frå møta i administrativ styringsgruppe.

## 3.4 Aktivitetar

## 3.4.1 Politisk

Reglement for møtegodtgjerdsle skal utarbeidast – Gjennomført og vedteke i møte 16.11.2017
PS sak 28/17 , jfr. Vedlegg nr. 2

Fellesnemnda set ned følgjande

**Politiske nemnder :**

### 3.4.1.1 Temakomite for nytt kommunenamn og heraldisk profil:

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 09.03.2017 stadfesta i møte i Fellesnemnda 14.09.2017

**Leiar: Jon Tvinnereim.**
Medlemmar: Kari Hasle, Odd A. Folkestad, Rolf Taraldset og Siv Madeleine Kristensen
Varamedlemer: Volda: Jakob Helset , Tove Aurdal Hjelnes Hornindal: Torunn Lødemel Stokkeland, Svein Otto Espe

1. Komiteen skal legge fram framlegg til nytt kommunenamn for den førebelse fellesnemnda innan 1. juni 2017.
2. Komiteen skal legge fram framlegg til ny heraldisk profil for fellesnemnda innan 16. 11. 2017 (endra i møte 14.09).
3. Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei involvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.
4. Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen

Lagt fram framlegg til nytt kommunevåpen 16.11.2017. Er til vurdering og endeleg vedtak om nytt kommunevåpen i Fellesnemnda er tenkt gjort 19, april 2018 etter endeleg framlegg frå nemnda.

Før møtet i Fellesnemnda 21. juni 2018 leverer Heraldikknemnda forslag til val av motiv for medaljongane i den nye ordførarkjeda for Nye Volda.

Før møtet i Fellesnemnda 6. september 2018 leverer Heraldikknemnda ferdig forslag til ordførarkjede for Nye Volda.

Heraldikknemnda tek sikte på å overlevere ferdiglaga ordførarkjede til Volda kommune tidleg på hausten 2019 etter nærare avtale med Fellesnemnda.

### 3.4.1.2 Organisasjonsutval

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 09.03.2017 stadfesta i møte i Fellesnemnda 14.09.2017:

**Jørgen Amdam som leiar**, Rebecca Riise Bjerknes og Arild Iversen.
Vara:
1. Dan Helge Bjørneset
2. Hild Våge.

Eldar Engelund Sp, Per Maurset Ap og Stig Olav Lødemel H.
Vara:
1. Brynhild Lund Notøy V 2. Bente Tryggestad Sp

I. Utvalet skal gå gjennom:
   a. Politisk organisering
   b. Reglement for kommunestyret, formannskap, og andre politiske utval/råd
   c. Delegeringsreglement
II. Framlegg til ny politisk organisering skal leggast fram for fellesnemnda innan 1. juni 2018.
III. Førebels fellesnemnd legg til grunn at komiteen sikrar brei involvering frå dei respektive kommunane i arbeidet.
IV. Rådmennene peikar ut sekretariat for komiteen.

### 3.4.1.3 Temakomite for kulturbygging

Temagruppa vert samansett slik (Vedtak 12.10.2017):

**Namn**

Odd Harald Sundal, leiar
Frivillighetsentral Volda
Frivillighetsentral Hornindal
Ungdomsrepresentant Volda
Resursperson Hornindal

**Mandat prosjektgruppe:**

- Utarbeide framlegg til detaljert plan og tiltak for gjennomføring. Kome med framlegg om evt. administrativ ressurs og budsjett til føremålet/tiltaka.
- Drive marknadsføring og påverke i høve til målgrupper
- Gjennomføring av tiltak for sikre at måla i prosjekt vert nådd.
- Kome med framlegg til kriterier for fordeling av midlar til lag- og organisasjonar.
- Gjere vedtak om fordeling av midlar til tiltak.
- Være ansvarlig for gjennomføring av markeringer i samband med samanslåinga.

**Rammebudsjett**
Økonomisk støtte til lag- og foreiningar og næringsliv med tanke på felles tiltak:

Fordeling av kr. ..................... pr. år til lag og organisasjonar etter kriterium utforma av nemnda for ekstern kulturbygging og godkjent av Fellesnemnda.
Fordeling av kr. ...................... til tiltak/markeringer fellestiltak etter kriterium utforma av nemnda for ekstern kulturbygging og godkjent av Fellesnemnda
Administrativ ressurs til kulturbygging: (vert utgreidd av temagruppa som eiga sak saman med plan)

## Plan for ekstern kulturbygging

**Bakgrunn og avgrensing**
Bygging av felles identitet og samhald når to kommunar slår seg saman, er ei utfordrande oppgåve. Dette gjeld både eksternt mot innbyggarane og internt i høve til tilsette.

Denne planen/tiltaka skal ivareta **kulturbygging eksternt** og fellesnemnda vel nemnd for ekstern kulturbygging.

Prosjektleiar/ rådmannen i ny kommune har ansvaret for den **interne kulturbygginga.**

**Mål**
Den nye kommunen skal være ei kulturkommune. Det er ynskjeleg å bidra til varierte kultur og arrangement på fleire måtar aktivisere menneske i alle aldrar og med ulike føresetnader. På den måten ynskjer ein å gje innbyggarane ei oppleving av fellesskap og samhald. Gjennom ulike aktivitetar på kulturområdet ynskjer ein bidra til ny skaparglede om mellommenneskeleg kontakt slik at innbyggarane opplever den nye kommunen som ei god kommune å bu og leve i.

**Målgruppe**
Planen/tiltaka skal så langt råd er omfatte målgruppene:

- Folkevalde
- Kommunale einingar (skuler og barnehagar, kulturskulen, ungdomsråd, eldreråd, rådet for funksjonshemma, m.fl.)
- Frivillige lag og organisasjonar – etablerte kulturinstitusjonar - kyrkja
- Næringslivet
- Innbyggjarane

**Tiltak - marknadsføring**
**Folkevalde:**
Bli kjent i begge kommunar både geografisk og gjennom besøk på kommunale einingar og besøk hjå næringslivet.

Oppfordre folkevalde om å framsnakke ny kommune og bidra med positiv informasjon og marknadsføring av ny kommune.

**Kommunale einingar:**
Oppfordre til å nytte samanslåinga i undervisning i skulen, markeringar/besøk i barnehagar, underholdningsbidrag frå kulturskulen, felles møter og arrangement i ulike råd og utval.

**Frivillige lag og organisasjonar/etablerte kulturinstitusjonar/kyrkja:**
Oppfordre til felles arrangement (utvikle eksisterande og skape nye). Stimulere med økonomisk støtte til marknadsføring og gjennomføring.

**Næringsliv:**
Oppfordre til å marknadsføre den nye kommunen - stimulere med økonomisk støtte. Bidra til ny aktivitet og næring (t.d."Ny næring på gamle tufter").

**Innbyggjarane:**
Døme:
Bli kjend i ny kommune (guida bussturar med kjentmann/kjent person, quiz med den nye kommunen som tema)?
Marknadsføring : bruk av heimeside, sosiale medium, bruk av media?
Markeringar: folkefest/marknad/fakkeltog/fyrverkeri 31.12.2019 - lyssetting - nyttårskonsert?

#### 3.4.1.4 Andre aktuelle tema for politisk aktivitet

- Vidaregåande skular
- Kyrkjeleg Fellesråd - eiga sak

- Samferdsel/kollektivtransport.
  Den nye kommunen har fått midlar til infrastruktur og styrking av kollektiv mellom Grodås og Volda. Arbeidet no vert inn mot samferdselsavdelinga med tanke på å kome med innspel til kva rutetider som vil høve seg best. Ønsket er å setje opp ei rute som samsvarar med når skular/høgskulen startar.

- OS sak 16/18 **Like vegnamn i Hornindal og Volda kommunar**. Administrasjonane utarbeider framlegg til evt. namneendring som vert lagt fram for kommunestyra i dei ulike kommunane. Saka skal handsamast i Fellesnemnda før den går til kommunestyra.

- OS sak 12/18 **Ny næring på gamle tufter – forprosjekt.** Det vert lagt fram sluttrapport på forprosjektet våren 2018. Målsettinga med prosjektet er m.a. å sikre og utvikle nye arbeidsplassar innanfor naturbaserte næringar i kommunane Stranda, Ørsta, Volda Stryn og Hornindal. Det vert søkt om finansiering av prosjektet fram til 01.01.2020.

## 3.4.2. Administrativ

### Status – utfordringar – mulegheiter (fase I) (Kartleggingsarbeid)

Administrative arbeidsgrupper (jfr. oppstartsmøte 12. januar 2017):

1. IKT
2. Plan og utvikling
3. Teknisk og drift
4. Sak/arkiv
5. Personal
6. Brann
7. Interkommunale samarbeid/avtaler med private/tilskot
8. Helse og Omsorg
9. Landbruk
10. Næringsgruppe
11. Eigedom
12. Sosiale aktiviteter/kulturbygging
13. Opplæring og oppvekst
14. Økonomi/Skatt
15. Kultur/Kino/Bibliotek
16. NAV

I tillegg må ein avklare tilhøvet til;
- Kyrkjene
- Museum
- Renovasjon

Gruppene konstituerer og organiserer seg sjølve, opp nemner evt. undergrupper eller tek med dei frå organisasjonen dei meiner bør vere med i gruppa.

Det skal **innan 01.06.17** leverast skriftleg rapport til prosjektleiar på kartlegginga frå dei administrative arbeidsgruppene.

Prosjektleiar skal med jamne mellomrom ha møter med dei tillitsvalde.

**Oppdraget i fase I:**
1. Bli kjende med kvarandre!
2. Skaffe oversikt over;

1. **Status**
   Organisering /tenester/fagområde,Oversikt over deltaking i samarbeid, Personalressursar Plansituasjon, It-system, lokale forskrifter, lokale særavtalar og interne reglement

2. **Avtalar**
   Avtalar som skal reviderast før 2020,Gjeldande avtalar som skal reviderast etter 2020 (statlige etater, fylkeskommune, kommuner, IKS, KF, regionråd, vertskommunar)
   Avtalar med eksterne leverandørar av varer og tjenester

3. **Betalingsregulativ**
   Oversikt betalingsregulativ

4. **Innspel på spørsmål som må avklarast i omstillingsprosessen**
   Avklare kritiske område i gjennomføringsfasen

### 3.4.3 Prioritering og planlegging (fase II)

**Omstillingsavtale** skal utarbeidast – Gjennomført og vedteke i møte 01.02.2018 PS sak 5/18 , jfr. Vedlegg nr. 3

**Administrativ struktur.** (Rune skriv inn passande tekst her)
(Her skal det gjevast nye mandat)

### 3.4.4 Gjennomføring (fase III)

(Her skal det gjevast nye mandat)

### 3.4.5 Informasjon og kommunikasjon i prosessen

Fellesnemnda skal gjere vedtak om kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen. Heimesidene og bruk av sosiale media skal utviklast og informasjons- og kommunikasjonskanalar skal prioriterast i prosessen. Dette vil være viktige informasjons-, medverknads- og kommunikasjonskanalar gjennom prosessen. Vedteken kommunikasjonsplan Nye Volda 2017-2020 ligg ved som vedlegg nr. 1

# 4 Tidsline/Framdriftsplan

Sjå eige vedlegg

# 5 Budsjett for prosjektet

Budsjett for prosjektet skal utarbeidast og vedtakast av Endeleg Fellesnemnd (jfr.Inndelingslova §26) .

Budsjettkorrigering 14.09.2017; Disponering av eingongstilskotet og tilskot knytt til infrastruktur vert å disponere slik i budsjettet for 2017:

| | |
|---|---|
| **Inntekter:** | |
| Rammetilskot vert auka med (prosjekt Infrastruktur - kommunesamanslåing) | 4,0 mill. kr |
| Tilskot frå stat vert auka med (prosjekt kommunesamanslåing) | 20,5 mill. kr |
| **Utgifter:** | |
| Avsetjing til fond (prosjekt Infrastruktur – kommunesamanslåing) | 4,0 mill. kr |
| Lønnsutgifter (prosjekt kommunesamanslåing) | 0,6 mill. kr |
| Driftsutgifter til programvare, møter, annonsering og informasjon | 1,0 mill. kr |
| Kjøp av tenester | 0,4 mill. kr |
| Avsetjing til fond (prosjekt kommunesamanslåing) | 18,5 mill. kr |

Det skal søkjast om eksterne midlar så snart som råd.

Vedtak 07.12.2017 PS. sak 35/17 Økonomiplan Nye Volda:

| ØKONOMIPLAN NYE VOLDA 2018-2019/BUDSJETT 2018 | | | |
|---|---|---|---|
| | Budsjett 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 |
| Tilskot frå fylkesmann | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 |
| Eingongstilskot | -20 500 000 | | |
| Tilskot Infrastruktur | -4 000 000 | | |
| **Inntekter** | **-25 500 000** | **-1 000 000** | **-1 000 000** |
| Kommunikasjonsrådgjevar | 406 805 | 640 000 | 640 000 |
| IKT digitalisering prosessleiar | | 800 000 | 800 000 |
| Arkivstilling | | 640 000 | 640 000 |
| Frikjøp HTV (inkludert begge kommunar) | 266 667 | 560 000 | 560 000 |
| Frikjøp fagressursar til utvikling av tenester ny kommune | | 1 000 000 | 1 500 000 |
| Andre lønnsutgifter (politisk, reiseutlegg ++) | | 225 000 | 225 000 |
| ***Lønnsutgifter*** | ***673 472*** | ***3 865 000*** | ***4 365 000*** |
| Informasjon | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| Profilering | | 100 000 | 400 000 |
| Opplæring Kompetanseheving | 50 000 | 750 000 | 2 500 000 |
| Programvare og datakommunikasjon | 25 000 | 100 000 | 100 000 |
| Heraldikknemnd | 300 000 | | |
| Drift prosjektorganisering | | 200 000 | 200 000 |
| Andre driftsutgifter | 75 000 | 200 000 | 200 000 |
| ***Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod*** | ***650 000*** | ***1 550 000*** | ***3 600 000*** |
| Arkiv- periodisering avlevering | | 1 000 000 | 3 000 000 |
| Kjøp av tenester | 40 000 | 500 000 | 500 000 |
| Ekstraløyving til Kyrkjeleg Fellesråd | | 200 000 | 200 000 |
| ***Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod/Overføringar*** | ***40 000*** | ***1 700 000*** | ***3 700 000*** |
| ***Infrastruktur*** | | ***2 000 000*** | ***4 000 000*** |
| **Utgifter** | **1 363 472** | **9 115 000** | **15 665 000** |
| Avsetjing bundne fond | 24 136 528 | | |
| Bruk av fond | | -8 115 000 | -14 665 000 |
| **Netto avsetjing fond** | **24 136 528** | **-8 115 000** | **-14 665 000** |
| **Meirforbruk /Mindreforbruk** | **0** | **0** | **0** |

# Intensjonsavtale
# Samanslåing av Hornindal og Volda kommunar

## Innleiing

Hornindal og Volda kommunar tek sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i kommunane som gjer vedtak om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

## 1. Verdiar og mål

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av openheit, tillit, rausheit og likeverd. Ein vil tenkje felles muligheiter, kva vi kan bli betre på, korleis skape vekst og velstand, basert på ein framtidsvisjon om levande bygder og eit sterkt felles regionsenter.

Volda og Hornindal kommunar er ulike, men likevel likeverdige. Den nye kommunen skal etablerast, driftast og vidareutviklast med utgangspunkt i kvar av dei gamle kommunane sine tradisjonar og identitetar, fortrinn og ufordringar. Struktur, organisasjonskultur og system skal vektleggast, og utvikling av nærdemokrati skal gjevast høg prioritet.

Vi er samde om at hovudmålet med samanslåinga er å:

- Saman med nabokommunar ta ein posisjon for vekstkraft og utvikling i ein større region
- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggarane
- Attraktiv lokaliseringsstad for næringsverksemd og sentrale tenester.
- Sterkare gjennomslagskraft utad
- Folkehelse skal ha eit overordna og førande fokus og kommunen vil støtte opp under dei fritidsaktivitetane og anlegga som ligg i kommunane i dag.
- Vere ein utviklingsaktør

Delmåla er å:

- Skipe ein vekstkraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu-, arbeids- og fritidsområde i alle deler av kommunen.
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø
- Byggje på dagens kommunar sine identitetar og styrker innan reiseliv, anna næringsverksemd, utdanning, helse, språk og kulturarv, for å gje dette større kraft i regional samanheng

- Løyse strategiske oppgåver og prøve ut nye modellar for tenesteyting og samfunnsutvikling i partnarskap med t.d. sjukehus, vidaregåande skular, Høgskulen i Volda, NAV-direktoratet, frivillighetssentralen, frivillige organisasjonar og næringslivet.

## 2. Samfunnsutvikling

Det skal vere ei overordna målsetjing å realisere lokalsamfunna sine behov og interesser, samstundes sjå desse i regional samanheng og vere konkurransedyktig i landsdel og landet.

Arbeide målretta for dei vidaregåande skulane i Stryn og Volda slik at dagens struktur vert vidareført og at det blir lagt til rette for vidareutvikling knytt til lokale og regionale nærings- og samfunnsbehov.

Arbeide for at Volda sjukehus vert vidareutvikla som eit velfungerande lokalsjukehus med gode akuttfunksjonar, herunder akuttkirurgisk beredskap og fødeavdeling for regionen. Utvikle samarbeidet med høgskulen og næringslivet og støtte høgskulen i arbeidet med å styrke utdanning og forsking knytt til nasjonale og regionale behov; spesielt nynorsk, nytt bygg for medie- og kultur og kulturnæringspark og stimulere til innovasjon og kommersialisering.

Sentrale samfunnsutviklingstiltak:

- Ny idrettshall i Volda (jfr gjeldande økonomiplan i Volda kommune)
- Samarbeid med Høgskulen i Volda om fleirbrukslokale til undervisning, kultur og kino

Den nye kommunen vil utvikle potensialet for reiselivsutvikling der skisenteret i Hornindal inngår i denne strategien.

Det skal vere ei overordna prioritering å byggje ut gode kommunikasjonstilbod innanfor den nye kommunen. Det skal arbeidast for løysingar som gjer den nye kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion.

Breibandstilbod og mobildekning må sikrast for folk og arbeidsliv i alle deler av kommunen. Kommunen skal vere ein pådrivar for utbygging av følgjande prosjekt:

- Realisering av E39 i samsvar med føreliggande planar
- RV 15, Strynefjellsvegen med "arm" til Geiranger
- FV 60 Grodås – Møre grense (Røyrhus bru)

I framtidig arealplanlegging skal det leggast til rette for vekst og utvikling i dei ulike sentera.

## 3. Betre tenester

Vi er samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar.

- Framtidsretta infrastruktur med oppdaterte kommunale bygg. I Volda gjeld dette særleg Volda ungdomsskule, Mork skule og sentrumsbarnehagane. I Hornindal gjeld dette Hornindal skule og omsorgssenteret.

- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, herunder legeteneste, barnehagar, tekniske tenester, brannberedskap og kulturtilbod der dei er no. Legeheimlar og helsetilbod (fysioterapi, frisklivssentral) fortsatt skal vere på Helsehuset i Hornindal.
- Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnarskap og samhandling
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass for dei tilsette i eit styrka fagmiljø
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon
- Vere på høgde med den digitale utviklinga

## 4. Nye oppgåver

Vi er samde om å sikre at den nye kommunen er i stand til å ta på seg nye oppgåver frå sentral og regional stat og frå fylkeskommunen. Første prioritet har oppgåver som kan leggast inn i eksisterande organisasjon og som er tenlege for innbyggarane. Det må følgje resursar med.

## 5. Prinsipp for politisk styring

Vi er samde om at den nye kommunen skal bygge på formannskapsmodellen etter KL. § 8 som styringsform.

Kommunestyret skal ha minimum 33 medlemmer, dette vert nærare fastlagd av Fellesnemnda.

Fellesnemnda skal vurdere ulike demokratiske modellar for å møte behova for deltaking i ei større geografisk eining. Fellesnemnda tek avgjerd om korleis ein elles skal utforme den politiske organiseringa, mellom anna gjere vurderingar knytt til oppretting av kommunedelsutval etter Kommunelova sin § 12. Herunder skal Fellesnemnda også gjere vurderingar knytt til direkte val av medlemmar til kommunedelsutvala (Kommunelova §12.2).

## 6. Kommunesenter og administrativ fordeling

Vi er samde om at kommunesenteret blir lagt til Volda

Vi er og samde om at kommunesenteret bør innehalde det strategiske leiingsnivået og administrative støttefunksjonar knytt til dette.

Kommunale administrative arbeidsplassar skal så langt det er praktisk mogleg fordelast etter folketal. For å få til dette vert områdeorganisering lagt til grunn som prinsipp.

Dei tidlegare kommunesentra skal stimulerast gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, og plassering av publikumsretta og andre tenester som det er naturleg ligg desentraliserte. Ein skal ha representasjon knytt til NAV og sosiale tenester i dei tidlegare kommunane. Omsynet til kompetansebygging bør i stor utstrekning byggje på å samle spesialiserte fagmiljø (t.d PPT og barnevern).

Ved framtidig administrativ effektivisering vil vi søkje å balansere effekten.

Fellesnemnda (FN – jfr. inndelingslova § 26) har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden – herunder politisk og administrativ organisering - frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk. Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon og vere beskrive i ein prosjektplan. Politikarar, administrasjon og tillitsvalde skal ha definerte roller i prosjektorganisasjonen. Intensjonane frå denne avtalen skal ligge til grunn for Fellesnemnda sitt arbeid.

## 7. Kommunenamn og kommunevåpen

Kommunenamnet og kommunevåpen vert å bestemme av Fellesnemnda.

## 8. Interkommunale selskap/samarbeid

Vi er samde om at Fellesnemnda skal gå gjennom samarbeidet med andre kommunar (som ikkje vert del av den nye kommunen) for å endre vedtekter, kostnadsfordeling m.m. og/eller avvikle/melde oss ut av samarbeidet/ev inngå nye samarbeid.

Målet er at den nye kommunen ivaretek flest mogeleg av oppgåvene sjølv. Vi er difor alt no samde om å avvikle, endre eller rydde samarbeid.

## 9. Økonomi

Denne delen av avtalen gjeld frå 01.07.2016 til Fellesnemnda er etablert. Vi er samde om å vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne. Vi skal:

a) Orientere kvarandre om investeringar slik dei ligg i vedteken budsjett- og økonomiplan.
b) Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei
c) Ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre.

Fellesnemnda skal gjennomgå kommunane sine posisjonar i fond, stiftingar, aksjeselskap og pensjonsfond. Fornuftig finansforvaltning skal sikre at realverdien av kommunane sine investeringar vert oppretthaldne. Budsjettert avkastning skal vere realistisk og ta omsyn til prisstigning.

Fellesnemnda skal foreta ein gjennomgang av investeringstrongen i den nye kommunen.

Investeringsprosjekt som allereie er innarbeidd i dei tidlegare kommunane sine økonomiplanar, skal prioriterast i den nye kommunen sitt budsjett og økonomiplan. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansiert i balansert budsjett/økonomiplan.

## 10. Samordning av planverk

Vi skal orientere kvarandre om kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel. Kvar kommune skal peike ut sine viktigaste tiltak, slik at dei andre kommunane får innsyn i dei innan 01.07.2016.

Vi er samde om at alle juridisk bindande planar vert overført til den nye kommunen og gjort gjeldande. Planane vert samla og gjennomgått i tida fram til den nye kommunen er formelt skipa.

## 11. Arbeidsgjevarpolitikk

Dei tilsette er kommunen sin største ressurs og har samla ein unik kompetanse. Kommunesamanslåingsprosessen skal ivareta dei tilsette på ein god måte. Det er viktig å legge tilhøva til rette slik at arbeidstakarane ynskjer å fortsette å jobbe i den nye kommunen. Vi er samde om å etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som legg vekt på at det er tre ulike organisasjonskulturar som skal utviklast til ein felles organisasjonskultur i den nye kommunen. Dette bidreg til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og skaper eit løysingsorientert miljø med gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Det føreset høg grad av medverknad både på lokalt og sentralt nivå, både før, under og etter etablering av den nye kommunen.

Den nye kommunen skal ha ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, vidareføre det gode trepartssamarbeidet, og legge til rette for mangfald blant dei tilsette.
Ein kommunesamanslutning er ei verksemdsoverdraging, Jf.Arbeidsmiljølova § 16..

Bemanningsreduksjon skal skje gjennom naturleg avgang. Eventuelle overtallege skal tilbydast andre oppgåver i den nye kommunen i tilsvarande storleik og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Effektiviseringstiltak skjer gjennom naturleg avgang. Alle tilsette sine noverande rettar og tilsetjingstilhøve vert vidareført i samsvar med lov- og avtaleverk .

Ingen skal gå ned i løn og dei tilsette sine pensjonsrettigheiter skal ikkje verte svekka som fylgje av samanslåingsprosessen. Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning i samsvar med dei til kvar tid gjeldande tariffavtalane (KLP/SPK). Arbeidsgjevarpolitikken skal spela på lag med fagforeningane og fylgja regelverket på ein god måte. Målet er å byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon, og sikre gode fagmiljø som kan stimulere til god rekruttering og godt omdøme.

## 12. Fellesnemnd

Det skal opprettast ei Fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26 som har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåing vert sett i verk.
Fellesnemnda skal ha 3 medlemmar frå Volda og 3 medlemmar frå Hornindal. Dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansatt utval for den nye kommunen, Jf Inndelingslova § 26, 2.ledd. Fellesnemnda kan gjere bruk av arbeidsutval og –grupper etter behov.

Hornindal, 20. juni 2016

Jørgen Amdam
Ordførar Volda

Stig Olav Lødemel
Ordførar Hornindal

Vedlegg nr. 2

# KOMMUNIKASJONSPLAN 2017-2020



## Kommunikasjonsplan for kommunesamanslåing av Hornindal og Volda kommunar.

*Vedteken i Fellesnemnda xx.xx.2017 (sist rev. xx.xx.2017)*

# 1. FORORD

Ei kommunesamanslåing er ei omstilling som vedkjem alle i Hornindal og Volda kommunar, og det utløyser også eit stort behov for informasjon både internt til dei tilsette i kommunane og ikkje minst eksternt til lokalbefolkninga.

I punkt 3.4.5 i prosjektplanen for samanslåinga, står det at:

*«Fellesnemnda skal gjere vedtak om kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen. Heimesidene og bruk av sosiale media skal utviklast og informasjons- og kommunikasjonskanalar skal prioriterast i prosessen. Dette vil være viktige informasjons-, medverknads- og kommunikasjonskanalar gjennom prosessen.»*

Intensjonen med denne planen er å gi personar som skal kommunisere på vegne av «Nye Volda» kommune retningslinjer og oversikt over kva, korleis og når kommunikasjonsarbeid skal bli gjennomført. I fasen før samanslåinga av Hornindal og Volda kommunar, er omdømme- og kulturbygging viktig for å skape positive forventningar til det endelege resultatet. Alle dei tilsette – spesielt leiarar på alle nivå – har derfor eit ansvar for å følgje denne planen i samband med bygginga av den nye kommunen.

Denne planen er først og fremst knytt til sjølve samanslåingsprosessen, og vil bli justert og revidert kontinuerleg i tråd med prosjektets framgang. Når planen skulle bli oppdatert, vil ny versjon bli lasta opp på prosjektets heimeside. Ettersom kommunikasjonsbehovet i den nye kommunen vil vere annleis etter 2020, vil ein ny kommunikasjonsplan måtte bli utarbeidd før den offisielle samanslåinga. Denne planen skal vere klar i god tid før den nye kommunen blir etablert 1. januar 2020.

**INNHALDSLISTE**

1. FORORD 2

2. SITUASJONEN I DAG 4

3. KOMMUNIKASJONSMÅL OG BODSKAP 5

4. MÅLGRUPPER 6

5. ANSVAR OG ORGANISERING 6

6. PRINSIPP FOR KOMMUNIKASJON 7

7. STRATEGIAR 7

8. TILTAKSPLAN 8

## 2. SITUASJONEN I DAG

Med ein kommunikasjonsrådgjevar på plass skal kommunikasjon relatert til samanslåinga koordinerast i begge dei to kommunane, slik at relevant informasjon er lett tilgjengeleg og enkel å finne for alle. I det høvet har ei mellombels nettside (www.nyevolda.no) for prosjektet blitt oppretta. Dette vil vere hovudkanalen for all relevant informasjon knytt til kommunereforma, og vil vere operativ fram til etablert kommune i 2020.

**Internkommunikasjon:** Dei to kommunane har kvar sine intranett der informasjon til tilsette kan publiserast, men som i dag ikkje fungerer optimalt. Ei utfordring er at dei to kommunane sine intranett heller ikkje er kopla saman. SSIKT jobbar per i dag med ei ny intranettløysing, som er felles for kommunane på Søre Sunnmøre. Andre kanalar kan også bli nytta for å nå ut til flest mogleg av dei tilsette. Rådmennene i dei to kommunane sender mellom anna jamleg ut informasjonsskriv til dei tilsette per e-post med oppdateringar på kva som har skjedd i det siste og kva som vil skje framover, med bistand frå kommunikasjonsrådgjevar.

**Digitale kanalar:** I dag er Volda kommune aktive på sosiale medium, og publiserer stort sett alle nyheitssaker frå heimesida på Facebook. Kommunen disponerer også konto på Twitter og Instagram med sporadisk oppdatering. Hornindal kommune er ikkje på sosiale medium bortsett frå kommunens heimeside. Det er derfor oppretta felleskontoar på fleire sosiale medium slik at all informasjon er samla under éin brukar. Dette gjeld medium som **Facebook, Twitter, Instagram, Snapchat** og **YouTube**. Brukarnamnet på alle desse plattformene er «nyevolda». Andre medium kan bli aktuelle på eit seinare tidspunkt.

**Grafisk profil:** I dag eksisterer det ingen konkret grafisk profil for dei to kommunane. Når det no blir oppretta ein ny kommune, høver det seg bra å innarbeide ein ny, grafisk profil som er lett å kjenne att både internt og eksternt – og som skapar ein felles identitet for Volda og Hornindal. Å opprette ei profilhandbok for Nye Volda kommune vil derfor bli jobba med fram mot samanslåinga, slik at ei felles grafisk framstilling er klar i god tid før den nye kommunen er operativ i 2020. Kommunikasjonsrådgjevaren har eit ansvar for å følgje opp dette.

## 3. KOMMUNIKASJONSMÅL OG BODSKAP

I samband med kommunereforma, er hovudmålet med kommunikasjonsplanen å sikre at alle tilsette og innbyggjarar skal få god og relevant informasjon gjennom gode rutinar for kommunikasjon og informasjonsformidling.

Under dette hovudmålet, har vi følgjande delmål:

- Sikre at folk har tillit til prosessen knytt til samanslåinga.
- Bidra til positive og realistiske forventningar til det endelege resultatet.
- Ha ein god dialog med alle målgruppene, slik at identiteten til folk i begge kommunane blir tatt godt vare på.

For at vi best mogleg skal nå dei måla vi har sett oss, ønskjer vi å:

**Engasjere:** Kommunikasjon eksternt og internt skal bidra til å auke engasjementet rundt samanslåinga, gjennom til dømes å motivere til medverknad og deltaking.

**Vere open:** Referat og møtedokument frå politiske og administrative komitear som jobbar med samanslåingsprosessen skal vere lett tilgjengelege. Kommunen skal vere opne ovanfor både innbyggjarar, media og andre som samanslåinga vedkjem.

**Styrke internkommunikasjon:** Tilsette skal få god og tidleg informasjon direkte frå kommunen. Medarbeidarar som er godt opplyste vil bidra til auka forståing for vedtaka som blir gjort. Tilsette som er godt orienterte vil også enklare kunne dele informasjon med andre, både internt og eksternt.

**Vere gode digitalt:** Kommunen skal vere dyktige på digitale plattformar, som til dømes på sosiale medium. Informasjon som kjem frå kommunen sine kanalar skal vere korrekt, oppdatert og lett tilgjengeleg.

**Ha ein klar profil:** I samband med samanslåinga skal informasjon bli presentert med eit godt og tydeleg visuelt inntrykk. Forhåpentlegvis vil dette bidra til lett forståelege, og truverdige, bodskap når kommunen kommuniserer med innbyggjarar og tilsette.

## 4. MÅLGRUPPER

I ein samanslåingsprosess er det mange partar som omstillinga vedkjem. Då er det naturleg at det er mange som både søkjer og ønsker informasjon frå kommunen. Den nye kommunen vil ha omlag 1.000 tilsette, 10.000 innbyggarar og årleg 4.000 studentar ved Høgskulen i Volda.

Hovudinnhaldet i bodskapen som vi ønsker å formidle skal vere mest mogeleg lik for alle, naturlegvis med tilpassingar etter ulike behov. Informasjonen skal også, så langt som råd, bli gitt samtidig til dei aktuelle målgruppene.

Målgrupper i vår kommunikasjon vil til dømes vere:

- Innbyggjarar i Hornindal og Volda
- Tilsette i begge kommunane
- Tillitsvalde og fagforeiningar i begge kommunane
- Media
- Næringsliv
- Folkevalde i Hornindal og Volda
- Styresmakter (nasjonale og regionale myndigheiter)
- Turistar
- Andre interesserte

## 5. ANSVAR OG ORGANISERING

Fram til etableringa av den nye kommunen, er kommunikasjonsrådgjevar/prosjektkoordinator ansvarleg for å sikre god informasjonsflyt i prosessen, både internt og eksternt. Ansvaret til denne stillinga er å halde innbyggjarar, politikarar, tilsette og presse opplyste og orienterte om framgangen i prosjektet.

Saman med prosjektleiar for samanslåinga (rådmann i Volda, Rune Sjurgard) vil denne stillinga også vere kontaktperson for saker knytt til samanslåinga av dei to kommunane. Alle har derimot eit ansvar for god kommunikasjon, innanfor sine spesifikke felt.

**Prosjektleiar:** Har det øvste administrative ansvaret for samanslåingsprosjektet, og er den som innstiller saker som skal opp til handsaming i fellesnemnda.

**Ordførar/Fellesnemnd:** Leiaren i fellesnemnda har eit overordna politisk ansvar for saker som blir vedteke i fellesnemnda fram til felles kommunestyre er vald hausten 2019.

**Folkevalde:** Politikarar og folkevalde i dei ulike utvala og nemndene har ansvar for dei sakene dei sjølve engasjerer seg i.

**Sektorleiarar/tilsette:** Dei tilsette, spesielt sektorleiarane, har eit ansvar for å skaffe seg oppdatert informasjon innanfor sine fagområde ved å lese seg opp på møtereferat eller å spørje om informasjon. Leiarane har generelt eit ansvar for munnleg formidling og dialog med dei tilsette.

**Tillitsvalte:** Tillitsvalte, og særleg dei hovudtillitsvalte, har ei ansvar for formidling og forankring hos sine medlemmer.

## 6. PRINSIPP FOR KOMMUNIKASJON

Dei overordna verdigrunnlaga for den nye kommunen er at kommunen skal vere raus, modig, kompetent og lærande. For å oppnå desse verdiane, tek kommunikasjonsplanen utgangspunkt i følgjande kommunikasjonsprinsipp for god kommunikasjon:

- **Openheit:** Vi skal vere opne, tydelege og tilgjengelege i kommunikasjon med innbyggjarane og media.
- **Medverknad:** Vi ønskjer å leggje til rette for innbyggjarmedverknad. Det er også eit ønskje om at tilsette skal ta aktivt del i å betre kommunens tenester og arbeidsmiljø ved å kome med forslag og konstruktive innspel.
- **Nå alle:** Vi skal gjere det vi kan for at relevant informasjon kjem fram til alle som vert råka av eit vedtak eller ei avgjersle.
- **Aktive:** Vi skal vere tidleg ute med å gi aktuell informasjon, gjerne før den vert etterspurt frå andre.
- **Heilskapleg:** Offentleg kommunikasjon skal opplevast som heilskapleg og samordna.
- **Respekt:** Vi skal ha respekt for at folk er ulike, og har ulike behov for informasjon. Bodskap skal derfor, så langt som råd, tilpassast til alle målgrupper.

## 7. STRATEGIAR

I samband med kommunesamanslåinga har det blitt oppretta ei mellombels nettside som vil bli nytta til å samle all relevant informasjon. Nettstaden har domenet www.nyevolda.no, og vil vere operativ fram til ny kommune er danna 01.01.2020.

Denne plattforma vil bli oppdatert av kommunikasjonsrådgjevar i Volda kommune, og vil vere hovudkanalen for kommunereformrelatert informasjon. Dei to kommunane sine heimesider vil i mindre grad bli brukt som informasjonskanal.

For viktige saker vil også pressemeldingar bli sendt til lokal presse. Desse pressemeldingane skal også leggast ut på www.nyevolda.no (og eventuelt kommunane si heimeside om det skulle vere av ein naturleg karakter).

Kommunikasjonsrådgjevar vil ha ei sentral rolle i prosessen, både i form av å rapportere frå dei ulike komiteane/nemndene, men også i form av å produsere engasjementfremjande saker. Bruk av sosiale medium og digitale verkemiddel vil bli viktig.

Som nemnd under punkt 2 og 3 i denne planen er ein av strategiane vi har framover å lage ei grafisk profilhandbok som vil vere gjeldande for den etablerte kommunen i 2020.

## 8. TILTAKSPLAN

*Førebels tiltaksplan. Denne planen vert revidert og oppdatert kontinuerleg med prosjektets framgang. Oppdaterte planar vert lagt ut på www.nyevolda.no.*

| Målgruppe | Bodskap | Tiltak | Tid | Ansvar |
|---|---|---|---|---|
| Eigne tilsette | Informasjonsbrev | E-post, intranett | Kvar månad | Rådmann, kom.råd.gj. |
| Alle interesserte | Kulturbygging, læring og humor. | «Jørgen og Stig Olav» (video) | Månadleg | Kom.råd.gj. + J.A, S.O.L |
| Skuleelevar i H + V | Felles ungdomsråd for både H + V | Møte med elevar i H. | Sep. 2017 | Ung.råd + Fr. Sortehaug |
| Innbyggjarar, tilsette, media, folkevalde | Orientering av nyevolda.no | Orientering i Fellesnemnd | Sep. 2017 | Kom.råd.gj. |
| Innbyggarar, tilsette, media | Innstilling nytt kommunevåpen | Overlevering av innstilling. | Okt. 2017 | Namne- og heraldikknemnd |
| Tilsette, media, innbyggjarar | Uttale om budsjett 2018 og økonomiplan for kommunane | Orientering i Fellesnemnd. Nettsak. | Nov. 2017 | Fellesnemnd Kom.råd.gj. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Alle interesserte | Fellesnemnda sin julekalender | Nettserie med premiar | Des. 2017 | Kom.råd.gj. |
| Eigne tilsette | Ny administrativ organisering på hovudstrukturnivå | Orientering om prosess og utfall. | Mars 2018 | Rådmann, kom.råd.gj |
| | | | | |

Vedlegg nr. 3

# Reglement for møtegodtgjersle Nye Volda kommune

Vedteke av Fellesnemnda, sak 28/17, den 16.11.2017

## 1. Møtegodtgjersle

### 1.1 Fellesnemnda
Alle møtande medlemmar/varamedlemmar i fellesnemnda har møtegodtgjersle i samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.

### 1.2 Partssamansett utval (PSU)
Alle møtande medlemmar/varamedlemmar av fellesnemnda har ei møtegodtgjersle på kr. 800,- pr. møte.

### 1.3 Temakomité for kommunenamn og heraldikk
Alle møtande medlemmar/varamedlemmar har møtegodtgjersle samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskap.

Godtgjersle som leiar av nemnda:
Utanom møtegodtgjersle får leiaren av temakomiteen ei ekstra leiargodtgjersle tilsvarande som leiarane i hovedutvala i Volda.

Sekretærgodtgjersle:
Leiaren skal og utføre jobben som sekretær i komiteen. For dette skal det utbetalast timesgodtgjersle, - leiaren fører timeliste. Godtgjersle pr. time for sekretærarbeidet vert sett til kr. 190,-

### 1.4 Andre utval/grupper oppnemnde av Fellesnemnda (PSU, organisasjonsutval, kulturbyggingsnemnd mv.)
Alle møtande medlemmar/varamedlemmar har møtegodtgjersle på kr. 800,- per møte. Tilsette i dei to kommunane skal ikkje ha utbetalt møtegodtgjersle, dei får løn frå sine respektive kommunar.

## 2. Ordførarane
Ordførarane sin godtgjersle vert ikkje endra, dei har sine godtgjersle frå sine respektive kommunar.

## 3. Godtgjersle for tapt arbeidsinntekt

### 3.1 Legitimert tap
I medhald av kommunelova § 41, pkt. 2, har den som har kommunalt tillitsverv, rett på erstatning for legitimert tap i arbeidsforteneste (inkl. feriepengar) for utføring av vervet. Den som er lønsmottakar skal legge fram erklæring frå arbeidsgjevar om trekk i løn.

Sjølvstendige næringsdrivande får dekt tapt arbeidsforteneste etter faktisk likningsattest dividert på 260 utan avgrensing av rådmannen si dagsløn. Tapt arbeidsforteneste for arbeid utanom ordinære møter (reiser, kurs m.v.) vert godtgjort tilsvarande.

## 3.2 Ulegitimert tap

Ulegitimert tap i arbeidsinntekt vert dekt med 0,2 o/oo av ordførargodtgjersla i Volda (f.t. kr 185 ,- pr time eller kr 1.387,50 pr. dag).

## 3.3 Anna utgiftsdekning

I medhald av kommuneloven § 41, pkt. 1, har den som har kommunalt tillitsverv, krav på skyss- kost- og godtgjersle for overnatting for reiser i samanheng med vervet.
Folkevalde får godtgjort utgifter til skyss, kost- og overnatting for reiser i høve vervet (pålagde møte, kurs m.m.) etter det til ei kvar tid gjeldande reiseregulativet for kommunalt tilsette.
Utlegg til barnepass, pass av eldre og uføre vert godtgjort mot legitimerte utgifter.

# OMSTILLINGSAVTALE

# SAMANSLÅING HORNINDAL OG VOLDA KOMMUNE

## 1. Om avtalen

### 1.1 Avtalen sine partar

Denne avtalen er inngått mellom Hornindal kommune og Volda kommune, og arbeidstakarorganisasjonane i dei to kommunane.

Avtalen gjeld verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova kapittel 16 og supplerar eksisterande lover og avtalar. Avtalen avgrensar ikkje dei rettar og plikter som er forankra i lov, forskrift og det øvrige avtaleverk mellom arbeidsgjevar og dei tilsette sine organisasjonar.

### 1.2 Føremål

Denne avtalen har som føremål å sikre ein føreseieleg omstillingsprosess for alle tilsette, som kjenneteiknast av god medverknad frå dei tilsette sine representantar og eit godt samarbeid mellom partane.

### 1.3 Verkeområde

Denne avtalen gjeld alle tilsette i Hornindal og Volda kommune, både arbeidstakarar og dei som representera arbeidsgjevar.

## 2. Medråderett og innverknad

### 2.1 Arena for samhandling

For å sikre medråderetten skal arbeidsgjevar opprette gode arenaer for samarbeid med tilsette sine representantar. I sektorvise prosessar skal det vere representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane må gjennom heile prosessen vurdere behov for justering av gamle og oppretting av nye arenaer.

### 2.2 Drøfting

Arbeidstakarorganisasjonane sin medråderett går fram av Hovudavtalen del B, 3-1, og formålsparagrafen §1-4-1. Avgjersler skal i hovudsak ut på høyring og dette skal drøftast med tillitsvalte i arbeidstakarorganisasjonane før dei blir tekne.

### 2.3 Frikjøp av tillitsvalde

For at dei tillitsvalde skal kunne utøve medråderetten sin på ein god måte, må dei få det nødvendige handlingsrommet. Hovudtillitsvalde som er medlem i faste utval skal ha eit fast frikjøp. Frikjøp av denne typen skal vedtakast i Fellesnemnda.


| *Postadresse:* | *Gateadresse:* | *Telefon:* | *Telefax:* |
|---|---|---|---|
| Stormyra 2<br>6100 Volda | Stormyra 2 | 70 05 87 00 | 70 05 87 01 |

Prosjektleiar/rådmann må etter kvart som midlertidige arbeidsgrupper og delprosjekt blir etablert, finne høvelege verkemiddel, til dømes ytterlegare frikjøp, for at tillitsvalde kan delta i slikt arbeid.

## 3. Informasjon

På generelt grunnlag vises det her til vedteken kommunikasjonsplan for samanslåinga og offisielle kanalar på nettet.

### 3.1 Arbeidsgjevars ansvar

Informasjon er eit leiaransvar. Dei tilsette skal under heile prosessen bli gitt den informasjon som er nødvendig for å sikre eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø (AML §4-2(3)).

### 3.2 Gjensidig ansvar

Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane har eit gjensidig ansvar for å informere kvarandre, for å unngå misforståingar, førebygge utryggleik, og sikre gjennomføring av prosessen.

### 3.3 Informasjon skal vere tilgjengelig

Alle referat og protokollar frå vedtaksføre organ og nedsette arbeidsgrupper skal vere tilgjengelege for dei tilsette.

### 3.4 Informasjon til særskild berørte partar

Tilsette som blir direkte berørt, skal gjevast spesiell informasjon. Ved oppretting av arbeidsgrupper eller prosjekt, skal informasjon til grupper av berørte tilsette handsamast særskilt i planlegginga. Sjå også punkt om bemanningsplan.

## 4. Handsaming av ledige stillingar

### 4.1 Omstillingsutval

Det skal opprettast eit utval der ein kan diskutere ledige og vakante stillingar, utlysning av nye stillingar i ny kommune og tilfelle der ein ønskjer å rekruttere eller behalde kompetanse i omstillingsperioden. Utvalet skal bestå av personalsjef i dei to kommunane, og ein hovudtillitsvald frå kvar kommune. Utvalet skal ikkje følgje opp enkeltsaker, men vurdere kva som skal gjerast. Utvalet har ikkje vedtaksmynde.

Når ny administrativ organisering er vedteken og rådmannen si leiargruppe er på plass, bør kvar sektor opprette eit omstillingsutval.

Prosjektleiar er ansvarleg for at utvala blir oppretta.

| *Postadresse:* | *Gateadresse:* | *Telefon:* | *Telefax:* |
| --- | --- | --- | --- |
| Stormyra 2<br>6100 Volda | Stormyra 2 | 70 05 87 00 | 70 05 87 01 |

### 4.2 Ved ledige stillingar

Om ei stilling blir ledig i dei to kommunane, skal saka først diskuterast i omstillingsutvalet. Utvalet skal vurdere om stillinga skal lysast ut eller om behovet kan dekkast på anna måte. Det skal også vurderast om stillinga skal lysast ut i ny kommune, eller i den kommunen som eig stillinga i dag. Personalsjefane er ansvarleg for at vurderinga blir drøfta med rådmann i kommunen(e), slik at ei avgjerd kan fattast.

## 5. Permisjonar

Det skal vere ein restriktiv praksis knytt til å gje permisjonar i omstillingsperioden. Dette gjeld ikkje lovheimla permisjonar, som t.d fødselspermisjon eller sjukepermisjon. Det gjeld heller ikkje velferdspermisjonar eller utdanningspermisjonar. Restriksjonane gjeld spesielt der ein har søkt og fått stilling hos anna arbeidsgjevar.

**Praksis skal utøvast slik:**

a) Leiarar med personalansvar får ikkje permisjon. Om ein leiar går ut i fødsels- eller sjukepermisjon skal det gjerast eigne vurderingar slik at funksjonen og dei han/ho er leiar for, blir ivareteken.
b) Personar i faglege eller administrative nøkkelstillingar får ikkje permisjon. Det kan ved heilt særskilte vurderingar gjerast unntak frå dette. Alle unntak skal handsamst i omstillingsutvalet
c) Permisjonssøknadar frå andre tilsette enn dei som er nemde i pkt 5a og 5b skal handsamast som i dag.

## 6. Bemanningsstrategi

Bemanningsstrategien kan sjåast på som fasar i samanslåinga, som må gjerast på ulike nivå. Alle tilsette vil få ny arbeidsavtale. Det skal utarbeidast ein bemanningsplan og ein kompetanseplan i alle sektorar. Fasane skildra i kapittel 6.1 er eit utgangspunkt. For kvar delprosess skal det sikrast gode prosessar og medverknad frå tillitsvalde.

### 6.1 Fasane i samanslåinga

Overordna nivå:
a) Rådmann og assisterande rådmann i ny kommune vert tilsett av Fellesnemnda
b) Rådmann tilset si leiargruppe og kommunalsjefar i kap 3.4.1
c) Kommunalsjefane innplassera/tilsett leiarar i kap 3.
d) Kommunalsjefar, i samråd med leiarar i kap 3, innplassera/tilsett leiarar i kap 4, samt nøkkelstillingar/stabsstillingar
e) Tilsette som ikkje får endra stillinga si, blir overført til ny arbeidsgjevar

Fase 1: Ny administrativ organisering
a) Ny administrativ organisering er vedteken
b) Rådmannens leiargruppe må på plass
c) Oversikt over kva tilsette dette berørar må kartleggast og leggast fram

*Postadresse:* Stormyra 2 6100 Volda | *Gateadresse:* Stormyra 2 | *Telefon:* 70 05 87 00 | *Telefax:* 70 05 87 01

d) Dei tilsette som blir direkte berørt har rett på ein samtale med rådmannen
e) Tilsette sin kompetanse, ønskjer og behov må kartleggast
f) Ved store endringar i tilsette sitt ansvar og oppgåver, skal vanlege prosedyre følgjast.

Fase 2: Ny sektororganisering
a) Kommunalsjef er ansvarleg for å få sektororganiseringa på plass
b) Sektoren si leiargruppe må på plass
c) Oversikt over kva tilsette dette berørar må kartleggast og leggast fram
d) Dei tilsette som blir direkte berørt har rett på ein samtale med kommunalsjef
e) Den tilsette sin kompetanse, ønskjer og behov må kartleggast
f) Ved store endringar i tilsette sitt ansvar og oppgåver skal vanlege prosedyre følgjast.

7. **Særavtalar**
Lokale særavtalar inngått av gamal arbeidsgjevar kan ikkje seiast opp som ein konsekvens av kommunesamanslåinga, jmf AML §16-2, men kan av ny arbeidsgjevar likevel seiast opp/reforhandlast etter gjeldande lov- og avtaleverk.

Når det gjeld personalhandbøker, relgement og rutiner forøvrig kan partane gjennom vanlege drøftingar, der ein har sikra god medverknad, gjere naudsynte endringar, tilpasningar og samordningar.

8. **Personlege avtalar**
Dersom tilsette i den nye kommunen må skifte arbeidsstad mellom dei noverande kommunane og vert påført ekstra kostnadar eller reisetid mellom gamal og ny arbeidsstad, skal det verte utarbeidd ein tidsavgrensa kompensasjon.

Prinsipp for ein slik kompensasjon skal fastsettast i eigne drøftingar mellom partane.

9. **Harmonisering av løn**
Arbeidsgjevar skal drøfte prinsipp og prosess for harmonisering av løn med arbeidstakarorganisasjonane. Det skal utarbeidast ein lønspolitisk plan for den nye kommunen, med siktemål harmonisering av løn. Arbeidsgjevar skal dekke harmonisering av løn innafor driftsbudsjettet. Dette for å hindre negativ lønsutvikling for grupper av tilsette.

10. **Justeringar i avtaleperioden**
Etter kvart som samanslåinga og prosessane kjem i gang, kan det kome fram viktige moment som ikkje er omfatta av denne avtalen. Slike moment kan meldast opp av partane til vurdering i PSU, for eventuell handsaming i Fellesnemnda.

11. **Avtaleperiode**
Omstillingsavtalen er gjeldande i perioden 1. februar 2018 til 31. desember 2020.

## 12. Signaturar

Avtalen er signert av rådmannen i Hornindal, rådmannen i Volda, og dei hovudtillitsvalde i begge kommunane.

| HORNINDAL | VOLDA |
|---|---|
| **Rådmann** | **Rådmann** |
| Ann Kristin Langeland | Rune Sjurgard |
| **Delta** | **Akademikerforbundet** |
| Norunn Holmøy-Wang | Nina Kvalen |
| **Fagforbundet** | **Delta** |
| Rønnaug Tomasgard | Bodil Egset |
| **Norsk Sykepleierforbund** | **Fagforbundet Volda** |
| May Britt Lillestøl | Oddbjørg Yksnøy Rangsæter |
| **Nito/NaFo** | **Fellesorganisasjonen FO** |
| Anita Brenna Muldsvor | Inger Stine Bjørneset |

*Postadresse:* Stormyra 2 6100 Volda | *Gateadresse:* Stormyra 2 | *Telefon:* 70 05 87 00 | *Telefax:* 70 05 87 01

**Utdanningsforbundet**

Idar Holen

**NITO**

Øivind Semb

**Norsk Fysioterapeutforbund/Ergoterapeutforbund**

Synnøve Fuglehaug

**Norsk Sykepleierforbund**

Vydmante Solominiene

**Utdanningsforbundet**

Sirikit Vågen

VOLDA KOMMUNE
Saksnr: 18/114 Avd: Lop
Løpenr: Shs: Berlign
1. MAR 2018
Arkivdel: Salesarkiv
Klassering P:
Klassering S:

*Postadresse:* Stormyra 2, 6100 Volda
*Gateadresse:* Stormyra 2
*Telefon:* 70 05 87 00
*Telefax:* 70 05 87 01

**VOLDA KOMMUNE**

Arbeidstakarorganisasjonane i Volda og Hornindal, v/hovudtillitsvalte

# MELDING OM DELEGERT VEDTAK

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Rune Sjurgard | Arkivsak nr.: | 2017/1490 |
| Delegert vedtak: | Delegert vedtak frå fellesnemnda | Arkivkode: | 144 |
| Vedtaksnr.: | 1/18 | Vedtaksdato: | 26.03.2018 |

## ADMINISTRATIV HOVUDSTRUKTUR NYE VOLDA – ENDELEG HANDSAMING

Saka er handsama etter delegert mynde, og det er gjort slikt vedtak:

*Forslag til administrativ hovudstruktur for nye Volda kommune vert vedteken i samsvar med vedlagte modell, datert 22. mars 2018. Modellen skal gjelde for Volda kommune frå 1. januar 2020.*

**Vedleggsliste:**
Organisasjonsmodell i samsvar med endringar etter handsaming av høyringsuttalene.
Høyringsnotat av 20.02.18.
Innkomne høyringsuttalar frå arbeidstakarorganisasjonane.

**Saksopplysningar:**

Det vert synt til høyringsnotatet som omhandlar prosessen og forslaget til modell.
Det har kome inn ni uttaler. Desse vert omhandla og kommentert nedanfor.

Norsk sykepleierforbund, avd Volda

Det vert synt til vedlagte uttale.

Kommentarar
Deling av koordinerande team med eitt team for unge og eitt for gamle vil vere eit spørsmål ein må kome attende til i samband med gjennomføring av planen. Koordinerande eining er forankra i helse- og omsorgslova, og prosjektleiaren finn det ikkje naturleg å flytte funksjonen til oppvekstsektoren. Den sektorovergripande funksjonen er tenkt ivareteke gjennom samhandlingruppe som tverrfagleg arena.

Kronologisk rekkjefølgje på funksjonane i oppvekstsektoren vil skape betre struktur og oversikt. Dette er innarbeidd.

Samhandlingsgrupper er ikkje ein del av matriseorganiasjonen, men dette er likevel vist på organisasjonskartet for å illustrere korleis ein med samarbeidsareaner vil løyse behovet for tverrfagleg samordning av tenester. Oversikta er ikkje uttømande, og det vil til kvar tid måtte takast stilling til behov for nye grupper, ev grupper som bør leggjast ned. Spørsmålet om ei gruppe for miljøretta helsevern i skular og barnevern og andre grupper, er noko som må takast konkret stilling til av leiarteamet i den nye kommunen. Det må også gjerast eit arbeid for å formalisere tydelege mandat og innhald for desse gruppene.

Kronologisk rekkjefølgje under interkommunalt samarbeid der kommuneoverlege kjem før legevakt er innarbeidd.

«Helse- og velferdstenester i heimen» er erstatta med «heimetenester».

«Psykisk helseteneste og rus» er endra til «Psykisk helse og Rus».

Kor vidt det skal heite «Sjukeheim» eller «Omsorgssenter» vert å kome nærare attende til. Inntil vidare vert institusjonstenesta nemnt som «Sjukeheim/Omsorgssenter».

I hovudstrukturen er nemningane på tenestene under sektorane og rådmannstaben med berre for å vise kvar ein tenkjer å leggje dei ulike tenestene og oppgåvene. I den vidare prosessen til hausten vil det verte teke endeleg stilling til kva desse tenestene skal heite.

Sykepleierforbundet kommenterer også forhold utanom organiseringa, som utdanninga til leiinga for oppvekstsektoren, leiarstrukturen innanfor sektorane mv. Slike forhold vert å kome attende til seinare i prosessen og vert ikkje kommentert i denne samanheng.

<u>Norsk fysioterapeutforbund, avd Volda</u>

Det vert synt til vedlagte uttale.

Kommentarar:
Det vert prøvd å få fram strukturen så godt som mogleg i organisasjonskartet, også slik at samhandlingsgruppene ikkje skal oppfattast som ein del av hierarkiet. Samhandlingsgrupper vert vist i planen, men døme på slike grupper vert kommentert som forklaring til planen nedanfor plankartet. Det vert synt til kommentarane som er gitt til Sykepleierforbundet sin uttale. Det må gjerast ei konkret vurdering av kvar gruppe som vert nedsett med omsyn til organisering og ressursbehov. For enkelte grupper kan det verte aktuelt å kjøpe fri tid til den som skal vere leiar av gruppa. Det er også viktig å rekruttere rett funksjon og person i desse gruppene.

Prosjektleiaren har respekt for synet om å leggje folkehelsekoordinatoren til stab. Hadde nye Volda vore ei større kommune, så ville det også vore naturleg å ha ein større rådmannstab med koordinatorar for ulike formål. Ein vert tross alt berre ein kommune i overkant av 10 000 innbyggjarar, og da vert det nødvendig å vere pragmatisk for å få brukt ressursane mest mogleg i operativ teneste. Ut får dette ser ein det som meir tenleg å kombinere frisklív og folkehelse til å ta del i tenesteutøvinga, men der folkehelsekoordinatoren vert trekt med i den strategiske planlegginga. I den samanheng vil også vere aktuelt å etablere ei samhandlingsgruppe der t.d folkehelsekoordinatoren vert leiar.

I nemninga av ulike tenester vert skråstrek fjerna, og ein fører inn «fysio- og ergoterapitenesta», «folkehelse- og frisklivskoordinator» mv. «Kvardagsrehabilitering, førebyggjande heimebesøk og demensteam» vert ført inn. Vidare vert «koordinerande team» erstatta med «koordinerande eining».

Forøvrig vert det mint om at nemningane innanfor sektorane vert å sjå nærare på og endeleg fastsette i samband med fase to (organisering av sektorane).
Uttalen peikar elles på ein del forhold som ein kjem attende til seinare i prosessen i samband med rekruttering, delegering og prosessar med å utvikle leiarteamet.

Tekna, avd Volda

Det vert synt til vedlagte uttale.

Kommentarar:

Kommuneplanleggjaren er ein sentral fagressurs i samband med strategisk viktige prosessar og planlegging. Prinsippielt burde funksjonen vere i rådmannen sin stab. Samtidig vil det vere uheldig å skilje denne plankompetansen og plankapasiteten frå planleggingsmiljøet i sektoren for samfunnsutvikling. Det kan gjere at ein ikkje får til eit samla planleggingsmiljø, og kan virke hindrande på fleksibilitet og ressursutnytting til planlegging. Kommuneplanleggjaren er derfor organisatorisk flytta til sektoren for samfunnsutvikling, men funksjonen rapporterer til ass rådmann i kommuneplanprosessen og i utarbeiding av sektorovergripande planar. Dette vert følgt opp i samband med delegering frå rådmannen til kommunalsjef for samfunnsutvikling og ass rådmann.

Når det gjeld folkehelsekoordinator vert det vist til kommentarane som er gitt til uttalen frå Fysioterapeutforbundet som peikte på det same.

Prosjektleiaren er samd i at planmøtet gjerne kan organiserast som ei fast samfhandlingsgruppe med eigen leiar og fastsett mandat.

Tekna kommenterer også den intene fordelinga av arbeidsområdet miljø. Dette vert å kome attende til i samband med organiseringa av sektoren for samfunnsutvikling.

Fagforbundet, avd Volda

Kommentarar:

Prosjektleiaren sluttar seg til innspelet om at ein bør endre «helse- og velferd» til «helse og omsorg». Dette samsvarar meir med lovverket og med nemninga som vert brukt for den politiske organiseringa.

Det vil vere ulike samhandlingrupper ut frå kva problemstillingar dei vil ha ansvar for. Felles for desse er at dei er tverrfaglege, men enkelte grupper kan også ha ansvar for forhold som bør vere forankra hos rådmannen og ikkje berre hos sektorsjefane. Arenaen samhandlingsgrupper vert derfor ikkje flytta under sektorane, og rådmannen sitt leiarteam vert styringsgruppe for samhandlingsgruppene. Dette kan det endrast på dersom praksisen viser at det vil vere tenleg.

Opplysninga om at dei tilsette opplever arbeidet med arbeid og kvalifisering som godt samordna i Volda i dag, er positivt. Dette vert teke til orientering.

Arbeidstakarorganisasjonane i Hornindal

Det er positivt at arbeidstakarorganisasjonane i Hornindal har samla seg om felles uttale.

Kommentarar:

Det vert synt til det som er kommentert ovanfor når det gjeld samhandlingsgruppene og nødvendigheita av å førebu dette godt for iverksetting.

Organisasjonane peikar på førebygging som eit svært viktig område i den framtidige kommunen. Dette vil vere forankra som prioritert satsing i rådmannen sitt leiarteam. Når det gjeld den organisatoriske plasseringa vert det synt til kommentarane ovanfor, og som er grunngjeve i behovet for god balanse mellom koordinatorfunksjonar og utøvande tenesteyting i ein mindre kommune.

«Helse og velferd» er bytt med «helse og omsorg». I prosessen med organiseringa av sektoren skal det leggjast vekt på inndeling og delegering som gir rom for leiing og god samhandling. Dette kjem ein attende til i den vidare prosessen frå hausten.

«Koordinerande team» vert erstatta med «koordinerande eining».

Problemstillinga rundt habilitet innanfor sektoren når den handsamar byggjesøknader mv der kommunen er søkjar, er mogleg å finne praktiske løysingar på. Her finst det også praksis frå andre kommunar som har løyst dette. Dette vert å kome attende til i samband med delegering til kommunalsjefen for samfunnsutvikling.

Landbruksorganiseringa vert avklart i nærare prosess med fellesnemnda. Organisasjonsplanen byggjer på at ein held fram med landbrukssamarbeid med Ørsta for å ivareta eit større fagleg miljø og unngå sårbaheit med 1 til 2 stillingar. På organiasjonskartet vert landbruk i sektorboksen stroke og landbruk ligg i boksen under for interkommunalt samarbeid.

Interkommunalt samarbeid for IUA (interkommunalt utval mot akutt forureining) vert teke med saman med dei andre interkommunale samarbeida under sektor for samfunnsutvikling.

Uttalen trekkjer fram viktigheita av å vere bevisst på kommunen sitt oppdrag for innbyggjarane. Organiseringa skal understøtte dette, og alle funksjonar skal ha dette som sitt viktigaste oppdrag. Rådmannsstaben med ass rådmann i spissen vert sentral for å utvikle strategiar og verkty for innbyggjardialog og støtte prosessar for å utvikle tenestene.

Kontorplassering kjem ikkje inn under den overordna administrative strukturen. Ein må kome attende til dette ut frå ein prosess knytta til kriterier for kvar tenestene skal ytast og andre overordna vurderingar. Dei tilsette sine rettar vil verte handsama gjennom eigne prosessar etter lov og avtaleverket.

NITO, avd Volda

Kommentarar:

Det vert synt til kommentarar ovanfor til det som går på samhandlingsgrupper. Organisering av byggjeprosjekt er ikkje ein del av matriseorganisasjonen og er forhold som må takast stilling til ved planlegging og organisering av dei konkrete byggjeprosjekta. Det er viktige moment som er nemnt i uttalen, og som er viktig å merke seg når nye Volda skal gjennomføre framtidige byggjeprosjekt.

Spørsmål knytt til rekruttering av leiarar er forhold som ein kjem attende til og er ikkje ein del av prosessen med administrativ hovudstruktur.

NITO har ikkje tru på at nye Volda vil satse på kompetanseutvikling. Fellesnemnda har peikt ut dette som eitt av satsingsområda. Det skal gjennomførast kompetansekartlegging og utarbeidast program for kompetanseutvikling. Kva som vert ut av dette må sjåast i samanheng med økonomiske rammer. I alle høve er dette også forhold som ein kjem attende til og er ikkje ein del av denne prosessen.

Utdanningsforbundet, avd Volda

Kommentarar:

Når det gjeld risikovurderinga rundt ein stor oppvekstsektor, så må dette sjåast i samanheng med korleis ein tek ned kontrollspennet for kommunalsjefen i den vidare organiseringa. Volda har relativt mange skular og barnehagar samanlikna med andre kommunar på vår storleik. Dette medfører også mange leiarar og administrasjonsledd.

Sektorane er ikkje spesielt store samanlikna med det som er vanleg organisering i andre kommunar. Prosjektleiaren meiner ein vinn meir med å samle desse funksjonane under ei felles leiing med samordna fokus, framfor å ha ein fragmentert organisasjon som gir auka samhandlingsutfordringar. I prosessen med organiseringa av sektorane er det eit viktig formål å finne løysingar som reduserer kontrollspennet og gir rom for leiing og god samhandling i heile sektoren.

Uttalen peikar på forhold rundt leiarkompetanse, visjonar mv som vert å kome attende til i prosessen med iverksetting av den nye organiseringa.

Det vert synt til kommentarane ovanfor når det gjeld samhandlingsgruppene.

Sjef eller leiar. Prosjektleiaren er ikkje usamd i at leiartittelen er mykje meir dekkjande for kva som vert forventa av ein leiar, og kva det inneber å leie. Samtidig er det forventingane og prosessane for å utvikle leiarane og følgje dei opp i praksis som er det avgjerande. I det daglege snakkar vi om dei som leiarar, men tittelen har sjef i seg. Dette vert likevel fasthalde for å markere kvar i organisasjonen funksjonen ligg. Det vil vere naturleg å bruke leiaromgrepet i samband med titlande på mellomleiarane. Dette vert å kome attende til i samband med den vidare organiseringa. I alle høve bør det vurderast å ha same nemninga på leiarar i organisasjonen som har tilsvarande same ansvar på tvers av sektorane.

Akademikerforbundet, avd Volda

Kommentarar:

Innspelet på nemninga på rådmannen sin stab vert notert med sikte på den vidare prosessen for organisering av rådmannsstaben som vert leia av ass rådmann for nye Volda.

Akademikerforbundet peikar på at kommunikasjonsrådgjevaren bør ligg rett under ass rådmann og ikkje personalsjefen. Det kan vere argument for begge delar. Intern informasjon og kommunikasjon er grunnleggjande for det eksterne. Ein gjer ikkje endringar av dette no, men kjem attende til nærare gjennomgang og stilling til dette i samband med organiseringa internt i personalavdelinga og staben under ass rådmann. Dette må også sjåast i samanheng med servicekontoret si framtidige rolle med meir digitalisering av publikumsretta tenester.

Offentleg innkjøp vert innarbeidd i organisasjonskartet. Inntil vidare lagt under ass rådmann og med endeleg avklaring av plassering i staben i den vidare prosessen.

Ut frå prinsippet om tenesteytinga skal liggje i sektorane er det gode argument for å leggje kultur som del av oppvekst eller samfunnsutvikling. Når dette ikkje er gjort er det fordi ein er redd for at den operative kulturdelen vil fråvike for mykje frå oppgåvene til sektoren for samfunnsutvikling, og at kultur vil gjere oppvekstsektoren for komplisert. Det ville vere naturleg å plassere kultur i oppvekst, men med så mange driftseiningar vert det kompliserande å ha ansvar for kultur i tillegg. Derfor har ein som ei pragmatisk løysing lagt kultur som ei avdeling under assisterande rådmann. Kultur vil da også få ein framskote posisjon.

Kultur har ansvar for frivilligsentral  og er kontaktledd mot frivillig sektor. Ungdomstiltak er aktivitet kopla mot ungdomane si fritid, og ein finn det framleis mest tenleg å organisere dette som ein del av kultur og ikkje til oppvekst, helse og dei aktivitetane som inngår under lovpålagte primærtenester. Uttalen peikar på sentrale forhold rundt kunnskap og samhandling som er viktig å ivareta m.a gjennom løpande samarbeid og samhandlingsgrupper.

Når det gjeld samhandlingsgrupper forøvrig vert det synt til kommentarane ovanfor.
Det vert synt til kommentarane ovanfor når det gjeld kommuneplanleggjar, folkehelsekoordinator. Det same prinsippet som er nemnt i desse kommentarane gjeld også for kommuneoverlege. Gjennom delegering vil ein sikre kanal mellom kommuneoverlege og rådmann for det som går på overordna samfunnsansvar knytta til samfunnsmedisin og smittevern.

Elles peikar Akademikerforbundet på ei sentral problemstilling knytt til samordning av dei kommunale frivilligressursane. Dette må løysast i den vidare organiseringa.

Den Norske legeforening avd Hornindal v/ Olav Maruset  har sendt inn ein uttale som går spesifikt på neste fase i prosessen, retta mot organisering av tenestene og tenestetilbodet i helse og omsorg. Det vert vist til at vi får motteke uttalen og at denne vert teke med i den prosessen som startar opp etter ferien.

Kommuneoverlegen i Volda har kome med eit innspel til legeforeninga i Volda som også gjeld problemstillingar i fase to.

Med dei endringane som er kommentert ovanfor gjer prosjektleiaren vedtak om modell for adminsitrativ hovudstruktur for nye Volda.

Det vert sett i gang prosessar for iverksetting, jfr stillingsskildringar, rekruttering av leiarane, delegering, utvikling av leiarteamet og vidare prosess for organisering av rådmannststaben og sektorane.

Rådmannen skal drøfte med leiarteamet og organisasjonane for å finne naturleg tidspunkt for evaluering av hovudstrukturen. Elles vil det verte gjort mindre endringar under vegs dersom det oppstår behov for det.

Volda, 26.03.2018

Rune Sjurgard
Rådmann

Kopi til:
Leiarane i rådmannen si leiargruppe i Volda og Hornindal
Fellesnemnda


Rådmann
Ass.rådmann
Arkiv
Beredskap
Innovasjon og digitalisering
- Prosjektutvikling
Juridisk rådgjeving
Mål- og kvalitetsutvikling
Offentlege innkjøp
Personvern
Politisk sekretariat/Service
Økonomiavdeling
Analyse og finans
Budsjett og rekneskap
Skatt og innkreving
Økonomisk rådgjeving og støtte
Økonomisk internkontroll
Interkommunalt:
IKT
Kulturavdeling
Arrangement
Bibliotek
Frivilligsentral
Kino
Kulturminne
Museum
Sakshandsaming
Ungdomtiltak
Samhandlingsgrupper
(Arena)
Personalavdeling
HMS
Kommunikasjon og informasjon
Kompetanse
Løn
Organisasjonsutvikling
Personal forvaltning
Personal rådgjeving
Rekruttering
SEKTOR: Helse og omsorg
Bu og habilitering
Dagsenter
Kvardagsrehabilitering, førebyggande
heimebesøk og demensteam
Legetenesta
Leiar koordinerande eining
Folkehelse- og Frisklivskoordinator
Fysio- og Ergoterapi
Heimetenester
Omsorgsbustadar
Psykisk helse og Rus
Sjukeheim/Omsorgssenter
Tenestetildeling
SEKTOR: Oppvekst
Jordmor
Helsestasjon/Skulehelseteneste
Barnehage
Skule
Kulturskule
Psykolog
Logoped
Introduksjon og integrering flyktningar
Læringssenter
Grunnskule for vaksne
SEKTOR: Samfunnsutvikling
Samfunns- og arealplanlegging
Brann og redning
Byggjesak
Eigedom (FDV)
Eigedomsskattekontor
Fiberinfrastruktur
Grunn
Kultur- og idrettsanlegg
Miljø
Næring
Oppmåling og kart
Veg/vatn/avløp
Døme på samhandlingsgrupper:
- Barn/unge
- Bustadsosialt
- Arbeid og kvalifisering
- Førebyggande/folkehelse
- Koordinerande eining (team)
- Planmøte
Interkommunalt:
Kommuneoverleve
Legevakt
Hamna dagsenter
Nav
Interkommunalt:
Barnevern
PPT
Interkommunalt:
Akutt forureining
Landbruk
Renovasjon

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# NOTAT

Interne mottakarar:
Arbeidstakarorganisasjonane i Hornindal
og Volda v/ hovudtillitsvalte

**Sak: Strategiske satsingar og organisering i nye Volda kommune**

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| *2017/1490* | *2745/2018* | *144* | *ADM/RUNSJU* | *20.02.2018* |

## ADMINISTRATIV HOVUDSTRUKTUR NYE VOLDA - HØYRING

Forslag til administrativ hovudstruktur for nye Volda vert sendt på høyring. Høyringsinstansane er arbeidstakarorganisasjonane. Tilsette må vende seg til sin organisasjon som samordnar og handsamar uttale som vert å sende til prosjektleiar **innan 15. mars** d.å.

**Prosessen**

Det har vore ein arbeidsprosess mellom leiarar, hovudtillitsvalte og representantar for større interkommunale samarbeid. På samlinga den 14. februar var det ei utvida leiargruppe der også mellomleiarane deltok.

| | |
|---|---|
| 23. november | Oppstartsamling der prosjektleiar presenterte prosjektnotat med målsetting og premissar for organiseringa. Inndeling i arbeidsgrupper som vart oppmoda om å kome med innspel til ny organisering. |
| 25. januar | Arbeidsgruppene presenterte forslag til organisering. Prosess i grupper og plenum. |
| 14. februar | Prosjektleiaren presenterte forslag til administrativ hovudstruktur. Leiarar og hovudtillitsvalte arbeidde i grupper og ga attendemelding på forslaget. |
| Høyring: | 1. mars – 15. mars |
| Avgjerd: | 20. mars |

Prosjektleiaren har drøfta forslaget med administrativ styringsgruppe og hatt ein gjennomgang av forslaget med fellesnemnda i møte 22. februar.

**Forslag til hovudstruktur**




Forslaget er litt justert etter innspel som kom fram i møtet den 14. februar. Forslaget følgjer vedlagt i eige dokument der det er lettare å lese teksten.

Prosessen i forkant med innspel til prosjektleiinga har vore ei god hjelp. Det har kome inn mange idear og konkrete forslag som ein m.a har lagt til grunn i utarbeidinga av forslaget.

**Sentrale premissar og føringar**

Nasjonal målsetting for kommunereforma

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Intensjonsavtalen

Stikkord frå intensjonsavtalen for samanslåing av Hornindal og Volda:

- Tenester med høg kvalitet
- Kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon - gode fagmiljø
- Vere ein samfunnsutviklar
- Vere på høgde med den digitale utviklinga

Fellesnemnda sine vedtekne satsingsområde

Det er vedteke tre satsingsområde for nye Volda (jfr sak 29/17i FN) :

- Sysselsetting
  - Handlar om tiltak og tilrettelegging for at det kan skapast arbeidsplassar/auka sysselsetting, jfr også intensjonsavtalen om at nye Volda skal vere samfunnsutviklar. Samfunnsutvikling, bustadutvikling og næringsutvikling bør sjåast i samanheng.
- Kompetanseutvikling
  - Må sjåast i samanheng med intensjonsavtalen om kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø. Organisering er eit virkemiddel for å skape kompetansemiljø, men her ligg det også ei forventing om politisk prioritering av kompetanseutvikling for at dette skal verte eit satsingsområde. Dersom ein skal innfri både nasjonale forventingar, krav og lokale mål om gode tenester, effektiv ressursbruk ved auka digitalisering mv må ein gjere organisasjonen i stand til faktisk å levere. Kompetanse og mestring hos den enkeelte tilsette er heilt avgjerande og den absolutt viktigaste suksessfaktoren for å lykkast. Dei kommunane som forstår dette og tilrettelegg for auka kompetanse hos både dei tilsette og leiinga vil vere lenger framme enn kommunar som ikkje satsar i den retninga. Prosjektet ny kommune bør setje av midlar til ei grunnpakke på kompetanseutvikling retta mot digitalisering, endringsprosessar og differensierte behov innafor ulike tenester. Vidare bør ein ha eit særskilt opplegg for leiarane knytta opp mot leiarferdigheiter og effektuttak ved visjonær, tydeleg og støttande leiing som gir folk mestring.

- Digitalisering
  - Dette må også sjåast i samanheng med intensjonsavtalen om å vere på høgde med den digitale utviklinga.

Satsingsområda er også vurdert ut frå utfordringa som er skissert i Perspektivmeldinga - Melding St. 29 (2016 – 17) om landet sin situasjon, utfordringar og strategiar i høve til velferd, sysselsetting og nasjonal økonomi. Det er varsla ein kombinasjon av reduserte inntekter frå oljefondet og auka kostnader knytt til pensjon og demografi. Inntektene må opp eller utgiftene ned. Eldre befolkning betyr også at vi vert færre til å bere byrdene dersom ikkje avgangsalderen frå arbeidslivet aukar.

Perspektivmeldinga peikar på at høg sysselsetting er ein hjørnestein i det norske samfunnet. Vidare peikar meldinga på viktigheita av å få meir att for innsatsen i både private og offentlege verksemder. Verdiar må skapast før dei kan delast. Meldinga seier at svaret på omstillingsutfordringa er nye arbeidsplassar i privat, konkurranseutsett sektor, ikkje bevaring av gamle strukturar. Det vert vidare sagt at tydelegare prioriteringar av mål og ein aktiv, systematisk og kontinuerleg innsats for å auke effektiviteten i offentleg sektor er nødvendig. Det vert i den samanhengen peika på meir og betre bruk av teknologi og digitalisering.

Politisk organisering

Fellesnemnda har sett ned ein temakomité for politisk organisering som har lagt fram forslag til slik modell:




Komiteen har også foreslått ein struktur for grendeutval. Dette er frivillige utval valt av innbyggjarane i grendene. Det vert foreslått at desse utvala skal få årlege løyvingar som dei kan forvalte til ulike miljø-/utviklingstiltak i grenda. Grendeutvala skal ha eit kontaktledd inn mot den administrative organisasjonen.

Den administrative hovudstrukturen må kunne samhandle med den politiske modellen. Administrasjonen skal tilretteleggje for lokaldemokratiet og dei politiske prosessane, og administrasjonen må innrette seg etter at det er politikarane som legg premissane.

Prosjektleiaren sitt prosjektnotat

Målsetting for organiseringa – stikkord:

- **Strategisk utvikling** - meistre utfordringane i åra framover
- **Meistringsklima** - leiarar og tilsette opplever meistring og kan yte gode og effektive tenester

- **Handlekraftig** – administrasjonen i Volda skal vere oversikteleg og ha tydelege og avklarte roller som gir rom for leiing og innovasjon
- **Samordning av det komplekse** – brukarar med samansette behov opplever at Volda gir gode tenester

I prosjektnotatet er det lagt nokre premissar for organiseringa:

- Vere eit reiskap for å nå måla
- Innfri nasjonale krav og vilkår
- Fungere og levere opp mot politisk organisering
- Alle tenester skal ha ei forankring til eit tenesteansvar/leiar
- Ivareta strategisk heilskap
- Ei inndeling i tenesteområde som gir god samordning
- Leiargruppa skal vere komplementær og funksjonell
- Ansvarsområdet skal skape interesse for kompetente leiarar
- Strategisk og operativt skilje i organisasjonen, men samtidig ei god samhandling gjennom leiarkanalen

<u>Evaluering av dagens organisering</u>

Både Hornindal og Volda gjennomførte ei enkel evaluering av dagens organisering. Her kan ein trekkje fram følgjande hovudpunkt:

Styrke (+) og svakheiter (-)
- Treng betre forankring interkommunale samarbeid
- Behov for betre tverrfagleg samordning av tenester
- Behov for innbyggjarstrategi – rolle i høve til dialog med innbyggjarane
-/+ Ulikt syn på storleiken på sektorane
- Kultur får for liten plass
+ Klare liner/delegering og oversiktleg
+ God økonomisk styring
+ God kunnskap om organisasjonen, kommunen og brukarane

Moglegheiter (+) og truslar (-)
+ Samfunnsutvikling
+ Næringsutvikling
+ Fagmiljø/kompetanse
+ Innovasjon og digitalisering
+/- Effektivisering
+/- Attraktiv
+/- Byggjer nytt/grip moglegheitene

Moglegheitene kan også vere ein trussel dersom ein ikkje lykkast.

**Kommentarar til forslaget til hovudstruktur**

Kommunal organisering må forhalde seg til ein del gitte faktorar. Kommunen har som sine primæroppgåver å yte tenester til innbyggjarane, og dei mest grunnleggjande tenestene er lovpålagde. Dette tilseier at kommunen må ha ei eller anna form for organisering av tenestene i sektorar.

Sjølv om modellen for nye Volda i seg sjølv ikkje er vesentleg grensesprengjande, så må dei som skal arbeide innanfor dei ulike sektorane og avdelingane vere budde på endringar i måtar å arbeide på for å forenkle og effektivisere administrative oppgåver og tenesteyting. Dette er brukarstyrte behov, men også klare forventingar frå både politisk og administrativ toppleiing. Det vert i denne samanheng også vist til at digitalsiering er eitt av satsingsområda til den nye kommunen.

Leiarteamet

Rådmannen sitt leiarteam vert på 7 medlemmer: rådmann, ass rådmann, 3 kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef. Dette vert det strategiske nivået og dekkjer heile organisasjonen. Teamet er passe stort til å kunne arbeide strategisk og utviklingsorientert. Samtidig er det mange nok til at teamet kan verte komplementært.

Leiarteamet skal ivareta heilskapleg og langsiktig perspektiv, samtidig som det gjennom medlemmene skal ha god oversikt og kontakt med driftsorganisasjonen. Leiarteamet skal drøfte seg fram til heilskaplege løysingar som samla sett er det beste for kommunen. Teamet skal ha både internt og eksternt fokus og er sentral for å tilretteleggje til gode prosessar både overfor organisasjonen, innbyggjarane og politisk nivå. Toppleiarteamet skal gjennom gode avgjerdsprosessar skape meirverdiar for kommunen. Dette inneber at medlemmene i teamet er forplikta utover ansvaret for eigen sektor eller avdeling, og skal medverke til å ivareta det som samla sett er mest tenleg for kommunen.

Ass rådmann

Ass rådmann er rådmannen sin faste stedfortredar. Ass. rådmann koordinerer rådmannen sin stab, slik at aktivitetar og prioriteringar vert samordna overfor sektorane. Ass rådmann har i tillegg til å vere leiar for ein del av staben eit primæransvar for mål- og kvalitetsstyring. Dette inneber ansvar for å utvikle strategiar, prosessar og verkty for målsetting, innovasjon, læring og gevinstuttak. I dette ligg det også å samordne plan- og rapporteringsprosessane og dokumenta knytt til dette, samt strategi for innbyggjarstrategi.

Under ass rådmann sorterer følgjande funksjonar:

- Kommuneplanleggjar

  Kommuneplanleggjaren er sentral i mål- og kvalitetsutviklingsprosessane og for å kople plan- og styringsprosessane og samordne overordna planlegging. Kommuneplanleggjaren vil ha ansvar for planstrategien og vil arbeide tett opp mot sektor for samfunnsutvikling.

- Innovasjon og digitalisering

  I næringslivet har ein ofte eit organisatorisk skilje mellom produksjon og innovasjon/forsking. I kommunane er det ei utfordring at innovasjon kan verte slukt opp av drift. Samtidig vil ein måtte skilje mellom større prosjekt og det som er dagleg innovasjon som handlar om kultur og handlingsrom til å teste ut og prøve ut nye ting i små skala i det daglege. Når ein vel å leggje inn eigne ressursar i staben til digitalisering og innovasjon, så handlar det om prosjektleiing og prosjektstøtte på større prosjekt. Skal ein lykkast med å ta ut gevinstar gjennom nye arbeidsmåtar og digitalisering, så er ein avhengig av at det vert lagt til rette gjennom prosjektorganisering og prosjektplan. Det må sikrast kompetanse, ressursar som arbeider metodisk og sikrar involvering og ein systematikk som resulterer i at ein kan dokumentere effekt. Prosjekt kan trekkjast ut som sjølvstendige prosjekt leia av prosjektleiar frå rådmannsstaben. Testresultat frå prosjekt som er vellykka vil verte innfasa i drift i tenestelina. Prosjekt kan også leggjast direkte under ei tenesteline med

prosjektrådgjeving/-støtte frå staben. Innovasjon og rådgjeving er ikkje ei eiga avdeling, men vil bestå av digitaliseringsrådgjevar og ein til som vert ressurspersonar på innovasjon og digitalisering. Digitaliseringsrådgjevaren vert også sentral i både strategiske og operative prosessar for å planleggje og implementere digitale verkty og robotisering, men også i høve strategiar for breibandsinfrastruktur ut til samfunnet.

- Juridisk rådgjeving

Volda kommune leiger inn relativt mykje juridiske tenester. Det vil nok vere behov for innleige av juridisk ekspertise også i framtida, men noko av dette kan erstattast med eigen juridisk rådgjevar. Organisasjonskartet viser organisatorisk plassering for ev framtidig juridisk rådgjevar. Ein må kome nærare attende til kva område dette kan vere aktuelt. Innkjøps- og kontraktsjus kan vere aktuelt.

- Politisk sekretariat/service, arkiv og personvernombod

- Beredskap

- Kulturavdeling

Kulturavdelinga skal ha ein eigen avdelingsleiar og får ansvar for tenestene innanfor kultur og frivilligtenesta. Det har vore lite ressursar til kulturadministrasjonen i dagens kommunar. Det er behov for å gi kultur ei meir synleg plassering og med eigen leiar som kan både initiere og følgje opp kultursaker. Det er nære relasjonar mellom kommunal kulturadministrasjon og frivillig arbeid, og det er viktig å få gode synergiar på tvers av heile samfunnet for å utløyse aktivitet og engasjement. Kulturavdelinga vert administrasjonen sitt kontaktledd til grendeutvala.

Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga vert leia av økonomisjefen som er medlem i rådmannen sitt leiarteam. Avdelinga har sentrale oppgåver knytt til finans, budsjett, rekneskap og økonomisk internkontroll. Innkjøpsrådgjeving ligg også til avdelinga inntil vidare. Dette er ei viktig støtteavdeling til sektorane på økonomi, og avdelinga skal drive aktiv opplæring, støtte, analyse og utgreiingar for å medverke til at kommunen får mest mogleg oversikt og grunnlag til at leiarane kan oppnå optimal ressursbruk. Dette grunnlaget er vidare viktig i økonomisk planlegging og politiske avgjerdsprosessar.

Personalavdeling

Personalavdelinga vert leia av personalsjefen som er medlem i rådmannen sitt leiarteam. Kommunen er som tenesteytar ein stor kompetanseorganisasjon. Kvalitet på tenestene har samanheng med kompetanse og god leiing. Personalavdeling med god kompetanse og høg aktivitet på å utvikle arbeidsgjevarpolitiske verkty som er forankra både blant dei tilsette og politikarane er grunnleggjande. Personalavdelinga er viktig tilretteleggjar og skal drive utviklingsprosessar for å utvikle leiarane og dei tilsette i heile organisasjonen. Kompetanseutvikling er eitt av satsingsområda i den nye kommunen.

Sektorane

Oppgåver som krev stor grad av samordning, og el som har store kontaktflater med kvarandre, er lagt til same sektor. Helse og velferd (omsorgstenesta) er samla i ein sektor. Det er viktig å sjå heile tenesteforløpet med planlegging, førebygging og behandling/pleie i samanheng. Den varsla reforma «Leve heile livet» understrekar behovet for heilskapleg tenestekjede. Dette må

samordnast innanfor ei fagleg leiing. Ved ei ev oppdeling vil ein også splitte opp stabtenesta og fordele kompetansen og arbeidsressursen på to sektorar. Ein vil misse stordriftsfordelar og få dobbeltarbeid med administrative rutinar, og det vil verte behov for å utvide stabsressursen for å dekkje opp behovet med to sektorar.

I prosessen undervegs har enkelte peikt på at det vil verte store sektorar. Samtidig har enkelte trekt fram at det viktigaste er god leiing. Strukturen er viktig for å ha ein klar og tydeleg organisasjon med ei naturleg samordning av tenester som høyrer i lag og som kan samle til breiare og tyngre fagleg miljø. Det er svært viktig at å sikre god leiing og ha fokus på dette på alle nivå i organisasjonen. Samtidig er det viktig å få til ei god organisering innanfor den enkelte sektor som gjer at ein får brukt ressursane på best mogleg måte hos den enkelte tilsette. Dette kjem ein attende til i fase to til hausten.

Kommunalsjefane vil få rådmannen sine fullmakter innanfor sine ansvarsområde (personal, fagleg og økonomisk). Utstrakt delegering kortar ned avstanden nedover i organisasjonen og gjer organisasjonen meir handlekraftig. Rådmannen følgjer opp med å vere tett på kommunalsjefane med klare forventingar og aktiv leiarstøtte.

Organisasjonskartet viser kva tenester som sorterer under sektoren og kommunalsjefen sitt ansvars- og myndeområde. Det kan vere enkelte funksjonar som kunne vore plassert i rådmannsstaben, som t.d kommuneoverlegen og folkehelsekoordinatoren. Med bakgrunn i den faglege forankringa og sikre at desse ressursane og kompetansen kjem direkte tenesteyting til gode, er det naturleg å plassere dei innanfor ein fagleg paraply og ikkje i rådmannstaben med hovudoppgåve å koordinere andre. Denne koordineringsfunksjonen er tenkt ivareteke gjennom nye samarbeidsarenaer, samhandlingsgrupper, som vert kommentert nærare nedanfor.

I sektor for samfunnsutvikling har ein samla kommunen sitt virkemiddelapparat for å tilretteleggje for samfunns- og næringsutvikling. Dette vert ein svært sentral sektor opp mot kommunen sitt satsing for auka sysselsetting. Tilrettelegging for bustadutvikling, næringsutvikling med ekspansjon av bedrifter og nye bedrifter, samt kommunal utbygging av infrastruktur og idretts- og kulturanlegg er fundament for å ha positiv utvikling i ein kommune. Dette krev at ein kan samordne oppgåver og prosjekt for å sikre heilskapleg planlegging, framdrift og oppfølging. Det vil vere ein styrke å samle fagleg miljø, samt sjå oppgåvene i ein heilskapleg og forpliktande samanheng, både det som gjeld internt og ut mot samfunnet. God ressursutnytting og god framdrift i kommunen sine eigne prosjekt, som utbygging av infrastruktur (veg, vatn, avløp, fiber) og kommunale bygg mv er viktig. Det trengst god planlegging og styring av ressursane der ein ser heile prosjektløpet i samanheng frå regulering, grunnforhandlingar, anbodsførebuing, kontraktsforhandlingar og byggjeleiing til prosjektet er sluttført.

Interkommunale samarbeid

Interkommunale samarbeid om tenesteproduksjon bør ha fagleg forankring i kommunen sin basisorganisasjon, enten kommunen er vertskommune eller samarbeidskommune. Derfor er dette vist med tilknytningsline til den faglege leiinga dette sorterer til. Det er prinsipielt og må følgjast opp konsekvent, slik at ein ikkje for nokre samarbeid legg dette rett til rådmannen og i andre samarbeid under rådmannen, iallfall samarbeid om tenester som gjeld tenesteyting. IKT-samarbeidet er naturleg å knytte til ass rådmann. Dersom kommunen er vertskommune så vil leiaren for tenesta sorterer under kommunalsjefen for paraplyområdet, som td barnevern under oppvekst.

Samhandlingsgrupper

Kommunane har dei siste 10-åra fått stadig fleire og meir kompliserte oppgåver. Dette gjer at det er særleg utfordrande å få til god tenesteflyt på tvers av fag- og sektorgrensene. Dette kan også utvidast til samordning opp mot eksterne samarbeidsinstansar som helseforetak mv. Den interne samordninga er utfordrande nok, og er noko ein bør finne løysing for i organiseringa av den nye kommunen. På det overordna og strategiske nivået vil det skje i toppleiarteamet. Utfordringa er størst i dei operative tenestene, og dette er søkt løyst ved å etablere faste samhandlingsgrupper etter tema eller brukargrupper. Rådmannen sitt leiarteam vil vere styringsgruppe for samhandlingsgruppene. Styringsgruppa skal gi samhandlingsgruppene skriftlege mandat, og dei skal setjast saman av faste representantar frå tenesteområda/sektorane. Gruppene skal finne løysingar på tverrfaglege problemstillingar gjennom samhandling. Det skal i kvart enkelt høve vurderast om leiaren av samhandlingsgruppa skal frikjøpast ein viss del til førebuing, etterarbeid og for å ha kontinuitet i gruppa.

Aktuelle område der det er aktuelt å opprette samhandlingsgrupper er t.d utsette barn/unge, arbeid og kvalifisering, bustadsosiale tenester, koordinerande team og førebyggjande arbeid/folkehelse. Dette handlar om brukargrupper som får tenester frå fleire sektorar. Det kan i enkelte høve også vurderast om samhandlingsgrupper kan supplerast med representasjon frå eksterne samarbeidsinstansar.

**Vidare prosess**

Når hovudstrukturen er avgjort 20. mars, så set prosjektleiaren i gang prosess med rekruttering av leiarane i rådmannen si leiargruppe. Fellesnemnda har tilsett rådmann i Hornindal, Ann Kristin Langeland, som ass rådmann i nye Volda. Prosjektleiaren arbeider ut frå at leiarane skal vere på plass så tidleg som mogleg og før ferien. Prosjektleiar og rådmann i ny kommune vil da leggje møteplan og ha prosessar med den nye leiargruppa som har som fokus å byggje ny kommune. Leiargruppene i dei gamle kommunane vil gå parallelt fram til 31.12.19. I den nye leiargruppa vil det verte lagt opp til prosessar på forventingsavklaring, delegering teambygging og støtte til oppfølging i prosessen.

Leiarane for dei ulike sektorane og avdelingane skal etter ferien starte på prosessen med organisering av sektorane og rådmannstaben. Dette bør ta ca ¾ år, slik at organisasjonsplanen for desse er på plass i løpet av april 2019. Deretter må det gjennomførast prosessar på rekruttering av mellomleiarane, rekruttering i rådmannsstaben. Vidare vert det tilsvarande prosessar i leiargruppene i sektorane og staben som er planlagt gjennomført for rådmannen sitt leiarteam. Fase 2 i prosessen vil omfatte fleire, og det er naturleg at desse vil oppleve usikkerheit ei tid framover til ein har fått brikkene på plass. Det er viktig med opne og involverande prosessar, og at vi informerer, samt at tilsette også etterspør informasjon når ein kjenner på usikkerheit. Intensjonsavtalen seier at ingen skal miste jobben eller gå ned i løn som følgje av samanslåingsprosessen.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no] Sendt: 01.03.2018 08:39:07 Til: Postmottak Volda Tittel: VS: Ny adm org

For journalføring – førast på meg.

***Rune Sjurgard***
*Rådmann*

*Mobil 90053752*
*www.volda.kommune.no*

---

**Fra:** Liv Bente Viddal
**Sendt:** onsdag 28. februar 2018 14:07
**Til:** Berit Lyngstad <berit.lyngstad@volda.kommune.no>
**Kopi:** Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>; Asbjørn Moltudal <asbjorn.moltudal@volda.kommune.no>
**Emne:** SV: Ny adm org

Vi på landbrukskontoret har sett på vedlegg 1: Administrativ organisering (org.kart).

Vi har ikkje særlege merknader, men viss dei tre boksane med interkommunalt nedst på skjema skal høyre til/ha kontaktledd til dei tre sektorane dei står under, så hadde det vore meir forståeleg viss det var ein strek mellom boks og sektor.

Helsing

**Liv Bente Viddal**
Seksjonsleiar
Kultur og landbruk

Direkte 70049614

E-post liv-bente.viddal@orsta.kommune.no
Web www.orsta.kommune.no

---

**Fra:** Berit Lyngstad
**Sendt:** 14. februar 2018 13:00
**Til:** Liv Bente Viddal <liv-bente.viddal@orsta.kommune.no>; Eli Grøtta <eli.grotta@nav.no>; Ingrid Evebø Haug <ingrid.evebo@ulstein.kommune.no>
**Emne:** Ny adm org

Hei

I dag var det ei utvida leiarsamling i Hornindal. Der presenterte rådmannen forslag til ny adm organisering. Sjå lenke – referat frå siste møte i adm styringsgruppe.

Deltakarane i dag fekk moglegheit til å kome med innspel til rådmannen, før forslaget kjem ut på høyring 1. mars, med høyringsfrist 15. mars.

Om de har innspel til forslaget står de fritt til å sende det direkte til rådmannen.

https://nyevolda.no/wp-content/uploads/2018/02/Referat-fr%C3%A5-m%C3%B8tet-08.-februar-2018-styringsgruppa.pdf

***Berit Lyngstad***
*Personalsjef*
*Personal- og organisasjonsavdelinga*
*Mobil 97661815*
*www.volda.kommune.no*

## Administrativ hovedstruktur nye Volda – høyring.
## Tilbakemelding frå Norsk Sykepleierforbund i Volda kommune

Norsk Sykepleierforbund i Volda har sett på forslaget til ny administrativ hovedstruktur i nye Volda og ønskjer å komme med ei tilbakemelding.

Vi synes forslaget er oversiktleg og har god struktur. Vi har nokre innspel som vi håper de kan ta med vidare:

**Sektor: Oppvekst**

- Vi er glad for at den har navnet oppvekst, tidlegare opplæring og oppvekst var eit langt navn. Oppvekst er dekkande navn.
- Leiinga i denne sektoren bør ikkje vere berre pedagogisk utdanna, men også helsefagleg bakgrunn. Til dømes nestleiar.
- Vi er glad for å sjå at helsestasjonen er lagt til oppvekst og støtter dette.
- Koordinerande team bør delast i eit for barn og unge og eit for vaksne .
- Leiar i Koordinerande team for born og unge bør ligge under oppvekst sektoren slik at vi har eit samla tilbod i sektoren
- Innhaldet i sektoren bør står i kronologisk rekkefølge:
    - Jordmor
    - Leiar for koordinerandeteam for born og unge
    - Helsestasjon/ skulehelseteneste
    - Barnehage
    - Skule
    - Kulturskulen
    - Psykolog
    - Logoped
    - Introduksjon og integrering flyktningar
    - Volda læringssenter
    - Grunnskulen for vaksne

**Samhandlingsgrupper:**

- Volda har behov for ei tversektoriell samhandlingsgruppe rundt miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Fint om den kan ligge organisatorisk under samhandlingsgrupper.
- Vi har og andre samhandlingsgrupper: Minoritetshelseteamet, Ressursteamet for born og unge osv.

**Interkommunalt:**

- Kronologisk rekkefølgje i boksa: Naturleg at Kommuneoverlege står først, før legevakt.

**Sektor : Helse og Velferd**

I sektoren er det nokre lange namn til dømes.

- Helse og velferdstenester i heimen: Ein vel lang tittel. Skulle hete bare Heimetenester eller Helsetenester i heimen.
- Rus og psykisk helseteneste, vi meiner eining skulle hete bare Psykisk helse og Rus kan bare ligge under ikkje alle som nytter teneste har utferdingar med rus.
- Sjukeheim bør hete det same som i dag Omsorgssenter.

**Tverrfagleg samordning av tenester:**

I evalueringa av dagens organisering står det tydleg at svakheit pr. i dag er eit behov for tverrfagleg samordning av tenester. Vi synes dette er svært viktig. Vi er litt usikre kva som blir beste organiseringa av for eksempel Koordinerande team og tenestetildeling. Bør det ligge ei koordinerande eining/ tildelingskontor for born og unge i oppvekst og ei koordinerande eining/ tildelingskontor for vaksne i helse og velferd. Litt utydeleg kva som ligg i tildelingskontor og kva som ligg i koordinerande team. Kan dette komprimerast? Det er viktig i framtida at deg som trenger hjelp kan møte bare ein person i kommunen som har oversikt og kan hjelpe vidare i systemet, slepper å gå frå kontor til kontor.

**Storleik på einingane i heile kommuna:**

Vi meiner einingane bør vere forholdsvis like i forhold til ansvarsområde for einingsleiarar. Til dømes med antall ansatte, antall brukarar, kompleksitet, døgn drift.

Med helsing

Vydmante Solominiene

Hovedtillitsvalgt Norsk Sykepleierforbund

13.03.2018 Volda

**Kommuneplan/planstrategi**

I forslaget er kommuneplan/planstrategi er lagt opp i rådmannen sin stab. Vi er samde i at dette er prinsipielt riktig plassering sidan det er ein sektorovergripande funksjon. Det er vi er meir bekymra for er at dette vil splitte eit allereie lite fagmiljø innafor planavdelinga. Viss ein tek ut ein person frå dagens planavdeling vil det verte få planleggarar igjen i den komande samfunnsutviklingssektoren. I tillegg vil kommuneplanleggaren verte sitjande veldig aleine fagleg sett i rådmannen sin stab. Viss det hadde vore ein større kommune med fleire planleggarar totalt ville situasjonen vore ein anna.

Vårt forslag er at ansvaret for kommuneplan og planstrategi formelt sett vert verande i rådmannen sin stab, men at sjølve personressursen er under samfunnsutviklingssektoren. Da vil ein halde samla det planfaglege miljøet ein har i dag, mens ansvaret ligg der det formelt høyrer heime.

I dag er assisterande rådmann med i prosjektgruppa som har ansvaret for revisjon av kommuneplanen og det er ei ordning som fungerer veldig godt. Vi tenker at vårt forslag vil fungere i praksis noko liknande som ordninga vi har i dag, men med ei forbetring ved at det formelle ansvaret er plassert der det prinsipielt høyrer heime.

**Folkehelsekoordinator**

Folkehelsekoordinator er i forslaget plassert under helse- og velferdssektoren. Vi meiner denne funksjonen høyrer til i rådmannen sin stab sidan det er ein sektorovergripande funksjon. I tillegg er det vedteke gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel at folkehelse skal vere eit overordna prinsipp for planen, og alle strategiar tek utgangspunkt i eit folkehelseperspektiv. Vi meiner at dette også bør vere synleggjort gjennom plassering av folkehelsekoordinator i organisasjonskartet.

**Samhandlingsgrupper**

I dag har vi eit fast planmøte der personar frå plan, byggesak, teknisk (VA og veg), barnerepresentant, kommuneoverlege møter. Dette fungerer greitt i dag, men hadde vore fornuftig om dette også vart formalisert som ein samhandlingsgruppe.

**Miljø**

Miljø er eit sektorovergripande tema, t.d. er kommunen sine klima- og miljømål gjeldande for alle sektorar i kommunen. Mange av kommunen sine miljøoppgåver er likevel knytt til planlegging og forvaltning, og det er på den måten naturleg at denne funksjonen er knytt til sektor for samfunnsutvikling, slik der er plassert i høyringsutkastet.

Vi i ynskjer likevel å legge vekt på at denne oppgåva framleis bør ha ein 100 % ressurs/stilling då kommunen har ei rekkje lovpålagde oppgåver som er ressurs- og tidkrevjande å følgje opp.

Døme på arbeidsoppgåver knytt til miljørådgjevar-stillinga:

- Kommunen har mynde og ansvar for ei rekke oppgåver knytt til forureiningslova, m.a. oppfølging, kontroll og tilsyn knytt til avløp, avfall, forsøpling, beredskap mot akutt forureining, forureina grunn i byggje- og gravesaker, lokal luftforureining, nedgravne oljetankar, radon, støy, forureining i landbruket og forureining i arealplanlegging.

- Kommunen har også mynde og pliktar knytt til naturmangfald, kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, jakt, fiske- og viltforvaltning, arealplanlegging, friluftsliv, motorferdsel, vannforvaltning og klima- og energitiltak.
- Rullere handlingsplan for klima og miljø, inkludert oppdatering av kunnskapsgrunnlag.
- Oppfølging av handlingsplanen.
- Volda kommune er med i Sunnmørskommunenes klimanettverk. Deltaking på samlingar og arbeid med klimaplan.
- Volda kommune er med i Miljøfyrtårn og har ansvar for sertifisering og resertifisering av verksemder i kommunen.

# Høyringsuttale gjeldande administrativ hovudstruktur nye Volda

Norsk fysioterapeutforbund og Ergoterapeutene

Norsk fysioterapeutforbund og Ergoterapeutene støtter grunnstrukturen i forslaget til ny administrativ hovudstruktur for nye Volda kommune. Vi synest høyringsnotatet har med mange viktige moment og gode tankar, så utfordringa blir å gjennomføre dette i praksis.

Vi vil i det følgande kome med nokre innspel om innhaldet i den føreslegne hovudstrukturen.

## Generelt

Vi synast det er viktig at boksane i organisasjonskartet får godt fram kva tenester som ligg under avdelinga/sektoren, dette gjeld både stab og sektorar. Sjølve organisasjonskartet må teiknast tydeleg og få fram strukturen, og spesielt lyt ein få fram at samhandlingsgruppene ikkje er ein del av hierarkiet.

Vi registrerer at funksjonen «Folkehelsekoordinator» er diskutert i forhold til plassering, og at den førebels er plassert i sektor Helse og velferd. Det er mogleg at det er ein god tanke å forankre den fagleg i sektoren, men vi er bekymra for at den blir for lite synleg og ikkje får nok strategisk handlingsrom. Dette kan bli ivaretatt av samhandlingsgrupper, men vi er redde for at det ikkje er tilstrekkeleg. Denne funksjonen er også fagleg like mykje knytt til sektor Oppvekst og sektor Samfunnsutvikling. Vi tenker derfor at det vil vere meir strategisk å plassere den i staben under assisterande rådmann, og at den er med i samhandlingsgruppene som ein representant frå stab.

## Samhandlingsgrupper

- Vi har stor tru på dette. Vi har høge forventningar til at gruppene kan få til resultat som vi ikkje greier i dag.
- Det er bra at rådmannens leiarteam er styringsgruppe og at gruppene skal få klare mandat.
- Det er nødvendig at dei som skal sitte i gruppene får tid til å gjere jobben.
- «Velferdsteknologi» og «Rehabilitering» kan også vere aktuelle grupper.
- Det trengs gode prosessar for å rekruttere deltakarar i desse gruppene.
- Våre medlemmer er motiverte for å delta i slike grupper!

## Sektor Helse og velferd

- Handlekraft i sektoren ser vi på som svært viktig. For å lukkast med dette må ein finne ein god måte å strukturere tenestene og leiarane internt i sektoren. Utan ein god struktur er vi t.d. bekymra for at det blir lang veg for å få avgjersler i ulike saker og at tenestene ikkje kjem til dra i same retning.
- Det er viktig med rett leiar på rett plass om ein skal få til dei gode intensjonane som er omtalt i høyringsnotatet.
  - Mellomleiarane må ha tydelege delegeringar og avklara roller.
  - Mellomleiarane må ha mynde til å ta avgjersler på avdelingsnivå og stort nok handlingsrom.
  - Kommunalsjef må sjå kvar enkelt teneste sjølv om sektoren er stor, og ha fokus på at sektoren skal gi tenester og førebyggande tiltak i heile livsløpet.

- Angåande benemning av tenester i sektor Helse og velferd sin boks på organisasjonskartet:
    - Ønsker ikkje skråstrek mellom ulike tenester, eks. fysioterapi/ergoterapi. Vi ønsker at det står enten «Fysioterapi» for seg sjølv og «Ergoterapi» for seg sjølv, eller aller helst «Fysio- og ergoterapitenesta», som er namnet på tenesta i Volda pr. i dag.
    - Det same gjeld «Folkehelsekoordinator» og «Frisklivskoordinator»
    - «Kvardagsrehabilitering», «Førebyggande heimebesøk» og «Demensteam» bør inn som eigne tenester for å synleggjere dei.
    - «Koordinerande *eining*» er eit begrep i lovverket. Leiaren bør vere leiar for dette og ha eit eller fleire team under seg. Dersom det er eit problem at «eining» også blir brukt om dei ulike avdelingane i sektorene kunne ein heller skifte namn på einingane til avdelingane.

Volda, 15.03.2018

| | |
|---|---|
| Synnøve Ringset Fuglehaug | Karianne Sveen Orvik |
| Tillitsvald Norsk fysioterapeutforbund | Tillitsvald Ergoterapeutene |

**FAGFORBUNDET**
**VOLDA**

Til
rådmann Rune Sjurgard

**Høyringsnotat til administrativ hovudstruktur i nye Volda kommune – Innspel/merknadar**

Fagforbundet Volda meiner det har vore ein god prosess i høve administrativ hovudstruktur i nye Volda kommune, med samlingar av hovudtillitsvalde og leiarar frå Volda og Hornindal kommunar.

Rådmannen har sendt ut til arbeidstakarorganisasjonane eit høyringsnotat med forslag til administrativ hovudstruktur i nye Volda kommune.

Fagforbundet Volda har fått følgjande innspel/merknadar frå medlemane:

- Sektor helse og velferd bør ha nemninga helse og omsorg, og viser til at dette er namnet på det lovverket dei arbeider utifrå.

- Grøn boks, samhandlingsgrupper, bør flyttast i organisasjonskartet til nivået under sektorar og dei tre sektorleiarane bør vere styringsgruppe for samhandlingsgruppene. Ein slik modell dekkjer alle dei gruppene som er nemnde. Styringsgruppa rapporterar til rådmannen. Skal samhandlingsgruppene fungere optimalt bør dei vere mest mogleg sjølvstyrte, med ansvar for eigen saksgang og samansette av færrast mogleg representantar som er relevante for arbeidet/den enkelte sak. Bustadsosialt arbeid har i dag samhandlingsgruppe for tverrfagleg samarbeid og kan brukast som mal for gruppene.

- Merknad til Samhandlingsgruppe for arbeid og kvalifisering:
  Motivet for samhandlingsgrupper er å koordinere det fragmenterte og sikre betre samhandling på saker som krev samarbeid på tvers av sektorane. Dei som arbeider med arbeid og kvalifisering høyrer i dag at arbeidet innan arbeid og kvalifisering fungerar som fragmentert og lite koordinert. Dei som arbeider med arbeid og kvalifisering deler ikkje dette synet, men opplever samarbeidet på tvers av sektorane i kommunen som tett og godt med korte tenesteliner og god samhandling, med fast møtepunkt ein gong i månaden mellom rus- og psykisk helseteneste og NAV. Til no har det vore lite samhandling med Volda læringssenter og EMI, men dette er under etablering.

15.03.2018

FAGFORBUNDET VOLDA
v/Oddbjørg Yksnøy Rangsæter
Hovudtillitsvalt

Fagforbundet Volda | Telefon: 70058860 | Rådhuset | Org.nummer 976276787
oddbjorg.rangsater@volda.kommune.no | Telefaks: 70058861 | 6100 Volda

# Høyringsuttale til ny administrativ organisering for Nye Volda frå arbeidstakarorganisasjonane i Hornindal.

*Samhandlingsgruppene* – veldig fine tankar og gode intensjonar som alle er einige i at vi bør ha. For at det skal ha nokon hensikt må det vere klare retningsliner og ansvarsforhold, og tydelege mandat. Dette må det jobbast ein del med for at det skal fungere, elles kan det verte berre ei symbolsk boble.

*Førebygging* – eit viktig fagområde som bør løftast over sektornivå, så vi føreslår at ansvaret bør ligge i rådmannen sin stab under ass. rådmann. Førebygging bør vere mellom anna folkehelse, friskliv og koordinerande eining.

Eit av hovudmåla til Nye Volda kommune er å satse på Folkehelse, så vi finn det naturleg at dette fagområdet vert løfta opp i organisasjonen. Vi bør sjå på folkehelse og førebygging i eit større perspektiv på tvers av sektorane.

Vi kan i desse dagar lese at alle ungdomspartia i landet kjem med eit felles opprop om at det må satsast mykje meir på førebygging slik at vi slepp å reparere så mange som får livsstilssjukdommar. Dei jobbar no for å få med seg moderpartia.

*Helse og velferd* – vi er ikkje fortrolige med ordet velferd, og ynskjer at ein nyttar omsorg slik det politiske utvalet vil heite, her må det vere samsvar. Dessutan heiter lova ein arbeider etter «Helse- og omsorgstenestelova». Omsorg er pr. i dag eit meir dekkande ord for dei tenestene ein utfører og det er eit ord publikum kjenner.

Det er også litt overveldande at eininga vert så stor. Ein er bekymra for lang tenesteveg og store avstandar mellom leiing og utførande. Hovudynskje er at ein hadde hatt ein sektor for helse og ein for omsorg. Med ein sektor må ein i alle fall sikre at begge fagområda får like stor vekt, og at det vert god samhandling.

Vi kjem med forslag om å flytte folkehelse, friskliv og leiar koordinerande eining til eit meir overordna nivå og kalle det førebygging i rådmannen sin stab (sjå punkt om Førebygging over). Dette er eit veldig viktig fagområde framover for å førebygge livsstilssjukdommar og redusere helseutgiftene i kommunen.

*Koordinerande team* – etter helse og omsorgstenestelova heiter det koordinerande eining, og vi ber om at ein for ettertida nyttar eining, ikkje team. Vi er tross alt ei nynorsk-kommune.

*Oppvekst* – mange gode koplingar av ulike aktørar, og ein vonar verkeleg at ein kan nytte barne- og ungdomspsykolog og logoped for å gjere kvardagen i barnehage og skule betre for dei som treng det.

*Samfunnsutvikling* – veit ikkje om vi er heilt fortrolige med namnet på sektoren, men har ikkje noko betre forslag anna enn at om dei 3 sektorane skal ha kvart sitt politiske utval, burde namna spegle kvarandre. Det vert ein etat med stor bredde i arbeidsoppgåvene, så ein må finne gode løysingar på samhandling og koordinering.

Ein vil også få eit habilitetsspørsmål ved behandling av saker i eigen regi t.d. byggeprosjekt, som ein må løyse til dømes ved å nytte rådmann eller ordførar som prosjekteigar/søkjar.

Vi meiner at den nye kommunen må vere best tent med sitt eige landbrukskontor, sjølv om ein i dag har felles landbrukskontor med Ørsta. Faget må uansett løftast opp og satsast på om vi skal behalde landbruket i bygdene våre. At det står Landbruk både under sektor Samfunnsutvikling og Interkommunalt samarbeid, er forvirrande.

*Interkommunale samarbeid* – i samband med sektor for samfunnsutvikling, må interkommunale samarbeid også omfatte IUA (interkommunalt utval mot akutt forureining).

*Innbyggarundersøking/tenestetilbod* – Kven er vi til for? Vi må ikkje henge oss så mykje opp i organiseringa at vi gløymer kvifor vi jobbar i ei kommune. Vi skal yte tenester til beste for innbyggarane. Kva tenester ynskjer dei? Korleis ynskjer dei at vi skal møte dei? Korleis ynskjer dei å få utført dei tenestene dei etterspør? Vi må verte publikumsvennlege, yte god service, ha kontroll og oversikt, yte kvalitet og effektivitet på innbyggarane sine premissar men sjølvsagt innafor regelverket.

*Oppmøtestad/arbeidsstad/kontorstad* – På same tid vil vi kome med eit sterkt ynskje frå dei tilsette i Hornindal kommune. Vi ynskjer i utgongspunktet å behalde arbeidsplassane våre i Hornindal. Det er rikeleg med kontorplassar både på Smia og andre plassar på Grodås, og i desse digitaliseringstider, vil ikkje kommunikasjon vere noko hinder for at Nye Volda kan ha kontor både i Hornindal og Volda. Vi meiner det vert feil å pålegge eit heilt fagområde å flytte fordi ein ikkje har nok plass på same stad. Vi ynskjer oppmøtestad som no både kontortilsette og andre, men reknar sjølvsagt med at vi må ha faste kontaktpunkt, samt delta på møter og anna i Volda.

Vi vonar de vil ta omsyn til kommentarane våre til ny administrativ organisering av Nye Volda kommune. Neste steg i prosessen med bygging av sektorane vert den viktigaste jobben i forhold til å ivareta både dei tilsette og innbyggarane. Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid med mål om å yte gode tenester for innbyggarane våre.

Med helsing

Arbeidstakarorganisasjonane i Hornindal, v/Anita Brenna Muldsvor (NITO)

Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Norsk Sykepleierforbund, Delta, NITO/NaFo, Norsk Fysioterapiforbund

Til
Prosjektleiar Nye Volda kommune
v/Rune Sjurgard

Volda 15.03.2017

**Høyringsuttale - administrativ hovudstruktur for Nye Volda kommune**

Akademikerforbundet er samd i framlegget til ny administrativ hovudsstruktur med tre stabar/avdelingar og tre sektorar, jf. formål om meir heilskapleg samordning av tenester og fagmiljø. Sektorane er store og har mange tenester skal forvaltast og tilsette som skal ivaretakast. Dette føreset god prosess i fase to med å sikre god organisering av kvar stab/avdeling og sektor. Vi ser fram til like god prosess med brei involvering av tillitsvalde vidare, slik vi har hatt hittil i prosessen.

Organisasjonskartet viser kva tenesteområde som sorterer under kvar sektor og stab/avdeling. Vi har merknader til plassering av funksjonar og tenesteområde i sektorar, stab/avdeling, som følgjer under.

***Ass.rådmann***
Vi rår til at nemninga på staben vert synleg på organisasjonskartet t.d. *Rådmannens fagstab* el *Rådmannsstaben*. Vi nyttar *Rådmannsstaben* vidare, slik prosjektleiaren gjer i høyringsnotatet.

***Kommunikasjon og informasjon***
Det er positivt at fagfeltet *Kommunikasjon og informasjon* er synleg på organisasjonskartet, men plasseringa i *Personalavdelinga* synast underleg og uvanleg for å stette lovkrav på feltet og sikre samordning av nærliggande oppgåver under same paraply. Ei personalavdeling har personalarbeid som sitt primære arbeidsområde, og ikkje primærsatsing på kommunikasjons- og informasjonsarbeid. I høyringsnotatet er det vist til at fokuset i personalavdelinga vil vere utvikling av arbeidsgjevarpolitiske verkty, tilretteleggje og drive utviklingsprosessar og kompetanseheving av leiarar og tilsette i organisasjonen.

Kommunen har som primæroppgåve å yte lovpålagde tenester for innbyggjarane tilpassa deira ønskjer og behov. Dette føreset aktiv informasjon og kommunikasjon til innbyggjarane. Det viktigaste grunnlaget for offentleg informasjons- og kommunikasjonsarbeid er kommunelova § 4 om aktiv informasjonsplikt, offentlegheitslova og statleg kommunikasjonspolitikk. Det er viktig at denne lovpålagte oppgåva er plassert der arbeidet får den prioriteringa det bør ha, og vert samordna med nærliggande tenester for breiare og tyngre fagmiljø. Ei splitting til fleire

stabar/avdelingar vil ikkje gi heilskapleg forvaltning og samordning av oppgåver som høyrer saman.

Det er relevant for arbeidsoppgåvene kvar ein fysisk høyrer til og at dei vert plasserast i tenesteområde som har oversikt over heile organisasjonen, både politisk og administrativt, for å serve ekstern og intern kommunikasjon og informasjon, og service. Vi rår til at *Kommunikasjon og informasjon* vert plassert saman med nærliggande tenesteområde i *Rådmannsstaben* saman med *service, politisk verksemd, arkiv og tverrsektorielt saksarbeid.* Slik vil vi sikre meir nøytral plassering, samordne tenesteområde i samsvar med premissar som er lagt til grunn for ny administrativ organisering, og samle fagmiljø og kompetanse som har dette lovpålagde feltet som sitt primære verkeområde.

***Offentlege innkjøp***
Vi rår til at tenesteområde *Offentlege innkjøp* vert synleg på organisasjonskartet og plassert i stab/avdeling, anten i *Rådmannsstaben* el. i *Økonomiavdelinga*, som har ansvar for tenesta i dag.

***Juridisk rådgjeving***
Vi støttar prosjektleiaren i at vi i ny kommune bør tilsetje juridisk rådgjevar for å redusere innleie av juridisk kompetanse gjennom offentlege innkjøp, og styrke juridisk rådgjeving i organisasjonen.

***Kulturavdeling***
Det er positivt at *Kulturavdeling* vert framheva og synleg på organisasjonskartet, men underleg og uvanleg val av plassering i *Rådmannstaben*. Kan alternativ plassering vere i sektor *Oppvekst og kultur* (ny nemning på sektor) for betre samhandling med den politiske modellen og fleire nærliggande tenesteområde? Alternativt i sektor *Kultur- og samfunnsutvikling* (ny nemning på sektor).

***Ungdomstiltak***
I sektor *Oppvekst* er tenester for barn og unge samla i same fagmiljø, med unnatak av *Ungdomstiltak*. Om ein plasserer *Ungdomstiltak* i sektor *Oppvekst* vil ein få eit breiare fagleg og kulturelt utgangspunkt for arbeidet. Oppvekstsektoren gjer i dag mykje godt arbeid for barn og unge m.a. i *Kulturskulen*. Sektoren har god oversikt over born sine behov, gjennom *Barnehage*, *Skule, Helsestasjon* og *Læringssenter*. Denne kunnskapen vil vere nyttig når ein skal arbeide vidare og fremje ungdomstiltak i Volda. Dette vil samle og styrke fagmiljø og kompetanse som utgangspunkt for arbeidet med barn og unge, og sikre meir heilskapleg tenestekjede innanfor same faglege leiing.

***Samhandlingsgrupper***
Vi er positive til etableringa av *Samhandlingsgrupper* og vi vil oppmode om at det vert laga klare mandat og mynde til desse, og avsett ressursar til koordinering og leiing for god drift av gruppene.

***Interkommunale samarbeid***
Det er positivt at interkommunale samarbeidstiltak er synleg på organisasjonskartet og plassert med fagleg forankring i basisorganisasjonen i den sektoren/staben dei sorterer under.

***Folkehelsekoordinator, kommuneoverlege og kommuneplanleggjar***
I høyringsnotatet vises det til at enkelte funksjonar som *folkehelsekoordinator* og *kommuneoverlege* kunne vore plassert i rådmannsstaben, men grunna fagleg forankring og for å sikre at ressursar og kompetanse kjem tenesteytinga direkte til gode, er desse plassert i sektor *Helse og Velferd*. *Kommuneplanleggjaren* er derimot plassert i *Rådmannsstaben* og vil ikkje få fagleg forankring i fagmiljø saman med andre planleggjarar i arbeidskvardagen, men samarbeide tett opp mot sektor *Samfunnsutvikling*.

Folkehelseperspektivet er, og skal vere eit overordna mål i kommuneplanen som gjeld heile organisasjonen og Voldasamfunnet. *Folkehelsekoordinator* skal arbeide tverrsektorielt og bør ideelt vere organisatorisk plassert sentralt i organisasjonen. *Folkehelsekoordinator*, som *Kommuneplanleggjar* (og truleg kommuneoverlege), bør ideelt vere plassert nær strategisk leiing i *Rådmannsstaben*, både for å ha legitimitet i folkehelsearbeidet, vere nær overordna avgjerdsmynde i organisasjonen og ha heilskapleg tilnærming i folkehelsearbeidet.

Det er viktig at tilsette i arbeidskvardagen er knytt til eit fagmiljø med nærliggjande oppgåver, men ein må ta nokre vegval. Vi vil rå til at det vert gode prosessar med aktuelle fagmiljø og sterkt vurdert at *Folkehelsekoordinatoren* vert lagt i *Rådmannsstaben,* saman med kommuneplanleggjar. Mykje kan løysast gjennom koordinering og samarbeid m.a. i samhandlingsgruppene, og ved etablering av nye samarbeidsarena.

***Frivilligsentralen og frivilligkoordinatorer***
I dag har Hornindal ein (ukjend) ressurs i sin frivilligssentral. Volda har 100% ressurs på frivilligsentralen plassert i *Kulturavdeling* og 80% ressurs fordelt på to frivilligkoordinatorar i sektor *Helse og Velferd*. Korleis kan desse nære tenesteområda best mogleg samordnast for koordinering av frivillig arbeid og aktivitetar i Nye Volda kommune?

Med vennleg helsing

Nina Kvalen
Hovudtillitsvald i Akademikerforbundet
Volda kommune

AKADEMIKER FORBUNDET

UTDANNINGS
FORBUNDET
Volda

# HØYRINGSSVAR NY ADMINISTRATIV HOVUDSTRUKTUR NYE VOLDA

**Prosessen**

Det har vore gjennomført ein svært god prosess når det gjeld ny administrativ hovudstruktur i Nye Volda. Gjennom heile prosessen har det vore god informasjon frå prosjektleiar , og tillitsvalde og leiarar har fått høve til å god involvering i prosessen. Prosessen har teke tid, men UDF Volda meiner det er god investering å bruke tid når ein skal gjennom store endringar. Denne måten å organisere prosessen kan vere ein mal når vi skal gjennomføre fase 2 til hausten.

Som organisasjon kjenner vi at vi har hatt reell medverknad. Prosjektleiaren har lytta til det som har vore kommunisert , teke med viktige signal frå arbeidsgruppene og ikkje gjort seg opp ei meining på førehand. Dette er truleg ein viktig faktor for at den nye organiseringa skal bli ein suksess.

**Forslag til hovudstruktur**

<u>Målsetting for organiseringa :</u>

- Strategisk utvikling - meistre utfordringane i åra framover
- Meistringsklima - leiarar og tilsette opplever meistring og kan yte gode og effektive tenester
- Handlekraftig – administrasjonen i Volda skal vere oversikteleg og ha tydelege og avklarte roller som gir rom for leiing og innovasjon
- Samordning av det komplekse – brukarar med samansette behov opplever at Volda gir gode tenester




<u>Kommentarar til forslaget til hovudstruktur:</u>

Den nye hovudstrukturen kan vere ein god måte å organisere for å nå målsettinga for organiseringa. Det nye **Leiarteamet** med sine 7 medlemmar er høveleg stort til å kunne arbeide strategisk og utviklingsorientert, og vere handlekraftig. Samtidig er det mange nok til at teamet kan verte komplementært.

**Sektorane** Oppgåver som krev stor grad av samordning, og som har store kontaktflater med kvarandre, er lagt til same sektor. I Opplæring og oppvekst har ein samla helsestasjon, jordmor, skulehelseteneste, logoped, psykolog, barnehage, skule, kulturskule, vaksenopplæring, introduksjon og integrering, og med samarbeidsinstansane PPT og Barnevern. I prosessen har fleire peikt på at det vil verte store sektorar, og UDF Volda er ein av dei som har uttalt seg om dette. Det er **positivt** å tenke heilskap, og prosjektleiaren meiner at dette kan gje ein handlekraftig organisasjon. Det kan den, men vi skal vere medviten det som kan vere ein **risikofaktor**, nemleg at sektoren vert **for** stor. Oppvekstsjef kan ikkje ha kapasitet til å vere næraste leiar til mellomleiarane i ein så stor sektor, noko som talar for at ein må ha eit leiarnivå under oppvekstsjef. Då kan det verte stor avstand frå øvste leiar til grasrota. Det kan og verte "øyer" i sektoren i staden for den heilskaplege VI- tanken.

Til no har det vore ei styrke i nettopp denne sektoren at sektorsjef har hatt særs god kjennskap til det som skjer ute i organisasjonen, og for dei tilsette betyr det mykje å ha ein leiar som veit kva som ein står i til det daglege. "Strekk i laget" er det som UDF Volda fryktar om øvste leiar som skal arbeide med det strategiske ikkje kjenner landskapet og verkelegheita ute i skule, barnehage og helsestasjon på same måte som han har gjort til no. (Dette kjem ein attende til i fase to til hausten. Her har UDF Volda allereie fått innspel gjennom denne høyringsrunda , og dette vil vi ta med oss når vi startar med arbeidet innanfor sektororganiseringa.)

Opplæring og oppvekst har ein visjon; *Volda kommune har trygge born og unge som deltek, meistrar og lærer.* UDF Volda vil understreke at for å nå denne visjonen er det særs viktig at **øvste leiar** for opplæring og oppvekst må ha **pedagogisk utdanning og erfaring, i tillegg til å ha god leiarkompetanse**. Ein strategisk leiar må ha den faglege bakgrunnen som pedagog for å kunne gjere dei rette vala for sektoren, for dei tilsette og for dei vi er her for; nemleg borna og ungdommane våre.

Leiarkompetanse er alfa omega for at den nye organiseringa skal lukkast. Leiarar er nøkkelen til å få organiseringa til å fungere, og det er sårbart om den ikkje fungerer. Det er svært viktig at å sikre god leiing og ha fokus på dette på alle nivå i organisasjonen.

**Samhandlingsgrupper**

Det mest nytenkande og spennande med den nye organiseringa er **samhandlingsgruppene**. UDF

Volda har stor tru på at å etablere faste, forpliktande samhandlingsgrupper etter tema eller brukargrupper kan vere det som skal til for å sikre at vi tenker heilskap, finne løysingar på tverrfaglege problemstillingar på tvers av tidlegare tette skot og samle kunnskapen for å handle til det beste for brukarane våre, spesielt med brukargrupper som får tenester frå fleire sektorar. Det er viktig å klargjere forventningar, mandat og faste medlemmar i dei ulike samhandlingsgruppene og gje dei ressursar slik dei kan fungere optimalt. Rådmannen bør delta på samhandlingsmøta for å kunne følgje opp ( i startfasa er det særs viktig), men og for å ha god kjennskap til organisasjonen han er øvste leiar for.

**Til slutt ein kommentar frå HTV UDF Volda**

Har eit stor ynskje om at vi erstattar titlane *SJEF* med *LEIAR*! Personleg meiner eg det er ein stor forskjell på å vere sjef og det å vere leiar. Vi har gjennom prosessen høyrd fleire uttale seg om kor viktig det er med god leiingskompetanse og at leiarane er den viktigaste faktoren for å få til endring og optimalisert ressursbruk. Så la oss finne gode nemningar for toppleiarteamet , slik at tittelen gjenspeglar det vi har forventningar om, nemleg at vi skal ha leiarar som viser veg. Så kan vi gå vegen saman!

https://lederne.no/2016/05/06/vaer-en-leder-ikke-en-sjef/




Utdanningsforbundet Volda ynskjer prosjektleiaren lukke til vidare i prosessen med bygging av den nye kommunen og med å få dei rette leiarane med seg på laget. For det er det vi er, eit lag , med ulike roller , som har til mål at vi skal gjere det beste for brukarane våre. Ser fram til at leiarkabalen er på plass og vi kan starte arbeidet med fase 2 .

Beste helsing

Utdanningsforbundet Volda

V / HTV Sirikit Vågen

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]
Sendt: 15.03.2018 13:10:10
Til: Postmottak Volda
Tittel: Fwd: VS: Innspill til høringsnotat

---

Journalføring

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

-------- Opprinnelig melding --------
Fra: Joakim Rødven <joakim.rodven@volda.kommune.no>
Dato: 15.03.2018 12:26 (GMT+01:00)
Til: Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>
Emne: VS: Innspill til høringsnotat

Hei,

Vidaresender innspel til ny organisering frå NITO-medlemmene.

***Joakim Rødven***
*Kommunikasjonsrådgjevar*
*Samfunn og Rådgjeving*
*Mobil 48229993*
*www.nyevolda.no*

---

**Fra:** Øivind Semb
**Sendt:** torsdag 15. mars 2018 11:43
**Til:** Joakim Rødven <joakim.rodven@volda.kommune.no>
**Emne:** Innspill til høringsnotat

Hei.

Det har kommet to innspill på høringsnotatet om ny administrativ organisering av Nye Volda kommune. Disse er referert under.

**Innspill 1:**
Det er gode intensjonar og målsettingar for den nye organiseringa. Det er naturleg lagt til grunn at vi alle må vente endringar i høve status for noverande organisering, arbeidssituasjon mm.

Utan tvil er det lagt opp til ei ny sektorinndeling der kvar sektor har store ansvarsområde. Det er høge ambisjonar for potensialet som dette kan gje for mogleg samhandling og utvikling innanfor kvart område.
Vi har ein veg å gå i høve status for opplevd samhandling mellom avdelingane under dagens organisering, og det er bra med ambisjonar om forbetringar og utvikling!

Eg har naturleg mine forventningar til ny organisering og struktur ved at

- det vert lagt opp til ein struktur der samhandling og utvikling i grensesnitt mellom avdelingar i eigen sektor vil felle naturleg og at det vert sett av tilstrekkelege ressursar til (samhandlings)arbeidet
- det vert rom for at det ved behov kan verte oppretta «adhock»-strukturar som forenklar samhandling også *mellom* sektorane, for t.d. å optimalisere brukarmedverknad når arbeid vert sektorovergripande (t.d. ved nye byggeprosjekt). Og vidare at det vert sett av tilstrekkeleg med tid/ressursar til god brukarmedverknad både i planleggings- og utføringsfasane i nye prosjekt.

Og kanskje den viktigaste forventninga mi;

- at sektorleiar/ kommunalsjef vert rekruttert m.a. basert på godt dokumenterte leiarevner og -erfaring. Det vil krevje solid kompetanse og uthaldande ståpå-vilje for å lukkast med leide ny sektor gjennom sjølve «oppstartsfasen», men også i fortsettinga over i ein «normal»-driftsfase med forventa god driv og fornøgde tilsette.

Ambisjonane i forslaget er høge og intensjonane er gode - eg ser fram til den vidare prosessen!

**Innspill 2:**

Mye pjatt om kompetanseutvikling. Bullshit? Hvis de mener med alvor med pjattet må det omsettes i handling. Hvis ikke må avsnittet slettes. Noe annet er å holde oss for narr. «Kompetanse» er bare tomme ord jeg hører om i forbindelse med dokument som dette. Jeg har aldri sett eller hørt noe til denne påskrytte «kompetanseutviklingen» så lenge jeg har vært ansatt i kommunen – åtte år til høsten.

Med helsing

**Øivind Semb**
*hovedtillitsvalgt*
*NITO bedriftsgruppe Volda kommune*

www.nito.no

Innspel fra DELTA ang administrativ organisering:

Forslaget til administrativ organisering vart sendt ut på høring til alle Delta sine medlemmer og vi har fått fleire gode innspel/merknadar tilbake innan fristen.

Nokre av merknadane er blant anna at det vert relativt store sektorar som skal jobbe innanfor eit veldig breidt spekter. Alt fra reint praktisk arbeid til administrativt kontorarbeid. Med så store sektor så vil det vere viktig at det er ein sektorleiar/administrasjon som har tid og evne til å fylgje opp alle fagavdelingane, noko som er ei svært krevjande oppgåve. Då er det viktig med god informasjonsflyt utan at det vert auke i det administrative arbeidet.

Det er positivt at ein har mykje ressursar samla, men utfordrande med relativt lang avstand mellom dei ulike faga, noko som lett vil føre til prioriteringskonflikter.

Det bør vere ei eiga linje med «bustadtilsyn og feiing». Dette er eit sjølvkostområde som er i endring og ikkje bør blandast saman med redningstenesta.

Andre innspel som er lagt fram er at kommunikasjon og informasjon bør fortsette å ligge under ass.rådmann/servicekontor og ikkje under personalavdelinga som foreslått i høringsnotatet. Dette fordi det handlar også om informasjon utad til innbyggjarane/publikum.

Synest det er positivt at kultur er skilt frå service. Ungdomsklubben bør kome inn under oppvekst fordi det er der den høyrer heime. Leiar for klubben bør få meir støtte frå kollegaer som jobbar med barn/unge og då også truleg få større forståelse og gode råd når det er behov for dette. I tillegg bør ungdomssklubben lokaliserast til Volda Ungdomsskule som tidlegare er forslått. I ei tidlegare omorganisering vart det diskutert kvar ungdomsklubben skulle høyre til og då var eit av forslaga skuleavdelinga, men den gong var det viktig at ungdomsklubben låg under kultur (ungdomsskultur). No er det heilt andre forhold som rår og klubben bør overflyttast til oppvekst.

Innkjøpskoordinator bør flyttast frå økonomiavdelinga til ein eigen funksjon under ass.rådmann eller samhandlingsgrupper.

Husbanken sine ordningar med startlån og bustønad bør leggast til servicekontor eller eit eige bustadkontor.

Arbeid med grunnlagsdata i Komtek vedk kommunale avgifter og eigedomsskatt bør flyttast til sektor for samfunnsutvikling under eigedomsskattekontoret.

Så snart hovudstrukturen er vedtatt 20.03, så bør ein starte arbeidet med å byggje opp eit nytt firma i Agresso. Detet er eit omfattande arbeid og bør av hensyn til tidsplanen starte så tidleg som mogeleg.

Mange av medlemmane har også gitt tilbakemelding til meg om at dei ikkje har noko å bemerke til dennye administrative organiseringa.

Bodil Egset

HTV Delta

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no] Sendt: 26.03.2018 12:54:13 Til: Sonja Håvik Tittel: VS: Merknadar til ny organisasjonsmodell for Volda kommune. Fokus på kommuneoverlegefunksjonen

Denne bør også førast på saka om administrativ struktur – vedlegg til saka.


***Rune Sjurgard***
*Rådmann*

*Mobil 90053752*
*www.volda.kommune.no*


---

**Fra:** Arne Gotteberg
**Sendt:** onsdag 14. mars 2018 08:22
**Til:** Torhild Bøen <torhild.boen@gmail.com>
**Kopi:** Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>
**Emne:** Merknadar til ny organisasjonsmodell for Volda kommune. Fokus på kommuneoverlegefunksjonen

Hei Toril!

Ut frå lang erfaring vil eg spele inn følgjande synspunkt frå kommuneoverlegen i samband den uttale du Torhild skal avgi på vegne av Dnlf

- Sektorane og avstanden til sektorleiing og sentraladministrasjon blir svært stor. Ein må difor gjere tenestevegane målretta og effektive
- Kommuneoverlegefunksjonane i ei interkommunal ordning (felles for mange kommunar) KAN forsterke dette, men KAN ha mange positive
  og rekrutterande resultat, som til dømes eit kompetent fagmiljø. Spesielt må ei felles interkommunal kommuneoverlegeeining ha støttepersonell innanfor miljøretta helsevern
  og smittevern
- Den nye organisasjonsmodellen må tilpassast slik at kommuneoverlegen i ei interkommunal ordning framleis kan vere verdfull rådgjevar
  og ressursperson for sentraladministrasjonen, rådmannen og dei ulike sektorane Den kommuneoverlegen som skal ha ansvaret for Volda kommune må ha faste kontordagar på rådhuset
  og vere med i aktuelle og relevante møtefora og utviklingsarbeid, herunder vidareføre betydeleg engasjement i samhandlingsarbeidet opp mot Helse Møre og Romsdal HF og Volda sjukehus
- Rådmannen og helse og omsorgssjefen sitt notat av 16.09.2016: «Kommuneoverlegen – funksjonsskildring og delegering» må gjelde i den nye organisasjonsmodellen for å sikre at kommuneoverlegen har to tenestevegar og – på visse områder - eit sjølvstendig mynde:
  Ein fagleg tenesteveg til sektorsjef «Helse og Velferd» (for oppgåver under Helse og Omsorgstenesteloven) og ein til rådmannen (for oppgåver under Folkehelseloven»
- Forslaget til samhandlingsgrupper under rådmannen er spanande og KAN bli eit viktig element i den nye organisasjonsmodellen. Kor verdfulle desse samhandlingsgruppene blir avhenger av gode premisser for deira arbeid. Leiing og kva og kven dei skal rapportere og «levere» til må utgreiast. Kommuneoverlegen og samfunnsmedisinsk arbeide må forankrast og komme sterkt fram innanfor gruppa «Førebyggjande/folkehelse»

Med beste helsing og lukke til med vidareutviklinga innanfor den nye organisasjonsmodellen


***Arne Gotteberg***
*Kommuneoverlege Volda og Ørsta*
*kontor: helseavdelinga i Volda rådhus*
*Tlf 70 05 87 00/41660124*
arne.gotteberg@volda.kommune.no

Den norske legeforening Hornindal 08.03.18
Olav Maurset
Tillitsvalgt Hornindal

**Til fellesnemnda for Volda og Hornindal kommune og andre relevante nemder og konsulentar.**

Kommentar til planlegging av helse og omsorgstenester i nye Volda kommune.

.
Det er 2 senter med med slike tenester .Eit stort senter i Volda og eit mindre senter på Grodås.

Vi har i dag nokså komplette tenester innan dette området i Hornindal/ Grodås . Nedslagsfeltet til Grodås som sentrum har blitt noko større både mht skule og helse pga Kvivsvegen og samanslåing med Volda sidan deler av Austefjorden kan og vil ta imot tilbod på Grodås.Dette gjeld både skule og helse/omsorg.Vi ser det som nødvendig å beholde og styrke dei ressursane som allereie er bygd opp på Grodås i nært samarbeid med tilsvarande tenester i Volda og i tråd med politiske føringar.Vi ser det som samfunnsøkonomisk og styrking av livskvalitet å ha tilbod innan desse områda så nær brukarane som råd.

A. Forebyggande helsetilbod

På Grodås har vi helsehus der lege,fysioterapeuter,helsesøster og frisklivssentral er samlokalisert.
Dette er profesjonar som bør ha eit tett samarbeid for å møte tida sine utfordringer med både kurativ og ikkje minste forebyggande helsetenester innan livstilssjukdomar.
Samlokalisering er ein stor fordel for rask behandling og lett kommunikasjon mellom faggruppene.

Dessverre har det forebyggande arbeidet vore forsømt i mange år Livstilsjukdomar har stort sett vore forsøkt beh.med piller som har mindre effekt enn livsstilsintervensjon.
For å redusere behovet for pleie og omsorg hos eldre er det viktig å starte arbeidet med å forebygge livstilsjukdomar som slag,KOLS, diabetes muskeleskjelttplager ,beinskjørhet og ,diabetes på tidleg stadium.Inngangsporten til å fange opp desse går oftast via fastlegen som gjer nødvendige utgreiingar og henviser vidare til fysioterpeut og frisklivssentral.
Dette samarbeidet på Helsehuset meiner vi å sjå gode resultat av.
Når vi veit at ein sjukeheimsplass koster 900000 kr pr år så er det mykje å spare på å hindre eller forsinke behovet for slike tenester.

Dette arbeidet må gjerast lenge før pasienten treng pleie og omsorgstenester;då er det stort sett for seint å forebygge .Då blir det meir fokus på tilrettelegging og andre velferdsordningar.

Dersom nye Volda kommune vil være «ei framtidsretta kommune med førebyggande perspektiv som eit viktig verkemiddel for eit bærekraftig helse og velferdstilbod i kommunenen» (sitat frå fellesnemnda) så bør det satsast meir på slike tenester som eg har nemnt ,på Grodås og i Volda. Vi meiner vi har fått til ei god plattform og organisering av dette arbeidet på Grodås..Dette må vidareførast og styrkast i framtida.

B:Legetenesta

Vi har 2 legar i Hornindal som også har ansvar for kommunale oppgåver som tilsyn sjukeheim,smittevern,miljøretta helsevern og helsestasjon.
Vi har pr i dag bra kapasitet uten ventetid sidan kommunen har teke grep i tide slik at kommunen har unngått fastlegekrisa og rekrutteringsproblemet som andre kommuner slit med.Vi har som nemnt eit godt tverrfagleg samarbeid også med pleieomsorgstenestene.
Vi ser ein fordel i at fastlegen i bygda er sjukeheimslege slik at pasienten er godt kjent av legen gjennom heile livsforløpet .Vi har også ordning med at fastlegen som ikkje er sjukeheimslegen kan følge opp sine eigne pasienter på sjukeheimen f.eks i terminalstadiet dersom ønskeleg. Dette er ein god ordning for pasient og pårørande.Dei 2 legane er også gjenisidig vikarer for kvarandre .
Helstestasjonslegen som også er fastlege er samlokalisert med helsesøster og dei har eit godt og nært samarbeid om barna.
Denne organiseringa ser vi som fagleg god og bør vidareførast.
Vedr. smittevern og miljøretta helsevern ser vi det som naturleg å finne felles løysingar med den kommunale helsetenesta i Volda.
Den kurative legetenesta i Hornindal har ein del pasienter frå randsonene til kommunen og har ca 200 fleire pasienter enn det bor i Hornindal i dag.Dette tilfører kommunen ca 80000 i ekstra inntekt pga procapita tilskotet. Nedslagsfeltet til legetenesta kan også være Austefjorden og Bjørke der vi har ein del pasienter allereie siden avstanden er kort.
Pr. i dag har vi kapasitet til å ta av oss pasienter frå Austefjorden .Begrensande ressurs er personal/helsesekretær som er blitt redusert samtidig som fastlegelistene har auka.Dette må etterkvart justerast.Helsesenteret er dimensjonert for inntil 3 leger dersom det i framtida skulle bli aktuelt.
Daglegevakt 8-16 må og kan vi oppretthalde i nye Volda Kommune med 2 leger i Hornindal.
Mht fastlegeopprøret og behovet for meir legeressursar i framtida så må vi ha eit samarbeid med legane i Volda vedr. fordeling av kapasitet. Behovet for meir legeressursar no er nok I Volda.

‘

C.Psykiatritilbod.

I Hornindal vart ei 50% stilling som psykiatrisk sjukepleiar dessverre fjerna frå budsjettet i 2016.Her ser vi no moglegheiter til å få gode løysingar på plass i samarbeid med den kommunale psykiatritenesta i Volda.

D:Legevakt.

Hornindal blir ein del av legevakta i Volda/søre sunnmøre utanom kontortid frå 01.01.2020
Avtalen med Nordfjordkommunane må då seiast opp.
Vedr. ambulansetenesta .Det må avklarast med Helseforetaket vedr. kven som skal serve Hornindal.

E:Vedr IT

Legekontoret i Hornindal bruker Infodoc plenario legeprogram som er rasjonelt og effektivt.
Dette ønskast vidareført . Infodoc er no serva frå Nordfjordnett/Måløy.
Infodoc vil gå over i skyløysing frå 2018 modulvis og fra 2020 skal alt være over i komplett skyløysing i samarbeid med Micorsoft .All support og drift og vidlikehold utanom lokal maskin blir frå Infodoc A/S slik at kontaktpunktet i Måløy blir borte
Det blir då ingen praktiske problem med bytting av server og drift frå kommunen sin side.
Med e-melding og elektronisk samhandling er det ingen tekniske eller faglege problem om legekontoret/legevakt i Volda nyttar anna system .

Olav Maurset
Kommunelege i Hornindal
Tillitsvalgt for lokal legeforening

**OS 21/18 Tannhelseteneste**

**OS 22/18 Haustfest**

**OS 23/18 Orientering frå kontrollutvala i Hornindal og Volda**

# 1. Bakgrunn for oppdraget

Hornindal og Volda kommunar skal verte ei ny kommune 1.1.2020. Kommunen skal heite Volda. Kommunen vert organisert med kommunalsjef for helse og omsorg. Med unntak av helsestasjonstjenester (opplæring og oppvekst) vert det meste av helse- og omsorgstjenester samla i helse- og omsorg.
Prosjektleiar for den nye kommunen vil ha synspunkt frå ekstern konsulent på kvaliteten , behovet og tilbodet i helse og omsorgstenestetilbodet i dei to kommunane i notid og framtid.

# 2. Informasjon til tilbydar.

## 2.1. Oppdragsgjevar.

Nye Volda kommune. *(Hornindal kommune og Volda kommune)*

## 2.2. Kontaktpersonar.

- Helse og omsorgssjef, Volda, Svein Berg- Rusten
- Einingsleiar Omsorg, Hornindal, Ragnhild Aarflot Kalland
- Einingsleiar Helse, Hornindal, Mary Ann Espe
- Prosjektleiar i Nye Volda, Rådmann i Volda, Rune Sjurgard
- Rådmann i Hornindal, Ann Kristin Langeland

## 2.3. Fristar.

Siste frist for mottak av tilbodet er *...dato og klokkeslett……………….*
Tilbydarar som leverer etter tidsfristen vert avvist.
Tilbydar har sjølv risiko for at tilbodet kjem fram innan fristen.
Tilbodet skal leverast til *……………. Adresse………*
Tilbodet skal merkast;
*«Analyse av kvalitet, behov og tilbod i helse- og omsorgstenestene i Hornindal og Volda i notid og framtid»*
Tildeling av kontrakt;
- Kontrakt er planlagt inngått straks.

**Presentasjon av tilrådingar og ferdig rapport innan***……………… dato….*

## 2.4. Format/struktur.

Følgjande dokumentasjon skal inkluderast i tilbodet:

- ✓ Tilbodsskjema
- ✓ Kompetanse
- ✓ Referanse til tilsvarande arbeid

Tilbodsdokumentasjon skal leverast komplett, ein kopi i elektronisk format og ein kopi i papirformat, innsett i ringperm A4-format. Systematiseringa i den elektroniske og papirversjonen skal vere den same. Prisskjema skal vere i Excel- format.

### 2.5. Tilbodet skal tydeleg merkast med.

Selskapet sitt namn
Postadresse/Leveringsadresse/Besøksadresse
Kontaktperson; Namn, Telefon, E-postadresse

## 3. Omfanget av oppdraget.

- Tek utgangspunkt i forslag til ny sektorinndeling i Nye Volda.
- Viser til intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda kommunar;
  -og bed om innspel på kostnadseffektive tenester med god kvalitet som sikrar at innbyggarane får rett teneste på rett nivå til rett tid.
- Kultur og forventning på tenestenivå!

***Innanfor eldreomsorga: Vekting mellom heimebaserte tenester og døgn/ institusjonstenester.***

- Anbefalt dekningsgrad av døgnbaserte tenester, inkludert også vurdering i høve lokasjon(Grodås – Volda).
- KAD/ ØHD, både somatikk og rus-/ psyk, vurdere forventa kapasitetsbehov og lokaliseringsløysing.
- Dimensjonering av sjukeheimslegeressurs, anbefaling, samanlikning og løysingsforslag.
- Vurdere demografiske utfordringar/ framskrivningstal i forhold til kapasitet og kvalitet, skissere løysingar som sikrar kostnadseffektive løysingar for å bu heime så lenge som råd, også for dei som bur lengst frå sentrum.
- Vurdering av samla nattevaktsressurs, kompetansebehov og forsvarlege løysingar samla og innan dei ulike tenesteområde.

***Kartlegging av situasjon, samanlikne, vurdere og kome med anbefalingar innanfor ulike tenesteområder.***

- Vurdere kompetansenivået i samsvar med kravet til tenesteyting/ forsvarlegheit og om ein nyttar tilgjengeleg kompetanse rett.

- Rett kompetanse – og er den på rett plass? Er det kompetanse ein manglar no og i framtida? Har ein god nok oversikt på kva kompetanse ein faktisk har og korleis denne vert nytta?
- Heiltidskultur.
- Turnusplan /bemanningsplanar/ kompetanse

***Re/Habiliteringskompetanse, vurdere behov, organisering, samhandling og prioritering av ressursbruken (bruk av samla tenesteressurs).***

- Tenestetrapp og tilgjengelege tenester. Kvardagsrehabilitering, førebyggande heimebesøk.
- Hjelpemiddel og andre tiltak som viktig strategi for å kunne bu heime så lenge som råd. Korleis optimalisere tenesta?
- Fysio- og ergoterapiteneste, inkludert kurativ teneste.

***Folkehelse og førebyggande perspektiv.***

- Vurdere behov for teneste, råd og tips til ei framtidsretta kommune med førebyggande perspektiv som eit viktig verkemiddel for eit bærekraftig helse- og velferdstilbod i kommunen.
- Vurdere kva kommunane  samla har av tilbod, inkl. dimensjonering og om/ korleis ressursane optimalt kan nyttast.

***Kommunal legeteneste.***

- Vurdere samla fastlegeressurs, kapasitet og utnytting.
- Sjå på organisering av offentleg legeteneste, kome med innspel og vurderingar for ei samordna teneste i ny kommune.

***Terskel og utmåling av tenestetildeling, tildelingskontor.***

- Organisering, standardar og utmålingar, kome med råd og tips for samordna løysing i Nye Volda.
- Koordinerande eining

***Bu- og habiliteringstenester for utviklingshemma.***

- Sjå på tenestestruktur og vurdere dimensjonering på ei framtidig teneste, spesielt også arbeids- og dag-/ sysselsetjingstilbod innanfor området.

***Vurdere ulike servicetenester.***

- Varmmatsproduksjon, vurderingar og råd for framtidig matproduksjon.
- Vask av privattøy til bebuarar og alternativt leige eller eige og vaske tilsette sine uniformer.
- Utkøyring av hjelpemiddel, køyring av brukarar til og frå dagsenter m.m.

***Vurdere grep for betre ressursutnytting. Kvar kan/ bør ein gjere grep for å utnytte ressursane best mogleg?***

- Gje råd til organisering av helse- og omsorgstenestene i Nye Volda som vil fremme effektivitet og kvalitet og ta naudsynte omsyn til framtidige utfordringar.
- Vurdere samla behov for tenester, førebygging, habilitering/rehabilitering, pleie? Kva er behovet og korleis samsvarar dette med tilgjengelege tenester og tenestetrappa?

**Samla sett innanfor helse- og omsorg kome med tilrådingar på områder ein bør kunne hente ut synergieffektar av samanslåinga av dei to organisasjonane.**

***Innføring av velferdsteknologi:***

- Vurdere korleis Nye Volda bør satse på innføring av velferdsteknologi for å sikre best mogleg tenester, der både driftsperspektiv og i brukarperspektiv vert vektlagt.
- Nye Volda om fem år, korleis nyttar ein velferdsteknologi i tenestene for helse- og velferd?

***Vurdere stab /støtte funksjonar.***

- Kartlegge, vurdere og gje råd om bruk av Ikt og merkantile ressursar.

## 4. Dagens organisering i Hornindal kommune.

### A. Hornindal Helse

Sektor helse er organisert slik: (Vedlegg organisasjonskart, inkl. årsverk).

### B. Hornindal Omsorg

Sektor omsorg er organisert slik: (Vedlegg organisasjonskart, inkl. årsverk).

## 5. Dagens organisering av Helse- og omsorg Volda kommune.

Sektor helse og omsorg er i dag organisert slik: (Vedlegg organisasjonskart, inkl. årsverk).

## 6. Forventing til tilrådingar

- Synleggjere korleis ein kan få ei kostnadseffektiv og fagleg forsvarleg drift med bakgrunn i intensjonsavtalen mellom dei to kommunane.
- Synleggjere kostnadsfaktorar, behov og ressursbruk pr. dato og forventa utfordringar fram i tid.
- Gje råd på korleis den nye kommunen best kan bygge opp og nytte velferdsteknologi som viktig del av tenesteytinga, både med tanke på interne strategiar, tenestetildeling og drift, men også med eit viktig brukarperspektiv.
- Rapporten skal bidra til å skape forståing for kva grep/strategiar den nye kommunen må ta for stette framtidige behov på ein berekraftig måte.

## 7. Tildelingskriterier

Anskaffelsen vert gjennomført i henhold til lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli foretatt etter prosedyren frivillig kunngjøring, (evt invitasjon til 3/4/5 deltakarar for å sikre konkurranse i marknaden).

Etter at tilbod er motteke vert det vurdert om leverandørane tilfredsstiller kvalifiseringskriteria i konkurransegrunnlaget. Dei leverandørane som ikkje tilfredsstiller kvalifiseringskriteria vil ikkje kome med vidare i konkurransen.

Det vil verte gjort ei evaluering av tilboda til dei leverandørane som vert kvalifisert. Ved denne kjøpsforma, kan det ikkje gjennomførast forhandlingar om tilboda. Det kan berre gjennomførast samtalar for å oppklara eventuelle uklarheiter eller for å få tilleggsinformasjon.
Tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det mest fordelaktige tilbodet, der det er teke omsyn til følgjande kriteria:

- ✓ Tilbydd pris 40 %
- ✓ Kompetanse og røynsle frå tilsvarande oppdrag ( referanseoppdrag) 60%

### 7.1 Modell for prising

Avtale: Vi bed om pris for gjennomføring av oppdraget. I tilbodet må det ligge eit anslag på timebruk, inkludert reise og opphald.
Tilbodet må inkludere omtale av metode og omfang av analyser som er tenkt gjennomført.

### 7.2 Timepris

Det skal og gjevast timepris for arbeid utanom avtale. Meirverdiavgift skal vere spesifisert i tilbodet.

**7.3 Betalingsvilkår**
Fri fakturamånad + 30 dagar, faktura skal ikkje innehalde noko form for gebyr eller tillegg.

**7.4 Krav til kompetanse**
Tilsette har dokumentert høgare utdanning innan relevante fagfelt, samt svært god kompetanse innan kommunale helse og omsorgstenester.

**7.5 Kvalitetsikringssystem**
Tilbydar skal gjere greie for sitt kvalitetssikringssystem i verksemda.

**7.6 HMS**
Tilbydar skal gjere greie for sitt HMS-system i verksemda.

**7.7.Firmapresentasjon**
Det skal gjerast greie for leverandøren si selskapsform og eigarstruktur, namn på dagleg leiar, fagområde som firmaet dekkjer. Firmaattest skal leggast ved.

**7.8 Erstatningssaker/tvisteforhold med tidligare oppdragsgjevarar**
Kort informasjon om eventuelle erstatningssaker og tvisteforhold med tidligare oppdragsgjevarar som har enda i forliksråd, ordinære domstolar elled voldgiftsretten i løpet at dei siste 3 år.
Namn på oppdragsgjevar, årsak og resultat av konfliktar.

**7.9. Skatteattestar**
Attestar som stadfestar at leverandøren har oppfylt sine plikter m.o.t betaling av trygdeavgifter, skatt og avgift i samsvar med lovgjeving.

**7.10 Rekneskap**
Det skal leggjast ved kopi av rekneskap for siste 3 år.

**7.11. Atterhald**
Oppdragsgjevar tek atterhald om rett til å avlyse konkurransen dersom sakleg grunn, jf. Lov om offentlige anskaffingar og tilhøyrande forskrift, ligg føre.